


LINDÅS PROSJEKTET

RAPPORT NR. 21


Lars Bastesen

**Befolkningsutvikling i
Lindås prestegjeld
1801 - 75**

Bergen 1976/1979



**NORGES
ALMENVITENSKAPELIGE
FORSKNINGSRAD.**



BEFOLKNINGSUTVIKLING I
LINDÅS PRESTEGJELD 1801-75.

AV

LARS BASTESEN.

LINDÅSPROSJEKTET

1979

Avhandlingen ble innlevert som hovedoppgave i historie ved Universitetet i Bergen høsten 1976.


Forfatteren har senere foretatt endringer i teksten og tabellene. Nye figurer er blitt tegnet av Siri Kaland og Jan Lien.

Red.

INNHALD:

INNLEIING	s. 1
<u>KAP. I. Befolkningsutviklinga i Lindås 1801-75 jam-</u> <u>ført med tida før og etter og med omlandet -</u> <u>kort om den sosiale og økonomiske utviklinga</u> <u>i perioden.</u>	s. 2
Perioden 1801-75 samanlikna med tida før og etter.	s. 2
Kort om den generelle befolkningsutviklinga på 1800-talet.	s. 4
Befolkningsutviklinga i Lindås jamført med omlandet.	s. 5
Kort om den økonomiske og sosiale utviklinga i Lindås 1801-75. Befolkningsutviklinga i dei ulike sokn.	s. 14
Jordbruk og jordbruksproduksjon.	s. 16
Fisket.	s. 18
Yrkesstrukturen.	s. 20
Utviklinga i jordbruket 1801-75.	s. 23
Føremålet med arbeidet.	s. 27
<u>KAP. II. Oversyn over befolkningsutviklinga i Lindås</u> <u>1801-75. Presentasjon og vurdering av dei</u> <u>viktigaste folketeljing- og kyrkjeboksdata.</u>	s. 28
Vurdering av dei viktigaste folketeljings- og kyrkjeboksdata.	s. 33
<u>KAP. III. Den naturlege befolkningsveksten.</u>	s. 44
A. Nataliteten	s. 47
Faktorer som påverkar nataliteten.	s. 47
1. Fertiliteten.	s. 51
a). Familierekonstitusjonen.	s. 53
b). Den ekteskapelege fertiliteten.	s. 53

2. Nuptialiteten.	s. 57
a) Korrelasjon mellom nuptialitet og natalitetsutviklinga.	s. 57
b) Den relative nedgang i talet på 2. gongsgifte.	s. 63
c) Utviklinga av giftarmål mellom gutar og jenter.	s. 76
Bakgrunn og føresetnader for giftarmål mellom gutar og jenter.	s. 76
Befolkningsstruktur og giftarmålsmonster for gutar/jenter.	s. 85
B. Mortaliteten.	s. 94
a) Generell og aldersspesifikk mortalitetsutvikling 1801-75.	s. 94
b) Bakgrunn for endringane i mortaliteten.	s. 99
<u>KAP. IV. Flyttingane.</u>	s. 110
Nettoflytting.	s. 110
Omfanget av flyttingane - minimumsflytting.	s. 113
Kullhistorisk analyse og minimumsflytting.	s. 115
Geografisk fordeling av flyttingane.	s. 119
Oppsummering.	s. 123
KONKLUSJON	s. 125
NOTAR	s. 128
KJELDER OG LITTERATUR	s. 131
TABELLAR	s. 132
FIGURAR	s. 134



INNLEIING:

Dette arbeidet skal gå inn som ein del av eit tverrfagleg forskningsprosjekt, Lindåsprosjektet. Eg fekk innafor dette prosjektet tildelt oppgåva å kartleggja befolkningsutviklinga i tida etter 1801. Når undersøkinga tek til nettopp i 1801 skuldast det at E. Thomassen i eit tidlegare arbeid "Befolkningsutvikling i Lindås 1660-årene til 1801" har tatt for seg utviklinga fram til dette året. I 1801 hadde ein ei folketeljing slik at dette er eit høveleg utgangspunkt for ein demografisk analyse. Sluttstrek vart sett i 1875 etter samråd med andre på Lindåsprosjektet. Prestegjeldet vart delt i 1877 og i 1875 vart den siste folketeljinga halden før delinga. Vi fann det difor praktisk å avslutta undersøkinga her.

Paralellt med arbeidet mitt har andre innafor Lindåsprosjektet granska den sosiale og økonomiske utviklinga i Lindås på 1800-talet. Frå deira arbeid vil eg få ein god del materiale gratis som eg vil nytta i oppgåva. Det betyr ikkje at eg har som siktemål å drøfte forholdet mellom økonomi og befolkning, men at eg kjem til å nytta data frå den sosiale og økonomiske utviklinga som forklaringsbakgrunn til befolkningsutviklinga.

KAPITTEL I.

Befolkningsutviklinga i Lindås 1801-75 jamført med tida før og etter og med omlandet - kort om den sosiale og økonomiske utviklinga i perioden.

Som utgangspunkt for undersøkinga skal vi prøve å setja befolkningsutviklinga i perioden inn i ein større samanheng. På basis av folketeljingsresultat vil vi jamføra befolkningsutviklinga i perioden med tida før og etter og med omlandet. Vidare skal dette kapitlet gje ein presentasjon av området med kort oversyn over den sosiale og økonomiske utviklinga i perioden.


Perioden 1801-75 samanlikna med tida før og etter.

Tab. 1.1 syner folketeljingsresultata for alle teljingane i Lindås frå 1660 til 1910. Eg har her tatt med den årlege befolkningsveksten mellom kvar folketeljing. Utviklinga er grafisk framstilt i fig. 1.I.

Tabell 1.1. Befolkningsauke i Lindås 1660-1910. Absolutte tal og årleg auke.

Å r	1660	Auke %p.a.	1701	Auke %p.a.	1769	Auke %p.a.	1801	Auke %p.a.	1815	Auke %p.a.
Folketal	2907	+0.08	2812	0.2	3402	0.4	3779	0.7	4203	1.1
Å r	1825	Auke %p.a.	1835	Auke %p.a.	1845	Auke %p.a.	1855	Auke %p.a.	1865	Auke %p.a.
Folketal	4645	1.6	5368	1.0	5925	0.9	6480	1.0	7102	0.9
Å r	1875	Auke %p.a.	1890	Auke %p.a.	1900	Auke %p.a.	1910	Auke %p.a.		
Folketal	7748	0.8	8773	0.1	8878	0.4	9203			

PERSONAR



Her ser vi at det skjedde noko verkeleg drastisk med befolkningsutviklinga på 1800-talet. Tida før 1800 var prega av stagnasjon og før 1700 hadde ein jamvel ein reell tilbakegang i folketalet, medan ein etter 1800 og særleg etter 1815 fekk ein sterk og jamn auke, som vara mest heilt fram til hundreårsskiftet. Den totale auken i folketalet var berre ca. 30% på dei 140 åra frå 1660 til 1801. I dei 75 åra som følgde var auken på meir enn 100%. Innafor denne 75-års bolken ser ein at auken var sterkast i tida 1816-45 og svakast først og sist i perioden. Stort sett hadde ein jamn og sterk auke i folketalet fram til 1890. Tidsbolken fram til 1900 er prega av stagnasjon og då folketalet tok til å stiga att i tida 1900-1910 var denne auken på eit mykje lågare nivå enn den ein hadde før 1890. Historisk sett var altså den aktuelle perioden prega av ein sterk befolkningsvekst.

Kort om den generelle befolkningsutviklinga på 1800-talet.

Ser ein på Noreg generelt auka folketalet i landet med 105% i perioden 1801-75 (mot Lindås 109). Denne auken kom som i Lindås særleg etter 1815. Dei første 10 åra etter 1815 var auken nokså jamn over heile den norske landsbygda. Men frå ca 1840-åra fekk vi ein større variasjon i befolkningsutviklinga. Indre variasjonar skapte store endringar i det relative folketal mellom dei ulike distrikt. Den sterke befolkningsauken hadde i mange bygder med einsidig næringsliv sentrert omkring jordbruk og fedrift ført til jordmangel og sviktande næringsgrunnlag. Samstundes var dei tradisjonelle bynæringane, handel og sjøfart i stor framgang. Saman med ei spirande industrialisering førte dette til at folk reiste frå bygdene til byen for å finne seg eit levebrød. Fisket var og ei næring i kraftig ekspansjon, og dei rike fiskeria på 1800-talet skaffa levebrød for mange. Dette gjorde at Nord-Noreg fekk ein sterk auke i folketalet. Ein viktig faktor som ein må nemna i denne samanheng er

utvandringa til Amerika. Den tok til for fullt i 1830-40 åra og var særleg sterk etter den amerikanske borgarkrigen. Utvandringa slo etter kvart sterkt ut på befolkningsveksten i landet (tilv. 1856-65, 1,3% p.a. mot tilv. 1866-75, 0,64% p.a.). Det var berre Irland av dei europeiske statane som hadde eit relativt høgare utvandrartal enn Noreg.

Så langt om den generelle utviklinga, vi skal no sjå korleis Lindås passa inn i dette biletet og jamføra befolkningsutviklinga i prestegjeldet med andre områder i den landsdelen det høyrer inn under.

Befolkningsutviklinga i Lindås jamført med omlandet.

I tabell 1.2 har eg samanlikna befolkningsutviklinga i Lindås med to sentrale Vestlandssentra, S. og N. Bergenshus. Eg har og teke Bergen by med. Bergen var det naturlege sentrum for desse to amta og dessutan den einaste byen av nokon særleg storleik i området. Grunnen til at eg har teke Bergen med i denne tabellen er at byvoksteren på ulike vis vil ha innverknad på befolkningsutviklinga i omlandet. For å få større perspektiv over utviklinga har eg gått ut over perioden og teke med folketeljingane i 1890 og 1900.

Tabell 1.2 syner at Lindås har hatt ein sterkare vekst i heile perioden sett under eitt enn dei to amta. Skilnaden til S. Bergenshus er rett nok ikkje stor, men ein ser klart at frå ca 1855 og utover mot 1890 var veksten tydeleg svakare i amtet enn i Lindås. I forhold til N. Bergenshus er skilnaden meir markert. Veksten i N. Bergenshus er svakare gjennom heile hundreåret og skilnaden forsterkar seg di lenger ein kjem ut i perioden. Når det gjeld Bergen by har den ei nesten motsett befolkningsutvikling til landdistrikta. I første del av hundreåret hadde byen relativt svak og ujamn vekst, medan den mot slutten av perioden opplevde ei nesten eksplosiv auke i folketalet, som ikkje kan ha si årsak i noko anna enn ei sterk innflytting.


INDEKS

FIG. 1.II

BEFOLKNINGSUTVIKLING 1801-1910

Lindås og Vestlandet

Indeks



Tabell 1.2. Bef. utv. på 1800-talet. Lindås jamført med Bergen og dei to Bergershusamta.²⁾

	1801	1815	1825	1835	1845	1855	1865	1875	1890	1900
Lindås	3779	4203	4645	5368	5925	6480	7102	7748	8773	8878
S. Bergershus	60820	65085	74787	85704	93214	102816	110704	116401	128213	135752
N. Bergershus	52601	55826	63789	70776	77978	81496	86803	86108	87552	88984
Bergen ^{x)}	19318	17927	22136	24220	24999	27739	30402	39271	53684	72251
Lindås	100	111	123	142	158	172	188	205	232	235
S. Bergershus	100	107	123	141	153	169	182	191	211	223
N. Bergershus	100	106	121	135	148	155	165	164	167	169
Bergen	100	93	115	125	129	144	154	203	273	374

^x Her er 1877-grensene nytta for Bergen.


INDEKS

FIG. 1. III


BEFOLKNINGSUTVIKLING 1801-1900

Lindås og eit utval Vestlandsbygder.

Indeks



INDEKS



Tabell 1.3. Bef.utv. på 1800-talet. Indre og ytre bygder. indeks. (1801 = 100).

	1801	1815	1825	1835	1845	1855	1865	1875	1890	1900
Lindås	100	111	123	142	152	172	188	205	232	235
Finnås	100	109	130	150	167	204	215	203	230	233
Kinn	100	106	124	134	165	197	251	253	268	268
Etne	100	116	137	155	171	181	185	176	165	148
Ullensvang	100	111	126	140	154	166	170	164	160	158
Luster	100	106	129	150	170	163	156	139	126	115

Tabell 1.4. Bef.utv. i eit utval av Nordhordlandsbygder jamført med Lindås 1801-1900.

	1801	1815	1825	1835	1845	1855	1865	1875	1890	1900
Lindås	3779	4203	4645	5368	5925	6480	7102	7748	8773	8878
Fjell	1508	1402	1589	1845	1971	2242	2557	2745	3185	3385
Manger	3506	3767	4459	4810	5321	6142	6848	7328	8268	8780
Hosanger	2403	2562	2986	3208	3493	3850	4120	4318	4284	4359
Haus	3191	3531	3977	4761	5085	5524	6291	6828	8256	9296
Lindås	100	111	123	142	158	172	188	205	232	235
Fjell	100	93	105	122	131	149	170	182	211	224
Manger	100	107	127	137	152	175	195	209	236	250
Hosanger	100	111	125	135	145	160	171	180	178	181
Haus	100	111	125	149	159	173	197	214	259	291

Tabell 1.2 syner til dels det eg var inne på i den generelle vurderinga av befolkningsutviklinga på 1800-talet. At i siste halvpart av hundreåret stagnerte folketalet i store deler av landdistrikta, medan byane hadde sterk vekst. Vi ser dette klart i tilhøvet mellom Bergen og N. Bergenhus. Bergen har sterk vekst etter 1850 og folketalet i N. Bergenhus viser stagnasjonstendensar alt i 1840-åra. For S. Bergenhus er dette mindre klart og Lindås viser ikkje noko teikn på stagnasjon i folketalet før i 1890. Kan dette ha noko med at Lindås låg ute med havet og dei fleste bygdene i N. Bergenhus var indre fjord- og fjellbygder? Eg har tidlegare vore inne på at fisket var ei næring i stor framgang på 1800-talet, og at fisket skaffa levebrød for mange. Spela så fisket nokon viktig rolle på Vestlandet i førre hundreåret? Til det må vi svara klart ja. Frå 1808 til 1875 hadde Vestlandet rike innsig av vårsild, og vårsildfisket gav gode inntekter for kystbøndene.

I tabell 1.3 har eg teke for meg eit utval av havbygder og jamført befolkningsutviklinga i desse med eit tilsvarende antal fjord- og fjellbygder. Dei havbygdene eg har teke med, hadde spesielt rike sildefiskeri, Finnås i Sunnhordland, i 1850-60-åra, og Kinn særleg i 1860-åra. (Søra- og Norafisket). Dei tre fjordbygdene har eg teke frå Sunnhordland (Etne), Hardanger (Ullensvang) og indre Sogn (Luster). Tabellen syner klart at det er stor skilnad i befolkningsutviklinga i dei ytre havbygdene og fjordbygdene på 1800-talet.

Befolkningsauken var mykje sterkare i dei ytre strok. I fjordbygdene stagnerar folketalet i 1860-70-åra (indre Sogn tidlegare), for så å minka fram mot hundreårsskiftet. Finnås og Kinn har og ein periode med stagnasjon i folketalet på same tid som fjordbygdene, Finnås har jamvel tilbakegang, men folketalet i desse to bygdene tok til å auke att fram mot 1890 før folketalet stagnerte slik som i Lindås.

Det er verdt å merka seg at den første stagnasjonen i folketalet kjem samstundes med at vårsildfisket tok slutt. På same måten ser ein at folketalet i Kinn aukar svært sterkt akkurat i dei rikaste sildeåra. Dette skulle tyda på at fiskeria har vore av avgjerande betydning for den sterke folkeauken i kystdistrikta. For vårsildfisket gjaldt dette og til ei viss grad fjordbygdene. Vårsildfisket hadde ein del å seia for fjordbygdene i Sunnhordland og Hardanger, medan det hadde lite å bety for indre Sogn. Dette kan nok vera med å forklara at fjordbygdene i Sunnhordland og Hardanger får stagnasjon i folketalet seinare enn i indre Sogn og at denne fell saman med stoggen i vårsildfisket.

Som vi ser syner befolkningsutviklinga i Lindås stor likskap med den vi hadde i Kinn og Finnås, sterk befolkningsvekst som heldt seg heilt fram til slutten av hundreåret. Men Lindås skil seg ut ved at veksten i folketalet er svært jamn, ein får t.d. ingen reaksjon på stoggen i vårsildfisket. Var så Lindås ei typisk havbygd der fisket var den dominerande næringa? Eller hadde bygda andre næringar som kunne skaffa levebrød til den veksande folkemengda? For å kunne svara på dette må eg gå nøyare inn på nærings- og yrkesstrukturen i bygda. Men før eg gjer dette skal eg sjå litt på befolkningsutviklinga i Lindås samanlikna med det næraste omlandet, grannebygdene i Nordhordland.

I tabell 1.4 har eg jamført befolkningsutviklinga i Lindås på 1800-talet med eit utval av Nordhordlandsbygder. Her er både "indre" og "ytre" bygder representert. Fjell og Manger låg ute med havet medan Hosanger og Haus var fjordbygder i indre Nordhordland. Ser vi på tab. 1.2 og samanliknar den totale veksten i folketalet med amtet, ser vi at Lindås, Manger og særleg Haus har hatt sterkare vekst enn gjennomsnittet for amtet, medan Fjell ligg omtrent likt,

og Hosanger har ein klart svakare vekst enn amtet. Vi ser at Fjell har sterk vekst i siste halvpart av hundreåret, og årsaka at den totale auken i folketallet ikkje er større, er den svake veksten først på 1800-talet. Kriseåra 1801-15 slo endå ut med tilbakegang i folketallet. Manger har ei nesten identisk utvikling til Lindås. Skilnaden er at folketallet i Manger ikkje stagnerar etter 1890. I tabell 1.3 såg vi at det som var særmerkt for havbygdene i høve til dei som låg lenger inne i landet, var at folkeauken heldt seg oppe heilt til slutten av hundreåret. Det same ser vi for havbygdene i Nordhordland bortsett frå at ein her ikkje har noko mellombels atterslag i folkeauken i samband med stoggen i vårsildfisket. Fjell og Manger syner heller ikkje stagnasjon i folkeauken i slutten av perioden. Men korleis er det med dei indre fjordbygdene i Nordhordland, syner dei ei tilsvarande svak vekst til det vi såg i fjordbygdene i tab. 1.3? Her ser vi at Haus og Hosanger, som har eit svært likt naturgrunnlang har ei totalt ulik befolkningsutvikling. Hosanger hadde den svakaste auken i folketallet totalt sett av desse Nordhordlandsbygdene, med stagnasjon og tilbakegang i 1870-åra, medan Haus har den sterkaste auken i folketallet. Og denne auken kom særleg i slutten av hundreåret. Bakgrunnen for denne auken finn ein i den sterke byvoksteren i siste halvpart av 1800-talet (jfr. tab. 1.2). Næringslivet i Bergen var då i stor framgang noko som førte med seg ei rekkje industrietableringar i distriktet rundt byen. Storparten av den industrien ein hadde i amtet før hundreårsskiftet fann ein i grannebygdene til Bergen, Fana, Askøy, Hamre og Haus. Første industriverksenda i Haus var Arne Fabrikker som vart starta alt i 1846, og ved hundreårsskiftet hadde Haus (Haus, Bruvik) bortimot 1000 industriarbeidarplassar. Det tilsvarande tal for Hosanger var 60. I Hosanger var ikkje veksten i folketallet like svak over heile prestegjeldet. Det var særleg dei avstengde og isolerte bygdene inst i Osterfjorden, Modalen og Eksingedalen som drog ned. I Lindås og Manger var det ingen industri før århundreskiftet. 3)

Korleis verka då den sterke byvoksteren på omlandet? Vi har sett at den gav ringverknader i form av industri i dei næraste grannebygder. Men hadde den ellers noko å seia for utviklinga i bygdene i Nordhordland? Skal ein døma etter befolkningsveksten i området synes det ikkje som om utflyttinga til Bergen har vore særleg stor, i alle fall ikkje før 1890-åra. Det synes heller som om byvoksteren har stimulert næringslivet i Nordhordland. Noko som ikkje er så urimeleg når ein tenkjer på at byen gav eit stort og nært marked for både jordbruks- fiske- og husdyrprodukt. Den gav dessuten sesongarbeid av ulike slag, som kunne vera ei kjærkomen attåttnæring for mange Nordhordlandsbønder. Det er ikkje for ingen ting vi har uttrykk som søtmeis og surmeis, potefiske- og bygningsstril alt etter kva funksjon strilen hadde i høve til Bergen. Kva rolle Lindås spela i denne samanheng skal eg koma nærare inn på når eg tar for meg nærings- og yrkesstrukturen.

Oppsummering:

Lindås hadde altså ein sterkare befolkningsvekst enn dei to Vestlandsamta under eitt. Vi har sett at det var eit typisk trekk at dei ytre bygdene på Vestlandet hadde ein sterkare befolkningsauke enn dei indre og at folketalet stagnerte på eit seinare tidspunkt i havbygdene. Fiskeridistrikta synes å gje rom for sterkare befolkningsauke enn fjorddistrikta som i større grad var avhengige av jordbruket. Vi har og sett at bygdene rundt Bergen hadde ein sterk befolkningsvekst som ein følgje av innverknader frå byen. Kva byvoksteren hadde å seia for Lindås har vi ennå ikkje klarlagt.

Kort om den økonomiske og sosiale utviklinga i Lindås 1801-75.
Befolkningsutviklinga i dei ulike sokn.

Vi har tidlegare i dette kapittelet oppfatta Lindås som ei havbygd der fisket var den viktigaste næringa. Men er dette

rett? Og i så fall gjaldt det heile prestegjeldet? At fisket var viktigaste næringa for fiskeværet Fedje, er greitt nok, men var fisket hovednæringa også i fjordbygda Sandnes? Det var nokså stor skilnad i naturforholda innafor prestegjeldet. Sandnes og Myking inst i prestegjeldet hadde skog og fjell ,medan dei ytre sokna, Feie og Austrheim, var prega av låge, lyngkledde øyar. Var det så nokon skilnad i befolkningsutviklinga på 1800-talet i dei ulike sokn? Finn vi innafor prestegjeldet eit slikt indre/ytre forhold som vi såg i tabell 1.3? Tabell 1.5 syner befolkningsutviklinga på soknenivå gjennom heile 1800-talet. Her ser vi at utviklinga var forbausande lik i dei ulike sokn i heile den aktuelle perioden. Berre Fedje skil seg ut med ein sterkare vekst. Men folketalet her er såpass lågt at det er vanskeleg å samanlikna med dei andre sokna. Vi ser at det var først etter 1875 at vi fekk noko skilje i utviklinga i dei ulike bygder, og det var først etter 1890 at ein ser noko klart skilje mellom ytre og indre bygder. Den stagnasjonen i folketalet ein då fekk, råka ikkje dei ytre bygdene. Men innafor den perioden eg skal undersøkje, 1801-75, er altså utviklinga nokså lik i dei ulike delar av prestegjeldet. Korleis var så utviklinga i dei ulike næringane, og kva betydning hadde dei for dei ulike delar av prestegjeldet? Vi skal først sjå litt på jordbruket.

Tab.1.5. Bef.utv.i Lindås 1801-1900. Dei ulike sokn. Tot./indeks.⁴⁾

	1801	1815	1825	1835	1845	1855	1865	1875	1890	1900	
Absolutte tal	Lindås	645	714	752	918	997	1089	1224	1331	1326	1412
	Myking	722	846	950	1111	1201	1284	1369	1496	1676	1600
	Lygra	551	588	675	736	846	961	996	1110	1298	1313
	Sandnes	992	1074	1178	1336	1480	1653	1844	2025	2351	2250
	Austrheim	739	874	906	1051	1167	1255	1387	1473	1694	1793
	Feie	131	134	189	216	234	238	282	313	428	510
Indekstal	Lindås	100	111	117	142	155	169	190	206	206	219
	Myking	100	117	132	154	166	178	190	207	232	222
	Lygra	100	107	123	134	154	174	181	202	236	238
	Sandnes	100	108	119	135	149	167	186	204	237	227
	Austrheim	100	118	123	142	158	170	188	199	229	243
	Feie	100	102	144	165	179	182	215	239	327	389

Jordbruk og jordbruksproduksjon.

Vi har sett at folketalet i Lindås fordobla seg på 1800-talet. Heldt så jordbruksproduksjonen og husdyrproduksjonen følgje med den sterke befolkningsauken?

Tab 1.6 gjev oppgåver over husdyrhald, utsæd og nettoavling pr. innbyggjar. Her ser vi at husdyrhaldet gjekk ned særleg mot slutt en av perioden. Denne nedgangen betydde neppe ein relativ reduksjon av husdyrproduksjonen, då den må sjåast i sammenheng med mindre svelteforing frå ca 1860-åra av. Lenns-mannsberetningane, 1860-80, fortel om høgare slaktevekt og aukande melkeytingar⁵⁾. Også kornutsæden gjekk ned relativt sett, men på grunn av større avlingar auka produksjonen⁶⁾. Elles ser vi at utsæd og produksjon av poteter auka sterkt i perioden. Totalt sett synes såleis både jord og husdyrproduksjon å halda tritt med folkeauken. Var så bygda sjølforsynt med mat?

Til det må ein svara nei. Den store mangelvara i bygda var korn. Kornforbruket var stort og kornproduksjonen i bygda var ikkje stor nok til å dekkja behovet- ein god del korn måtte kjøpast i Bergen. Presten Angell skreiv i ein rapport til Regjerings-kommisjonen av 1809 at han rekna med at bygda hadde bruk for ca. 11300t.korn og poteter årleg og at ein kunne skaffa omtrent halvparten ved eigen produksjon.⁷⁾ Og i ei innberetning til amtmannen i slutten av 1840-åra seier presten Daae om korn-behovet...."selv i gode Aaringe er det saare faa som avler mere Korn end de selv behøve å forbruke, hvorimed en stor Deel, ja vel maaske Støsteparten må købe et større eller mindre Kvantum".⁸⁾ Kornbehovet minka nok relativt sett ein del i slutten av periô-den. p.g.a. den store potetproduksjonen. Eit større forbruk av poteter gjorde at ein kunne bruka mindre korn i kosthaldet. I perioden 1866-70 var den årlege nettoavlinga av korn på ca. 6400t., medan importen låg på omtrent 3000t.⁹⁾ Importbehovet var såleis berre 1/3 av forbruket i 1866-70, mot halvparten i 1809.¹⁰⁾ Likevel måtte bygda kjøpa ein god del korn og det betydde at ein måtte ha noko å selja. Hadde så Lindås overskot på andre jordbruks-og husdyrprodukt som kunne eksporterast? Vi har vore inne på at potetproduksjonen var stor og Lennsmannsberetninga 1851-55 fortel at bygda ikkje berre var sjølforsynt med poteter, men eksporterte "een ikke ubetydelig Deel til Bergen."¹¹⁾ Den same beretninga fortel om sal av kjøt og andre husdyrprodukt til Bergen Og husdyrhaldet var stort. Amtmannsberetninga

Tab. 1.6. HUSDYRHALD - UTSÆD - NETTOAVLING pr. innbyggjar1701/23 - 1910 12)

Å R	FOLKETAL	BUSKAP			UTSÆD ^{e)}		NETTOAVLING ^{e)}	
		STORFE	SMÅFE	KYRLAG ^{d)}	KORN	POTETER	KORN	POTETER
1701/23 ^{a)}	2812	1,92	2,20	2,31	0,37	-	0,82	-
1801/03/ /09 ^{b)}	3779	1,42	2,13	1,77	0,31	0,12	0,86	0,36
1835	5368	1,17	1,86	1,48	0,25	0,21	0,75	0,83
1845	5925	1,10	2,36	1,51	0,27	0,28	0,82	1,11
1955	6480	1,15	2,85	1,63	0,32	0,32	0,94	1,28
1865	7102	1,05	2,83	1,52	0,30	0,43	0,90	1,72
1875	7748	0,88	2,51	1,31	0,27	0,42	0,95	2,10
1890	8773	0,78	2,09	1,13	0,20	0,52	0,72	2,58
1900	8878	0,66	1,88	1,05	0,16	0,47	0,55	2,35
1907/10 ^{c)}	9203	0,63	1,55	0,89	0,13	0,53	0,45	2,66

a) Folketeljing 1701 matrikkelutkast 1723

b) " 1801, jordavgift 1803 (storfe, småfe, utsæd)
rapp. til Ra. 1809 (utsæd).

c) Jordbruksteljing 1857, folket. 1910

d) 1 kyrlag = 1 ku = $\frac{1}{2}$ hest = 6 småfe = 2 grisar.

e) Tunner: Korn 139 l. Poteter 1,6 hl.

1856-60 fortel at det var berre Kvam som hadde eit større husdyrtal enn Lindås i høve til folketalet. Dette galdt både storfe og småfe (Lindås 117 storfe pr. 100 m og 236 småfe pr 100 m) ¹³⁾. Når så forbruket av kjøt og husdyrprodukt var svært lågt i bygda, må ein rekna med at eksporten av slike varer til Bergen har vore nokså betydeleg. Distriktlækjar Krohn seier då og i si medisinalinnberetning i 1856: "Føden er dessverre mindre enn kraftig. Kjødet, Flesket, Smøret og Osten vandrer sikkert til Bergen for at kunde betale Skatter og erholde de første Nødvendigheds Artikke...". Med dette siste meinte han "... ikke ubetydelige Quanta Bygg, Rug eller i den senere Tiid Mais" ¹⁴⁾.

Ut ifrå dette synes altså eksporten av jordbruks og husdyrprodukt til Bergen å ha vore av ei viss betydning for bygda, men kor viktige inntektene av jordbruket var i høve til fisket synes vanskeleg å avgjera.

Vi skal no sjå litt på fisket si rolle, og de data ein har her er endå dårlegare enn for jordbruket, slik at nokon klar konklusjon på kor viktig fisket var, kan vera vanskeleg å koma fram til.

Fisket.

I dei fleste 1800-tals skifte frå Lindås finn ein at folk åtte naust, båt og fiskereiskapar uansett kor dei kom frå i prestegjeldet. Folk hadde kort veg til sjøen og dei fleste fiska i alle fall til eige bruk. Lensmannsberetningane fortel om mange gode kastevågar i prestegjeldet, og utanfor Fedje var det rike fiskebankar. Lensmannsberetningane fortel og om at folk frå Fedje selde fisk i Bergen og at dei også bytte fisk mot jordbruksvarer i Sogn. Ellers vert ofte sommarsildfisket nemt som ei viktig inntektskjelde for prestegjeldet.

Men det fisket som dominerte på Vestlandet på 1800-talet var som eg før har vore inne på vårsildfisket. Det gav stort økonomisk utbyte og let seg dessutan godt kombinera med jordbruk, då det gjekk for seg på ei tid av året då det var lite å gjera med gardsbruket.

Dei store vårsildinnsiga kom inn til Vestlandet i 1808 og vara fram til 1870. Etter den tida var innsiga små og ubetydelege. I den første tida fram til ca 1845 kom innsiga nokså jamt over heile Vestlandskysten, i 1850-åra var det Sunnhordland og Karmøy som hadde dei store innsiga og i 1860-åra heldt silda seg særleg ved Kinn og Batalden (søra- og norafisket).

I Lindås kom det fram til midten av 1840-åra jamne innsig til Fedje. Då samla folk i frå heile prestegjeldet seg på Fedje, og dei som var frå dei indre distrikta tok inn hjå strandsitjarane i fiskeværet. Husleiga betalte "innfjord-ingane" anten med jordbruksvara, som dei hadde lite av på Feie, eller trevara, etter semja med huseigarane ¹⁵⁾. Kor viktig var så vårsildfisket for Lindåsingane? Om dette uttalar formannskapet i 1843: ".....Skulde foressten den Almæktige efter sin Viisdom finde for godt at tage Vaarsilden bort fra disse Kyster, da ser denne Egn i sandhed en mørk Fremtid imøde, hvis ikke vore Kyster velsignes med andre indbringende Fiskeri, thi Gaardene ere saa smaa at de fleste ikke have mere af dem en hva som behøves til den daglige underholdning og alt hva som utfordres til skatter og andre udredslar maa tages af Søen og Vaarsilden har næsten ene været det Fiskeri som har brakt noen Forteneste" ¹⁶⁾.

Vårsilda vart borte frå Nordhordland eit par år etter at denne uttalelsen var skreven. Så etter den tid måtte Lindåsingane ut av distriktet på "søra" og "nora" fisket dersom dei ville ha sild. Det synes ikkje å ha vore mange frå

Lindås som tok del i "Sørafisket" (iflg. lensmannsberetningane ca 50 årleg i tida 1850-60), medan langt fleire reiste på "Norafisket", ca 400 årleg i 1850-åra. Fiskarteljinga frå vårsildfisket 1868 syner at det var med 745 mann frå Lindås. Totalt sett var det berre Manger i heile Nordhordland som hadde fleire mann med. Relativt sett utgjorde desse 745 i underkant av 40% av heile den mannlege befolkninga i prestegjeldet mellom 15 og 70 år. Dette skulle tyda på at vårsildfisket var svært viktig for Lindås og ein kan lura på kva for konsekvensar stoggen i vårsildfisket fekk for bygda. Fekk ein krise og masseutvandring eller fann folk alternative inntektskjelder? Som vi har sett tidlegare i dette kapittelet førte ikkje stoggen i vårsildfisket til nokon markert stagnasjon i folketalet. Folketalsauken heldt seg på eit relativt høgt nivå enno nokre 10-år. K. Sjurset seier om dette: "..... I fjordbygdene og midtbygdene hengde dei sjøbruket opp og tok til med jorda" "..... Dei indre sokn i Lindås slo seg på jordbruk, havbygdene slo seg på sommasildfisket og Nordlandsfærder."¹⁷⁾

Yrkesstrukturen.

Kan vi så seia noko meir eksakt om yrkesstrukturen i prestegjeldet? Kor utbreidd fiske og andre næringar utanom jordbruket var? Vi kan kanskje få svar på desse spørsmåla av folketeljinga i 1875. Den gjev ganske utførlege opplysningar om yrke og næring. Men kor påliteleg er desse opplysningane? I instruksen til folketeljinga heiter det: "Personens Livsstilling bør angives efter deres væsentlige Beskæftigelse eller Næringsvei med Udelukkelse av Benævnelser der kun betegne ytre Egenskaber. Forener Skatteyderen flere Beskæftigelser, der kunne annsees som væsentlige, bør han oppføres med dobbelt livsstilling, idet hans viktigste Erhvervskilde sættes først f.eks. Gaardbruker og Fisker, Skibsreder og Gaardbruker osv. Forøvrig bør stillinger oppgives saa bestemt, spesielt og nøyaktig som mulig."

Dersom denne instruksen hadde vorte følgd, skulle ein få eit godt bilete av yrkesstrukturen. Men er den følgd? Det ser av og til ut som om yrke utanom jordbruket er utelatt. Eg har t.d. funne familieforsørgjar med 5-6 sauer og ein liten åkerlapp oppført berre som husmann med jord. Det er vel nokså klart at ein mann ikkje kan forsørgja ein familie av inntekter han har av ein slik liten plass. Når han så heller ikkje er oppført som "Fattigunderstøttet" synes det å vera klart at hovudyrke hans ikkje er oppgjeve. Dei oppgåver som teljinga gjev over yrker utanom jordbruket synes difor å måtte oppfattas som minimumstal, og det dei først og fremst kan fortelja oss, er om fordelinga av dei ulike yrker innafor prestegjeldet. Eg skal og sjå bort frå hoved/attåt-yrke, då kriteria som ligg til grunn for denne distinksjonen synes å variera. Alle strandsitjar-leiglendingar på Feie er t.d. ført opp som "Fisker og leilending", medan ein leilending i nabosoknet med eit tilsvarande stort bruk er nesten konsekvent ført opp som "Gardbruger, Leilending og Fisker". Eg ser derfor bort frå hovud/attåtyrker og registrerer berre yrke utanom jordbruket.

Vi skal først sjå på kva teljinga seier om fiske. Fiskarane finn ein som ein skulle venta i havbygdene Feie og Austrheim. På Feie er heile 85% av den vaksne mannlege befolkninga (15 og 70) oppført som fiskarar, medan den tilsvarande prosenten for Austrheim er 17. I Myking og Lygra er berre eit par mann oppgjevne som fiskarar, talet for Sandnes og Lindås er noko høgare 17 og 28 eller 3% og 6%. Desse tala tyder på at fisket vart viktigare di lengre ein kom ut mot kysten, og at inne i fjordane hadde fisket mindre å seia som attåt-næring. Eit interessant poeng med denne teljinga er at ho vart halden medan vintersildfisket i Nord-Noreg gjekk for seg. Det gjer at ein kan registrera kor mange som var med på dette fisket frå prestegjeldet. I alt var 32 mann registrerte som Nordlandsfiskarar og 2/3 av desse var frå Austrheim. Berre 5 frå Feie var med og det synes som om folk her

mest var opptatt med heimefiske for sal til Bergen, medan det var fiskarar frå Austrheim som reiste ut av distriktet på fiske (ca 1/3 av alle registrerte fiskarar var på Nordlandsfiske). Alt i alt var det registrert 210 mann i prestegjeldet som dreiv med fiske. Det er vel rimeleg å tru at dette talet er for lågt, men teljinga skulle gje ein indikasjon på den relative betydninga av denne næringa i dei ulike sokn.

At fisket var det viktigaste yrket utanom jordbruket var noko som ein hadde rekna med, men at heile 110 mann er registrert som bygningsmenn, kan kanskje synast litt rart. Men det var ikkje vanlege bygdehåndverkarar det her var snakk om, det var ikkje i bygda dei først og fremst fann marknad for sine tenester, men i Bergen. Både Amts- og lensmannsberetningane kan fortelja om desse "byggningsstrilane". Dei hogg tømmeret sjølv, frakta det til byen og sette opp husa. Den sterke byvoksteren frå 1850-åra og utover skaffa dei nok arbeid. Bygningsstrilane kom stort sett alle frå dei indre sokna, Sandnes og særleg Myking. I desse to sokna og i delar av Lindås var det ein god del skog, og ein finn i det heile mange yrker som er knytt til skogen og vitnar om at skogen hadde ei viss betydning som inntekskjelde i desse stroka (sagbrukseier, langvedhugger, sagbruksarbeider, tømmerhogger, bøkker, båtbygger og tømmerfløter). Desse bygdene forsynte resten av prestegjeldet, som var snautt for skog, med trevarer og selde dessutan ein del ved og trevarer til Bergen (4-500 favnar årleg i 1860-åra).¹⁸⁾ Ifølgje lensmannsberetninga 1856-60 hadde 75 brukarar trevarer for salg medan 118 var sjølforsynte.

Attåtyrker knytte til jordbruk og husdyrhald finn ein i dei indre og midte sokn. Det kan vera yrke som "garver", "skinnbereder", "møller" og ein 10-12 mann som dreiv med slakte- og fehandel. Desse er og nevnt i lensmannsberetningane. Dei kjøpte opp slaktefe hjå bøndene og selde det i Bergen.

I det heile viser dei indre bygdene eit langt større mangfald når det gjeld attåtyrke. I dei ytre stroka er dei fleste knytt til fisket utanom jordbruket. Medan dei indre bygdene kan visa til ei rekkje ulike handverk som "maler", "dreier", "baker", "urmaker", "glassmaker" osv., så finn ein berre to typer håndverk i ytrebygdene nemleg skomaker og smed. Eit viktig attåtyrke i havbygdene tidlegare i perioden hadde vore notbinding eller "leigehamp" som det vart kalla. Det var det omtrent slutt på i 1875, berre nokre få gamle kjerringar sysla framleis med dette. Det kunne vore interessant å visst kor utbreidd dette var tidlegare i perioden, men folketeljingane før 1875 gjev svært dårlege opplysningar om yrkesstrukturen og nøyer seg stort sett med å definera kva forhold folk hadde til jord.

Alt i alt var det 570 mann som var registrert med yrke utanom og i tillegg til jordbruket. 199 av desse familieforsørgjarar og av desse var det berre 27 eller ca 13% som ikkje dreiv jordbruk i ei eller anna form. Vi ser altså at dei fleste med familie var knytt til jordbruket. Korleis har så den sterke folkeauken i perioden verka inn på jordbruket. Vi skal til slutt sjå litt nærare på dette.

Utviklinga i jordbruket 1801-75.

Auken i jordbruksproduksjonen skulle tyda på at ein har hatt ein god del nydyrking i perioden, men nokon nye gardar vart ikkje rydda. Den auken i bruk som tabell 1.7 syner må altså vera eit resultat av bruksdeling. Talet på bruk auka med ca 40% i tida 1801-75. Den årlege auke var på 1.7 bruk p.a. 1801-45, 6.1 bruk 1846-55 og 2,5 bruk i perioden 1856-75. Vi ser at auken i talet på bruk var særleg sterk i tida 1846-55 før så å avta mot slutten av perioden. Talet på husmenn var heilt ubetydeleg i 1801 og det var særleg i slutten av perioden at denne gruppa tok til å veksa. Det kan synast som om husmannsplassen då i større grad vert eit

Tabell 1.8. Egedomstilhøve og brukstal 1801-og 1875¹⁹⁾

	1801		1875		1801		1875		1801	1875	
	Sjøl- eigar	Leig- lend- ing	Sjøl- eigar	Leig- lend- ing	S.i % av br.	L.i % av br.	S.i % av br.	L.i % av br.	Brukst.	Brukst.	auke i %
Lindås	80	30	136	20	73%	27%	87%	13%	110	156	42%
Lygra	75	28	133	13	73%	27%	91%	9%	103	146	42%
Myking	90	46	167	18	66%	34%	90%	10%	136	185	36%
Sandnes	67	68	157	25	49%	51%	86%	14%	135	182	35%
Austrheim	64	77	119	60	45%	55%	66%	34%	141	188	33%
Lindås prestegjeld	376	249	712	136	60.2	39.8	84%	16.0%	625	857	36%

Tab. 1.7. Auke i brukstal og talet på husm.pl. i tida 1801-75*)²¹⁾

	1801	1845	1855	1875
Talet på bruk	623	746	807	857
Brukst. ind.	100	120	130	138
Husm. m. jord	36	75	104	243
Husm. i % av brukst.	5,8%	10,1%	12,9%	28,4%

*) Fedje er ikkje teke med.

Tab. 1.9. Husm. m. jord. Totalt og i % av bruk.

	1801	1875	1801	1875
	antal	antal	I % av bruk	I % av bruk
Lindås	6	41	5.4%	26.3%
Lygra	3	30	2.9%	20.6%
Myking	6	35	4.4%	18.9%
Sandnes	11	85	8.1%	46.7%
Austrheim	10	52	7.1%	27.7%

alternativ til bruksdeling. Når det gjeld bruksstorleiken var gjennomsnittsbruket i Lindås på ca $1\frac{1}{2}$ skyldalar noko som var den vanlege bruksstorleiken i Nordhordland. Bruka var fordelt slik etter matrikkelskyld i 1870 ²¹⁾

24 sk. og u.	24 sk. 1 spd.	1-2 spd.	2-5 spd.	5-10 spd.	10-20 spd.	Sum
16	289	393	134	2	0	850

Bruka var minst ute med havet og størst i Sandnes sokn. I tabell 1.8 ser ein at bruksdelinga var sterkast i Lygra og Lindås og minst i Austrheim. Tabell 1.8 gjev og eit oversyn over eigedomstilhøva og her ser ein at det har vore store endringar. I 1801 var nesten 40% av brukarane leiglendingar. I 1875 var dette talet redusert til 14%. Særleg har overgangen til sjøl-eiga vore sterk i Sandnes og Myking, medan den har vore minst i Austrheim. På Fedje, var alle oppsitjarane leiglendingar, det var kjøpmann Kahrs som eigde all jorda, og på Austrheim hadde Haraldsen ein tilsvarande dominerande stilling, han eigde mest all leiglendingsjorda. Det var altså i havbygdene at leiglendingsvesenet framleis dominerte, medan det var omtrent avskaffa i dei indre bygdene.

Korleis fordelte så den sterke auken i husmenn seg på dei ulike sokn. I tabell 1.9 er gitt eit oversyn over talet på husmenn i dei ulike sokn. Her ser vi at auken i talet på husmenn var sterkast i Sandnes og Austrheim, nettopp i dei sokna der bruksdelinga var minst. Lite bruksdeling synes altså å ha ført til ein sterkare auke i talet på husmenn.

Hovudnæringane i Lindås på 1800-talet var altså jordbruk og fiske. I dei ytre stroka av prestegjeldet var fisket ei hovudnæring og skaffa dei fleste inntekter. Fisket, og då særleg vårsildfisket var nok viktig for dei indre bygdene også, og då særleg i første del av perioden. Etter kvart fekk sal av gardsprodukt meir å seia for dei indre og midtre bygdene, og etter at vårsildfisket tok slutt, fekk

fisket liten betydning for denne del av prestegjeldet. Viktigare her var andre attåtyrke som bygningsarbeid i Bergen. Bergen synes i det heile å ha spela ei viktig rolle som marknad for varer og tenester som Lindås kunne yta. Attåtyrke var viktig og jordbruket vart ofte dreve i kombinasjon med andre næringar. Dette må ein sjå i samanheng med at gardane var små og oppdelte og ofte ikkje åleine gav nok å leva av.

Elles ser ein at innafor Lindås finn ein ikkje eit skilje i befolkningsutviklinga mellom indre og ytre område slik vi såg for Vestlandet totalt og dels og for Nordhordland. Dette trass i store skilnader i næringsgrunlaget. Bakgrunnen for dette ligg vel mykje i det som er sagt ovanfor om attåtyrke: Sesongarbeid i Bergen har spela same rolle for folk i indre strøk som fisket gjorde for dei i ytre. Sjansane til å skaffa seg inntekter utanom jordbruket har vore like store i begge område.

At befolkningsutviklinga var så lik for alle sokna i perioden er viktig. Dette gjer det forsvarleg når vi går over til den demografiske analysen, å behandla heile prestegjeldet under eitt.

Føremålet med arbeidet.

Dette arbeidet har som føremål å kartleggja og forklara befolkningsutviklinga i perioden 1801-75. Viktig i denne samanheng er å undersøkje bakgrunnen for den sterke befolkningsveksten, kva demografiske faktorar som har påverka denne utviklinga, og kva konsekvensar veksten får for andre demografiske faktorar. Nøkkelomgrep her er giftarmålsutvikling og flytting. Elles skal vi sjå den demografiske analysen i relasjon til det som er sagt om den sosiale og økonomiske utviklinga. Endringar i det sosiale og økonomiske mønsteret vil i stor grad bli nytta som forklaringsbakgrunn til den demografiske utviklinga.

KAPITTEL II.

Oversyn over befolkningsutviklinga i Lindås 1801-75. Presentasjon og vurdering av dei viktigaste folketeljing- og kyrkjeboksdata.

Det viktigaste kjeldematerialet for å studera befolkningsutviklinga på 1800-talet er folketeljingar og kyrkjebøker. Folketeljingane gjev opplysningar om storleik og struktur av ei befolkning på eit gitt tidspunkt, medan kyrkjebøkene fortel om korleis dei ulike demografiske faktorar som fødsel, død, flytting og ekteskap har verka på utviklinga.

Tabell 2.1 syner resultata av teljingane i Lindås i perioden 1801-75. Fig.2,I syner denne utviklinga grafisk.

Her ser me at folketalet har auka sterkt, og meir enn fordobla seg på dei 75 åra som perioden spenner over. Studerar me fig.2,I ser vi at auken har vore svakast først i perioden, og sterkast i perioden 1826-35, men store skilnader finn ein ikkje. Auken har vore nokså jamn gjennom heile perioden. Korleis skal ein så forklara denne utviklinga?


Det er to faktorar som avgjer korleis ei befolkning skal utvikla seg. Den eine er differansen mellom fødde og døde, og den andre er tilhøvet mellom inn- og ut-flytte. Differanse mellom fødde og døde i ei befolkning kallar vi den naturlege tilveksten, medan vi kjem til den reelle tilveksten ved å korrigera den naturlege med flyttingar. Tabell 2.2 syner talet på fødde og døde i 5-års periodar 1801-75.

Tabellen viser at talet på fødde var større enn talet på døde i alle 5-års bolkar innanfor perioden. Minst var

PERSONAR

FIG. 2.1

BEFOLKNINGSUTVIKLING I LINDÅS
1801-75. Abs. tall.



Tab. 2.1. Folketalet i Lindås 1801-75.

1801	1815	1825	1835	1845	1855	1865	1875
3779	4203	4645	5368	5945	6480	7102	7748

Tab. 2.2. Fødde og døde i 5-års grupper 1801-75.

	1801 - 05	1806 - 10	1811 - 15	1816 - 20	1821 - 25	1826 - 30	1831 - 35	1836 - 40	1841 - 45	1846 - 50	1851 - 55	1856 - 60	1861 - 65	1866 - 70	1871 - 75
Fødde	609	594	594	701	690	717	787	758	920	904	1004	988	1032	1105	1205
Døde	533	368	391	397	441	485	537	572	558	603	542	546	621	497	654


Tab. 2.3. Fødde og døde pr. 1000 årleg 1801-75.

	1801-15	1816-25	1826-35	1836-45	1846-55	1856-65	1866-75	1801-45	1846-75	1801-75
Fødselsrate	29.0	32.1	30.0	29.7	30.5	29.7	31.1	30.4	30.4	30.4
Dødsrate	21.3	19.5	20.4	20.0	18.3	17.2	15.5	20.4	17.0	18.7

Tab. 2.4. Reell og naturleg tilvekst 1801-75.

	1801-15	1816-25	1826-35	1836-45	1846-55	1856-65	1866-75	1801-45	1846-75	1801-75
Reell tilvekst	424	442	723	557	555	626	642	2146	1823	3969
Nat. tilvekst	449	587	482	547	765	846	1161	2065	2772	4861
Reelltilv. årl. i %	0.7	1.1	1.6	1.0	0.9	1.0	0.9	1.0	0.9	0.9
Nat.tilv.årl.i%	0.8	1.3	1.0	1.0	1.3	1.3	1.6	0.9	1.4	1.1

PERSONAR



fødselsoverskotet i dei første 5-åra og særleg stort var det i slutten av perioden. Fig. II viser ei grafisk framstilling av tab. 2.2 og der ser ein klarare korleis fødselsoverskotet utvikla seg. Som ein ser har altså auken av føddevore mykje større enn auken av døde sett med absolutte tal. Det absolutte tal på døde var faktisk lågare i perioden 1866-70 enn i tida 1801-05. Dette tyder på at talet på døde viste ein sterk relativ nedgang i slutten av perioden. Og korleis var det med det relative talet på føddevore? Var det relative talet på føddevore større i slutten av perioden enn i byrjinga i og med at ein har hatt ein auke i talet på føddevore med bortimot 100%? For å få svar på desse spørsmåla må ein sjå på fødsels- og dødsratene dvs. det årlege antal føddevore og døde pr. tusen i perioden (tab. 2.3).

Tab. 2.3 viser at fødselsrata ikkje har endra seg noko særleg i perioden, ein relativ auke har den iallefall ikkje hatt. Dødsrata derimot har gått sterkt attende dei siste 30-åra. Vi ser altså at vi har hatt ein aukande naturleg tilvekst og då særleg i slutten av perioden på grunn av ei fallande dødsrate. Korleis er så forholdet mellom den reelle og naturlege tilveksten, eller med andre ord kva rolle har flyttingane spela for befolkningsutviklinga i perioden?

Tab. 2.4 viser den reelle og naturlege tilveksten i periodar, totalt og årleg i %. Her ser ein at den naturlege tilveksten har vore større enn den reelle i storparten av perioden. Bortsett frå 10-års bolken 1826-35 og 1836-45 har ein hatt overskot av utflytte. Eit relativt stort flytteeverskot i slutten av perioden heldt den reelle tilveksten på eit jamt nivå, trass i sterk auke i den naturlege tilveksten.

Eg har no presentert dei viktigaste kjeldene som skal nyttast i denne oppgåva, folketeljingar og kyrkjebøker i den aktuelle perioden og det er då rimeleg å spørja seg kor påliteleg dette materiale er. Kan ein lita på at dei data som her er

brukt gjev eit korrekt bilete av utviklinga? Dette spørsmålet skal eg ta opp til nøyare gransking i det følgjande.

Vurdering av dei viktigaste folketeljings- og kyrkjeboksdata.

Det vart ialt halde sju folketeljingar i perioden 1801-75, 1. febr. 1801, 30. april 1815, 27. nov. 1825, 29. nov. 1835, 31. des. 1845, 1855, 1865 og 1875. Bortsett frå 1801 og 1815 teljinga, vart teljingane haldne ved slutten av året, 1825 og 1835 teljinga ved slutten av kyrkjeåret, medan dei seinare teljingane gjekk ut frå kalenderåret. Når eg har jamført med kyrkjebøkene, har eg gått ut frå kalenderåret og delt inn i 10-års bolkar mellom folketeljingane. De to første periodane 1801-15 og 1815-25, har eg sett til å vera $14\frac{1}{2}$ og $10\frac{1}{2}$ år. Det at 1825 og 1835 teljinga er halden ved slutten av kyrkjeåret har eg ikkje teke omsyn til då utslaga vert svært små.

1801, 1865 og 1875 teljinga er nominative, medan dei andre er numeriske. Dei nominative teljingane gjev opp alder, namn, yrke, ekteskapeleg status og bustad i tillegg til ei rekkje andre opplysningar. I dei numeriske teljingane får vi berre vita storleiken på befolkninga, kjønnsfordeling og aldersfordeling i 10-års grupper. Dette at ein manglar namn og eksakt alder gjer at det er vanskeleg å avgjera kor pålitelege dei er. Sjansen for at folk vart utegløynde var nok større enn ved dei nominative teljingane, så ein skal ikkje sjå bort frå at dei gjev for låge tal. Elles er det verdt å merka seg at ein mann som Eilert Sundt, som arbeidde svært mykje med desse teljingane, rekna dei for å vera svært pålitelege. Han gjorde rettnok eit unntak for 1815-teljinga. Instruksen til denne teljinga var svært uklar, og for fleire prestegjeld manglar gruppa under 4 år. Dette var ikkje tilfelle for Lindås og samsvaret med kyrkjeboksmaterialet er relativt godt. Denne teljinga er likevel vanskeleg å bruka då befolkninga er inndelt i 8-års grupper og ikkje i

10-års grupper som dei andre numeriske teljingane. 1825 teljinga manglar for Lindås, der har ein berre summen av folketalet for dei ulike sokn og totalt for heile prestegjeldet. Desse to teljingane kan eg såleis berre gjera avgrensa bruk av.

Dei numeriske teljingane vert meir og meir utførlege. 1835-teljinga gjev opp folketalet på kvar matrikkelgard (dette galdt og 1825-teljinga) medan 1815-teljinga berre gjev opp folketalet på soknenivå. Ved jordbruksteljinga i 1839 vart det laga lister over alle bruk. Desse listene vart nytta ved folketeljingane i 1845 og 1855. Faren for å utelata ein heil huslyd vart mindre og desse to teljingane er rekna for å vera dei pålitelegaste av dei numeriske teljingane. Alt i alt trur eg ein kan rekna dei numeriske teljingane for å vera tilnærma korrekte for Lindås, det er i alle fall ingen ting som tyder på at dei gjev feile opplysningar.

Når det gjeld dei nominative teljingane, er desse lettare å kontrollera. 1801-teljinga skal eg ikkje kommentera i denne samanheng, da Erik Thomassen har undersøkt den og konkludert med at den er påliteleg når ein ser bort frå mindre summeringsfeil. Dei to andre nominative teljingane skal eg knyta nokre kommentarar til. I 1865-teljinga manglar eit ark, slik at 23 personar for garden "Sundsbo" er falt ut. For å fastslå alder og kjønn på desse, har eg brukt 1875-teljinga og kyrkjebøkene.

I 1875-teljinga har eg funne ei viss overregistrering. Dette fordi denne teljinga også opererar med fråverande under teljinga. Av dei som var ført opp som fråverande, fann eg 8 personar som var dobbelført og 6 personar som eg rekna som utflytt (5 av desse var i utenriksfart, medan den sjette var oppført som gullgravar i California). Dei som var dobbelført, var personar som oppheldt seg ein annan

stad innafor prestegjeldet enn heimstaden. Det var ikkje her snakk om ein feil i høve til teljingsinstruksen. Folk som oppheldt seg utanfor heimstaden, men innanfor prestegjeldet burde kanskje ikkje vore oppført som fråverande i det heile, då dette aukar sjansen for dobbeltføring. Likevel, dei feil som eg her har peika på er berre bagatellar som får lite å seia for teljingsresultatet. Det offisielle folketallet i Lindås i 1875 var 7760 medan eg kom fram til talet 7748.

Korleis praksis har vore i tidlegare teljingar når det gjeld fråvær under teljinga kan vera vanskeleg å avgjera. Mest rimeleg er det vel å sjå på denne rubrikken i 1875-teljinga som ei presisering, og at ein i tidlegare teljingar har gått ut frå at folk som var heimehøyrande i prestegjeldet skulle takast med i teljinga. Det faktum at eg ikkje har funne gifte menn eller kvinner som har mangla i 1801 og 1865 teljinga, skulle støtta eit slikt syn.

Til ein viss grad har eg vore i stand til å kontrollera 1865- og 1875-teljinga, iallefall om heile familiar var utegløynde frå desse teljingane. I perioden 1816-65 har eg plukka ut eit representativt utval på 400 gifte par og følgd dei og familien deira fram til 1875. Desse familiane har eg så leita opp i dei to teljingane. Det synte seg då at dei foreldrepara som ein kunne venta å finna, dvs. dei som ikkje var registrerte som utflytte eller ikkje var attfunnen i kyrkjeboksmaterialet, dei fann ein stort sett att. Barn under 13 år fann eg nesten alltid att hjå foreldra. I fattige og barnerike familiar hender det at ein ikkje finn att små barn. Det kan forklarast med at desse vart oppfostra hjå andre, då særleg hjå barnlause familiar, noko som eg har funne døme på fleire gonger. Det var nokså vanleg at barn tok seg teneste før dei var konfirmerte (iallefall i 1865). Barn og ugift ungdom over 13 år som ein ikkje

finn att hjå foreldra treng difor ikkje vera utegløynde, men kan enten vera uregistret utflytte eller dei kan vera i teneste hjå andre. Eg har ikkje undersøkt dette, då det ville vera eit svært tidkrevande arbeid. Arbeidet med familierekonstitusjon har likevel gjeve meg det inntrykk at desse teljingane er svært grundig og samvitsfullt utført.

Min konklusjon på folketeljingane vert då at dei gjev eit tilnærma korrekt bilete av befolkningsutviklinga.

Eg skal så kort kommentera den andre viktige delen av kjelde- materialet, kyrkjebøkene. Eg har nytta meg av prestebøkene for heile perioden 1801-75. Desse bøkene vart ført av presten og gav opplysningar for heile prestegjeldet. Ein hadde og klokkarbøker. Desse vart ført soknsvis og skulle vera ein kontroll på prestebøkene pluss at dei skulle vera ei sikring på at opplysningar ikkje kom bort dersom preste- bøkene skulle verta øydelagde.

Før ein går laus på å kommentera sjølve kyrkjeboksmaterialet, burde ein kanskje nemna eit par ord om dei som var ansvarlege for registreringa av dette materialet, nemleg prestane. Ein skal hugsa på at dei også var ansvarlege for folketeljingane. Kva slags personar dei var kan nok ha hatt ein viss innverk- nad på kvaliteten av det arbeidet dei gjorde. Dette er vel særleg aktuelt for han som var prest i den første delen av perioden, Arnold Meyer (1792-1815). Han leid nemleg av alvorlege sinnsforstyrningar, og det syner seg at kyrkje- boksmaterialet frå hans tid er det som verkar minst påliteleg. J.P. Hveding (1815-28) og H.L. Hjortøy (1828-37) synes å ha vore samvitsfulle i embetet sitt, iallefall er det ingen som har noko negativt å seia om dei. Det same kan ein seia om Christen Daae (1837-47) og Jacob Hveding (1847-90). Begge desse to hadde nær tilknytning til Lindås, Jacob Hveding var endå oppvaksen der og hadde eit grundig kjennskap til folk og miljø.¹⁾

La oss så sjå nærare på sjølve kyrkjeboksmaterialet. I perioden 1801-15 vart kyrkjebøkene ført kronologisk, utan å skilja dei ulike kyrkjelege handlingar. Flytting vart ikkje registrert og heller ikkje fødsel. Dei fødte vart ikkje registrert før ved dåpen, noko som gjorde det naudsynt å kontrollera alle døde under eit halvt år om dei var registrert som døypte. Heimedåp var vanleg, og p.g.a. store avstander og dårlege kommunikasjonar kunne det gå lang tid før ein heimedåp vart stadfesta i kyrkja. Kontrollen synte at eg måtte gjera eit tillegg i talet på fødte på ca 80 for heile perioden 1801-15. Dette talet kan synast høgt, men ein må ta omsyn til at barnedøden var svært stor i delar av denne perioden.

Etter at J.P. Hveding vart prest i 1815 fekk vi eit nytt system for kyrkjebokføring, der dei ulike kyrkjelege handlingar vart ført kvar for seg. Fødde vart registrert, og frå 1819 får ein og oppgåver over inn og utflytte. Denne reformen var eit resultat av eit reskript av 1812 som påbaud prestane å føra kyrkjebøkene på spesielle skjema, dette for å finna ein einsarta og påliteleg måte å føra kyrkjebøkene på. Kyrkjeboksmaterialet frå 1816-75 har eg fått høve til å studera relativt grundig under arbeidet med den før nemnte familierekonstitusjon. Mitt inntrykk er at opplysningar om dei reint kyrkjelege handlingar er svært pålitelege. Alle levande fødte er registrert, slik at ein er kvitt problemet med barnedød og fødselsregistrering. Folk som ikkje er heimehøyrande i prestegjeldet vert markert og ikkje talt med, likeeins blir folk som er heimehøyrande i prestegjeldet, men døyr eller blir døypt utanfor det, registrert i kyrkjebøkene. Rettnok finn ein ein god del summeringsfeil. Det hender svært ofte at fødte som er fødd i slutten av eit år blir oppført i fødselslista for året etter. Dette er ikkje noko problem for fødselsdato er alltid oppgjeven slik at ein kan retta på slike feil. Kyrkjebøkene har for ein stor del av perioden nytta kyrkjeåret, medan eg heile tida har nytta kalenderåret. Då eg har vore nøydd til

å telja opp fødde og døde for kvart år likevel, så har ikkje dette vore noko prblem.

Konklusjonen min vert då at kyrkjebøkene gjev korrekte opplysningar iallefall om dei reint kyrkjelege handlingar som fødsel/dåp og død/jordfesting, konfirmasjon og gifte. Når det derimot gjeldt flyttestatistikken eller avgangs- og tilganslistene som dei vert kalla, syner det seg at dei er svært ufullstendige. Denne delen av materialet vert vurdert nøyare seinare i oppgåva.

Vi skal no ta for oss aldersoppgåven i materialet. Desse vil i stor grad bli nytta i framstillinga og det er difor viktig å finna ut kor påliteleg dette materialet er.

Både folketeljingar og kyrkjeboksmaterialet gjev opplysningar om alder. Kor nøyaktige desse aldersoppgåvene er, varierar ein del, men i hovudsak kan ein seia at dei blir betre di lenger ein kjem ut i perioden.


Når det gjeld kyrkjebøkene, så gjev desse før 1816 opp alder berre for døde, medan ein etter den tid også får opplysningar om giftealder. Då får ein og oppgåver over fødselsdato. Tidlegare fekk ein berre oppgjeve dåpsdato, noko som gjorde at ein kunne få problemer med overregistrering av døde. Dette har eg gjort nærare greie for ovanfor. Frå 1867 gjev kyrkjebøkene opp fødeår og dato istadenfor alderen i fylte år. Dette gjev meir pålitelege oppgåver i og med at ein sikrar seg mot feil som kan oppstå når ein reknar ut alderen (omtrentlege og unøyaktige oppgåver, avrunding til næraste tiår, osb.).

I kyrkjeboksmaterialet blir alderen oppgjeven i fylte år, noko som ikkje er tilfelle med alle folketeljingane. Både 1801 og 1865 teljinga reknar alderen etter så mange år som dei ulike personar kjem til å fylla ved neste årsmålsdag.

Dvs. at hvis ein person er fylt 25 år og dermed går i sitt 26 år, så blir han oppført som 26 år. Deler ein inn i 5-års grupper vil såleis aldersgruppa 1-5 år i desse teljingane tilsvara gruppa 0-4 år dersom ein reknar med fylte år. Dei numeriske teljingane mellom 1815 og 1865 var alle rekna i fylte år. Som før nemnt er desse inndelt i aldersgrupper, storleiken på desse aldersgruppene varierer frå teljing til teljing. Teljingane frå 1835 og utover er inndelt i 10 års og delvis 5 års intervall, som gjer at dei kan jamførast med kvarandre. 1815 teljinga derimot er inndelt i 8-årsgrupper og kan såleis berre gjerast avgrensa bruk av. Når det gjeld den nominative teljinga i 1875, så gjev ikkje den opp alder, men fødeår.

Kor påliteleg er så desse oppgåvene? Eg skal ikkje her gje meg ut på nokon systematisk analyse av dette spørsmålet, men mitt hovudintrykk er at aldersoppgåvene i materialet synes å vera tilnærma korrekte, dette gjeld såvel folketeljingar som kyrkjeboksmaterialet. Visse modifikasjonar må ein likevel gjera.

Kontrollen av materialet er heller ikkje alltid like enkel. Då eg arbeidde med den før nemnte familierekonstitusjonen, fekk eg god kjennskap til aldersoppgåvene i kyrkjeboksmaterialet etter 1816, og i dei to siste folketeljingane i perioden. Der kunne ein i stor grad jamføra alder ved giftarmål med dødsalder og stundom med fødselsdato. Ein kunne og sjå korleis desse oppgåvene samsvara med aldersoppgåvene i folketeljingane 1865 og 1875. Dei numeriske teljingane er vanskelege å kontrollera fordi dei ikkje gjev opp data for ein-skildpersonar. 1801-teljinga, derimot, er lettare å få noko ut av. Rettnok har eg ikkje undersøkt ho så grundig som dei to siste teljingane, då eg ikkje har noko tilsvarande materiale å kontrollera med. Likevel, denne teljinga er nominativ og gjev opp alder for kvar person og kan difor gje fleire opplysningar enn dei numeriske teljingane.



Eg skal først kort kommentere folketeljingane. Fig. 2, III syner aldersfordelinga i 1801 i 5-års gruppen. Det som slår ein når ein ser på aldersfordelinga i denne teljinga er at det synes å vera svært mange personar i alderen 25-29, 35-39, 45-49 osv., og tilsvarande få i alderen 20-24, 30-34 osv. . Dette kan tyda på at ein hadde ein del avrundingar til næraste 10-år for aldersgruppene over 20 år. Dette er eit inntrykk som blir styrka når ein ser nøyare på aldersoppgåvene i teljinga. Her finn ein at det er eit mistenkjelig stort antal personar som er oppgjeven å vera 30 år, 40 år, 50 år osv. Eilert Sundt meinte å ha observert det same fenomen i dei numeriske teljingane²⁾. Han peika i tillegg på at desse avrundingane stort sett gjekk oppover i alder til næraste tiår og sjeldan den andre vegen.

Ei aldersinndeling i 10-års grupper, vil dempa ein slik feil monaleg for denne teljinga. Det at ein i 1801 reknar i fylte år gjer dessutan at avrundingar oppover ikkje gjev utslag. Ein slik feil kan og vera til stades i dei numeriske teljingane. Dette kan føra til at ein får for mange personar i dei eldre aldersgruppene. Kor stor betydning dette har i praksis er vanskeleg å seia, men ein må vel rekne at ein slik feil med inndeling i 10-års grupper stort sett vert jamna ut. Eit visst atterhald må ein likevel ta for denne feilen. Dette gjeld særleg for dei tidlegare teljingane i perioden og aldersgruppene i allefall over 30 år. For barn og ungdom synes aldersoppgåvene å vera meir nøyaktige noko som kan ha samanheng med at eitt år frå eller til alderen, vart opplevd som mykje viktigare for barn og ungdom enn for eit vakse menneske. Etter det ein veit om storleiken på fødselskulla 1780-1870³⁾ synes fig. III å gje rimeleg storleik på dei ulike 5-årskull i alderen 0-19 år.

At aldersoppgåvene for barn og ungdom er pålitelege er ei slutning eg dreg etter mi gransking av dei to siste folketeljingane i perioden, 1865 og 1875. Også her finn ein at alders-

oppgåvene for vaksne er meir omtrentlege. Ein finn tilfelle der alderen er oppgjeven både eitt, to og tre år feil. Men desse feila slår ut begge vegar. Det er her verdt å merka seg at dette galdt både 1865 og 1875 teljinga. 1875 teljinga gjev ikkje opp alder, men fødeår og ein skulle difor tru at desse opplysningane var korrekte. Når dei ikkje er det, skulle det tyda på at desse oppgåvene iallefall ikkje byggjer på nøyaktige opplysningar frå fødselsregistra i kyrkjebøkene, men at dei heller synes å ha framkome ved at ein med utgangspunkt i oppgjeven alder har rekna seg attende til fødeåret. Elles må ein vel seia at dei feil som her er nemnt hører til unnataka. I regelen er aldersoppgåvene i desse to teljingane nøyaktige for dei fleste personar i alle aldersgrupper. Dei feil ein finn er små og usystematiske, slik at utslaga vil bli minimale både ved ei aldersinndeling i 10 og 5-års grupper. Men når det gjeld dei tidlegare teljingane vil eg stilla meg skeptisk til å bruka ei finare aldersinndeling enn 10-års grupper for personar over 20 år.

I kyrkjebøkene finn ein dei same feila som i folketeljingane. Ein tendens til å runda av til næraste fem eller ti-år, når ein skal gje opp alderen på eldre menneske. Blant gifte har eg dessutan funne ein del døme på at alderen på dei to ektemakane er bytte om. Ein finn og ein del tilfelle der to tal som ligg tett opp til kvarandre er bytte om, at ein t.d. har skrive 54 istaden for 45 osv. Dette er og ein feil som særleg gjeld eldre menneske.

Eit heilt spesielt problem når det gjeld alder, er problemet dødfødde/levande fødde. Kven vert rekna som levande fødde, og skjedde det endringar i dei kriteria ein la til grunn for ei slik vurdering innafor perioden? I så fall ville ein få ei feilkjelde som ville verka inn på ein faktor som barnedøden og føra til at ein mistolka trekk ved mortalitetsutviklinga. Kva reglar som galdt og kva praksis som vart

følgd kan synast vanskeleg å avgjera. Det ein veit er at fra 1802 galdt den regel at barn som døde før dei var eitt døgn gamle skulle registrerast som dødfødde. Denne regelen synes å ha vore følgd i Lindås iallefall ut i 1860-åra, etter den tid kan ein finna 8-10 døde under denne alderen oppført som levande fødde. Eg har konsekvent nytta 1.døgns regelen gjennom heile perioden. Ei eventuell feilkjelde i samband med registreringa av levande fødde/dødfødde kan ein såleis sjå bort fra. Å bruka 1.døgns regelen vil nok verka inn på spebarndøden og trekkja den litt ned, men særleg store utslag er det neppe tale om her.

Som ein konklusjon på drøftinga av aldersoppgåvene kan ein seia at dei stort sett er tilnærma korrekte, men at ein del unøyaktige og omtrentlege oppgåver gjer at ein ikkje bør bruka ei altfor fin aldersinndeling når ein arbeider med dette materialet. Dette gjeld særleg folketeljingane før 1865 og då ialle høve 1801-teljinga. Vi har og sett at aldersoppgåvene for yngre menneske er mykje betre enn for eldre. Aldersoppgåvene bør altså ikkje brukast ukritisk.

KAPITTEL III.

Den naturlege befolkningsveksten.

I dette kapitlet skal vi ta den naturlege befolkningsveksten opp til nøyare gransking. Vi skal prøva å finna ut kvifor tilhøvet mellom fødde og døde utvikla seg slik som det gjorde, og kva underliggjande faktorar som verka inn på denne utviklinga. Kva rolle spela dei ulike demografiske faktorar med omsyn til den sterke befolkningsveksten? Giftarmålsutviklinga vil få ein sentral plass i framstillinga, då eg ser den som eit viktig bindeledd mellom befolkningsutvikling og sosial/økonomisk utvikling. Ei grundig undersøking av giftarmålsutviklinga vil kunne hjelpe til å sjå den demografiske analysen i eit større perspektiv.

Tab. 3.1 syner det årlege talet på fødde, døde og gifte i tida 1801-75. Denne tabellen er stor og lite oversiktleg og det er difor vanskeleg utifrå denne å trekkja konklusjonar på eit meir generelt plan. Når eg likevel har valt å ta den med her er det fordi den gjev eit detaljert oversyn over dei viktigaste grunnlagsdata for å studera den naturlege befolkningsveksten. Som ein seinare skal sjå, kan ein slik tabell vera svært nyttig når ein skal granska dei ulike demografiske faktorar nøyare. Men for å kort kunne rekapitulera utviklinga av den naturlege befolkningsveksten, skal vi gå attende til dei data eg presenterte i kapittel II, tab. 2.3 og 2.4.

Her såg vi at den sterke auken i folketalet i perioden stort sett skuldast ein høg naturleg tilvekst. Berre midt i perioden, i tida 1826-45 var den reelle tilveksten større eller like stor som den naturlege, elles i perioden hadde prestegjeldet eit overskot av utflytte. Den naturlege tilveksten var

Tabell 3.1. Fødde-døde-gifte. Årleg 1801-75. Abs.tal.

	F Ø D D E			D Ø D E			GIFTE
	M	F	SUM	M	F	SUM	
1801	65	53	118	38	45	83	32
1802	57	59	116	64	68	132	37
1803	54	57	111	86	86	172	50
1804	61	54	115	43	42	85	45
1805	86	63	149	29	32	61	23
1806	56	63	119	35	43	78	42
1807	63	58	121	38	33	71	28
1808	62	59	121	27	27	54	30
1809	57	60	117	43	28	71	29
1810	60	56	116	58	41	99	37
1811	56	57	113	38	46	84	40
1812	70	65	135	28	31	59	40
1813	52	54	106	40	32	72	36
1814	46	42	88	43	39	82	32
1815	73	79	152	49	45	94	31
1816	70	73	143	73	47	120	40
1817	72	72	144	41	37	78	45
1818	62	63	125	30	30	60	49
1819	69	83	152	31	35	66	34
1820	71	66	137	34	39	73	31
1821	63	58	121	49	53	102	37
1822	61	67	128	57	57	114	30
1823	93	64	157	36	36	72	33
1824	63	56	119	41	34	75	41
1825	87	78	165	40	38	78	32
1826	72	73	145	38	41	79	35
1827	73	64	137	57	52	109	45
1828	73	56	129	57	51	108	39
1829	81	71	152	38	46	84	36
1830	73	81	154	56	49	105	28
1831	73	83	156	54	68	122	40
1832	69	77	146	49	49	98	39
1833	77	86	163	61	40	101	34
1834	97	64	161	59	61	120	38
1835	86	75	161	54	42	96	43
1836	68	69	137	59	41	100	46
1837	67	70	137	92	83	175	45
1838	84	89	173	54	52	106	37
1839	85	76	161	57	53	110	45
1840	88	62	150	39	42	81	40
1841	88	76	164	38	41	79	51
1842	76	84	160	43	37	80	51
1843	104	89	193	63	72	135	47
1844	106	102	208	48	57	105	47
1845	99	96	195	90	69	159	41
1846	78	92	170	69	42	111	51
1847	105	91	196	66	45	111	37
1848	72	78	150	64	72	136	49

Tabell 3.1 framhald

	F Ø D D E			D Ø D E			GIFTE
	M	F	SUM	M	F	SUM	
1849	88	82	170	66	78	144	56
1850	113	105	218	47	54	101	53
1851	103	102	205	44	52	96	53
1852	102	88	190	49	64	113	44
1853	113	92	205	64	55	119	52
1854	110	107	217	46	48	94	157
1855	81	106	187	62	58	120	54
1856	100	78	178	52	41	93	38
1857	94	109	203	48	65	113	43
1858	111	91	202	43	48	91	53
1859	113	86	199	69	52	121	53
1860	106	100	206	66	62	128	63
1861	94	107	201	59	57	116	56
1862	127	103	230	47	48	95	45
1863	107	94	201	78	70	148	50
1864	125	83	208	67	70	137	49
1865	102	90	192	63	62	125	58
1866	107	107	214	44	39	83	66
1867	119	112	231	68	59	127	52
1868	103	106	209	56	46	102	65
1869	108	106	214	54	45	99	56
1870	112	125	237	44	42	86	50
1871	118	114	232	59	72	131	62
1872	131	109	240	65	66	131	53
1873	131	115	246	62	53	115	61
1874	127	127	254	75	62	137	64
1875	115	118	233	75	65	140	53

svakast den første 15-års bolken, auka så sterkt i tida 1816-25 for så å visa ein relativ tilbakegang fram til 1835. Frå 1840-åra la den naturlege tilveksten på seg for kvar 10-års bolk ut perioden (Jfr. tab. 2.2, Kap. II).

Vi såg altså at fram til 1840-åra synte den naturlege tilveksten visse svigningar, medan den etter denne tida berre auka. Vidare såg vi at svigningar i den naturlege tilveksten i første del av perioden primært skuldast fluktuasjonar i fødselsrata (rettnok hadde ein ein mindre nedgang i dødsrata frå perioden 1801-15 til perioden 1816-25), medan den sterke veksten i slutten av perioden også skuldast eit jamt fall i dødsrata frå 1840-åra og ut perioden. Eg skal no undersøkje nøyare dei to hovudfaktorane i den naturlege tilveksten, nataliteten og mortaliteten, som avgjer den naturlege tilgang og avgang på menneske gjennom fødsel og død. Først fødselshyppigheten eller nataliteten.

A. Nataliteten.

Faktorar som påverkar nataliteten.

Tabell 1.3 i Kap. I synte at fødselsrata i gjennomsnitt var på 30.3 heile perioden sett under eitt og at den var nøyaktig like høg i tida 1801-45 som i tida 1846-75. Over eit lengre tidsrom var såleis fødselsrata stabil. Men som eg har nemnt tidlegare, viser den mindre svigningar innafor perioden, noko som har samanheng med endringar i alderssamansetninga i befolkninga. Fødselsrata viste ein markert topp i perioden 1816-25, ein ser det same i perioden 1846-55, 20-30 år etter, om enn mindre markert. Siste 10-års bolken viser og ein stigning i fødselsrata. Bakgrunnen for dette fenomenet er at det i perioden 1816-20 var svært mange som gifta seg, då eit stort kull var i gifteferdig alder. Eit stort antal nygifte produserte eit stort antal barn som kom i gifteferdig alder i 1840-åra, noko som førte til ein ny stor oppgang i talet på fødde. Dei barn som då vart fødde stod som foreldre til dei store fødselskulla i slutten av perioden. Vi ser

altså at dei endringar ein hadde i fødselsrata synes å ha vore av syklisk karakter og at tida frå ein topp til den neste var lik den tida det tok frå fødsel til gifteferdig alder for eit stort fødselskull.

Når vi no veit at dei fleste barn vart fødd innafor saksjonnerte ekteskap, noko som i høgste grad var tilfelle i Lindås¹⁾, ser vi at det må vera ein nær samanheng mellom talet på fødde og talet på gifte. Dess fleire som gifta seg i ein periode, dess fleire barn vil bli fødd i same perioden. Finn ein så ein slik korrelasjon mellom natalitetsrata og nuptialitetsrata, dvs. årleg gifte par pr. 1000?

Tabell 3.2 syner natalitetsrata og nuptialitetsrata i perioden 1801-75. Vi ser her at nuptialitetsrata og viser visse svigningar som følgjer natalitetsrata. Men heilt eintydig er ikkje denne tabellen, den låge nataliteten i tida 1801-15 samsvarar ikkje med den relativt høge nuptialitetsrata i same periode. Den periodeinndelinga som er brukt i tabell 3.2 er svært grov, og for å skaffa oss eit meir detaljert oversyn over tilhøvet mellom fødde og gifte kan vi dela inn i 5-års perioder og bruka absolutte tal og indeks. Dette er gjort i tabell 3.3. Her ser ein tydeleg at 5-års kull av fødde fluktuerar etter eit bestemt mønster. Dei tre periodane 1816-20, 1841-45 og 1866-70 viser alle ein markert oppgang i fødselstalet. Minst markert er denne auken i den siste av desse periodane. Når det gjeld talet på gifte par ser vi at dette stort sett fluktuerar etter same mønster som talet på fødde. Ein auke i talet på gifte resulterer i ein auke i talet på fødde. Visse unntak har ein rettnok og dei skal eg koma attende til.

Det vi her har observert er det same fenomen som Eilert Sundt i si tid peika på: Han forklara ikkje eit høgt antal giftermål i ein periode berre ut frå ytre årsaker, som dei økonomiske konjunkturane, men peika på at auke i fødselstalet primært skuldast befolkninga sin struktur²⁾. Dette at befolk-

Tabell 3.2. Natalitet og nuptialitetsutvikling 1801-75.

	1801 -15	1816 -25	1826 -35	1836 -45	1846 -55	1856 -65	1866 -75
Natali- tetsrate	29.3	32.1	30.0	29.7	30.5	29.7	31.1
Nuptiali- tetsrate	8.4	8.6	7.4	7.8	8.0	7.6	8.2

Tabell 3.3. Fødde og gifte i 5-års periodar 1801-75. Tot. og indeks.

	1801 -05	1806 -10	1811 -15	1816 -20	1821 -25	1826 -30	1831 -36	1836 -40
Fødde	609	594	594	701	690	717	787	758
Gifte	187	166	151	207	173	184	187	204
	1841 -45	1846 -50	1851 -55	1856 -60	1861 -65	1866 -70	1871 -75	
Fødde	920	904	1004	988	1032	1105	1205	
Gifte	237	241	258	257	258	290	315	
	1801 -05	1806 -10	1811 -15	1816 -20	1821 -25	1826 -30	1831 -35	1836 -40
Fødde	100	98	98	115	113	118	129	125
Gifte	100	89	81	111	93	98	100	109
	1841 -45	1846 -50	1851 -55	1856 -60	1861 -65	1866 -70	1871 -75	
Fødde	151	148	165	162	170	181	198	
Gifte	127	129	138	137	138	155	168	

ninga i perioden hadde eit stort antal ungdomar i gifteferdig alder, ville og føra til at mange gifta seg. Relativt sett var det kanskje ikkje så mange som gifta seg av eit slikt kull, men fordi kullet var så stort vart også det absolute talet på giftarmål stort, eller som Eilert Sundt uttrykte det: "Mange i antall men få i forhold"³⁾. Og eit slikt stort antal gifte ville føra til eit høgt barnetal. Ein ville såleis få eit tilbakevendande fenomen som ville visa seg med mellomrom som omtrent tilsvara tidsrommet frå fødsel til gifteferdig alder, eit mellomrom på 20-30 år.

Vi såg i tabell 3.3 at fluktuasjonane i talet på gifte og talet på fødde stort sett følgde det same mønsteret, men peika og på at det fanst unntak, der ein kan ha absolute auke i talet på gifte, samstundes som ein har nedgang i talet på fødde, jfr. femåret 1836-40 i høve til femåret før. Når eg har sagt at eit høgt antal gifte i ein periode nødvendigvis må føra med seg ein sterk auke i talet på fødde, er dette ein påstand som trengs å modifiserast. Kor mange barn som blir fødd er ikkje berre eit spørsmål om kor mange ekteskap som blir inngått, men og kor mange barn dei ulike ekteskap kan produsera. Det eg her vil fram til er alderen på dei som giftar seg og då først og fremst kvinna sin alder ved giftarmålet. Kvinna sin reproduktive periode, eller den del av livet hennar då ho kan føda barn, strekkjer seg i frå ca. 15 år til ca. 50 år. Skjer giftarmålet seint i denne perioden eller etter kvinna er 50 år, vil ho føda få eller ingen barn. Vanlegvis gifta ei kvinne seg første gong i 20-30 årsalderen, men vart ho enkje i 40-50 årsalderen, kunne det godt henda at ho gifta seg opp att. Eit stort antal 2. gongsgifte i høve til 1. gongsgifte i ein periode kunne såleis gje eit høgt tal på gifte totalt sett utan at dette førte til eit tilsvarande høgt fødselstal. Skilte ein ut 1. gongsgifte så ville ein nok sjå at korrelasjonen mellom 1. gongsgifte og talet på fødde var mykje større enn talet på fødde i høve til det totale antal gifte. Gifte-

alder og tilhøvet mellom 1. og 2. gongsgifte er spørsmål eg skal koma attende til når eg drøftar nuptialiteten meir inngåande seinare i kapittelet.

Ein annan faktor som har avgjerande innverknad på natalitetsutviklinga er fertiliteten eller fruktbarheten. Kor mange barn fødde ei kvinne innafor den reproduktive perioden og i kva alder fødde ho disse barna? Har ein her eit fastlåst mønster som ikkje endrar seg over tid?

1. Fertiliteten:

Nataliteten syner altså forholdet mellom fødselstal og total folkemengd, medan fertiliteten er forholdet mellom fødselstal og den snevrare gruppa innafor befolkninga, som står eller kan stå som foreldre. I praksis utelet vi fedrane og avgrensar oss til dei kvinnene som er i fødselsfør eller reproduktiv alder. Yttergrensene for reproduksjonstida, den perioden av livet kvinna kan få barn, plar ein setja ved 15 og 50 år. Ved å rekna ut forholdet mellom fødde barn og kvinner i reproduktiv alder kan vi finna ut kor stor den faktiske fødselsevna hos kvinnene var, og ved å samanlikna fertiliteten i ulike periodar, kan vi sjå om dette er ein faktor som endra seg over tid, slik at den kunne påverka fødselsrata. Er det så mogeleg ut i frå det materialet ein har å seia noko om fertilitetsnivået og eventuelle endringar i dette gjennom perioden? I tabell 3.4a har eg rekna ut det årlege antalet fødde pr. 1000 kvinner i reproduktiv alder (20-49 år). Eg har kome fram til denne rata ved å ta gjennomsnittet av alle fødde i 5-års perioden før og etter ei folketeljing og sjå dette gjennomsnittet i høve til summen av kvinner i reproduktiv alder i folketeljingane. Summen av kvinner i reproduktiv alder fungerer som eit middeltal for talet på kvinnar mellom 20 og 49 år i dei respektive periodar. Folketeljingane 1815 og 1825 er ikkje teke med, av grunnar som eg tidlegare har gjort greie for og rata i siste periode er basert på fødde i ein 4-års periode.

Den rata vi då kjem fram til syner ingen avgjerande endringar gjennom perioden. Rettnok ser ein visse fluktuasjonar, men den er ikkje vesentleg høgare i siste perioden enn i første. Fortel så denne tabellen oss noko om den faktiske fødsels- evna? For det første har ein ikkje her teke omsyn til gifte/ ugifte, alle er talt med. Dei aller fleste barn som var fødd i Lindås i perioden hadde gifte foreldre. Det betyr at ugifte kvinner i reproduktiv alder stort sett ikkje ville føda barn. Nuptialiteten vil såleis verka inn her som ein forstyrrende faktor. I tabell 3.4b er denne faktoren elimi- nert ved berre å rekna med gifte kvinner. Her ser vi at talet på fødde i høve til gifte kvinner var markert høgare i slutten av perioden enn i byrjinga. Betyr så dette at fertiliteten viser ein stigande tendens gjennom perioden? Nei, det treng ikkje vera tilfelle, ein annan faktor som vil verka inn på rata i desse tabellane er alderssamanset- jinga av kvinnene i reproduktiv alder. Store ungdomskull i ein gitt periode vil som eg før har vore inne på, føra til mange giftarmål. Andelen av gifte i dei ulike aldersgrupper vil verka inn på det totale fødselstalet, då fertiliteten endrar seg med alderen. Fertilitetsnivået er ikkje like høgt for ei kvinne på t.d. 40 som ei på 25 år. Når det gjeld tabell 3.5b vil og endringar i sjølvaste giftarmålsmonsteret spela ei viktig rolle, kor høg var giftealderen, kor mange gifta seg opp att og kor stor var giftarmålsintensiteten i dei ulike aldersgrupper. Desse tabellane er såleis lite brukbare til å måla fertiliteten. Dei ratene ein kjem fram til er påverka av fleire ulike faktorar slik at det ikkje utan vidare kan seiast kva som eigentleg har vore årsak til kva.

Korleis skal vi så få kopla ut alle forstyrrende faktorar slik at vi kan få kunnskap om fertilitetsutviklinga? Det vi treng å vita er alderssamansetninga blant dei gifte i reproduktiv alder i ein gitt periode, kven av desse som føder barn og i kva alder dei får barna. Dette er opplys- ningar som ein ikkje direkte kan lesa ut av kjeldematerialet. Men veit ein fødeåret eller gifteåret til ei kvinne, kan ein

rekna ut alderen hennar ved dei ulike fødsjar. Å rekna ut morsalder ved alle fødsjar i perioden er ei tidkrevjande oppgåve som eg heller ikkje skal prøva meg på. I staden har eg tatt for meg eit representativt utval av gifte par og følgd desse stort sett gjennom den reproduktive del av ekteskapet.

a. Familierekonstitusjonen.

Av praktiske grunnar er undersøkjinga avgrensa til tida etter 1816. Den omfattar ca. 400 familiar som er valt ut ved å trekkja ut kvart femte par av giftarmålslistene i tida 1816-65. Alle desse para har eg følgd fram til 1875 og registrert fødsjar, dødsfall og giftarmål for kvar familie. Desse opplysningane er registrert på særskilte familiekort. Eg har nytta aldersoppgåvene i giftarmålslistene på dei gifte para som er trekt ut. Desse oppgåvene er kontrollert med dødslistene og folketeljingane 1865-75. Når ein systematiserer dei data som desse korta gjev, får ein ei rekkje opplysningar som kan hjelpa i den demografiske analysen. Familierekonstitusjonen er til særleg stor nytte når det gjeld gransking av fertiliteten og nuptialiteten. Kor representativt er så dette utvalet? Utvalsmetoden skulle sikra at utvalet vert representativt med omsyn til giftealder, 1. og 2. gongsgifte, geografisk og yrkesmessig fordeling. Oppgåvene over giftarmål er ført samla for heile prestegjeldet i kyrkjebøkene, rekkjefølgja vert avgjort av kva tid på året dei vart inngått. Kontrollar eg har gjort syner og at representativiteten er svært god.

b. Den ekteskapelege fertiliteten.

Familierekonstitusjonen gjev deinaudsynnte data over den aldersspesifikke ekteskapelege fertiliteten. I tabell 3.5a er desse data systematiserte og rekna ut for ulike periodar og totalt over eit tidsromm på 50 år i tida 1816-65. Som ein ser er det nytta ei nokså grov periodeinndeling. Dette for at utvala i dei sentrale aldersgruppene skulle verta

Tabell 3.4a. Årleg fødde, pr. 1000 kvinne i alderen 20-49år.

1796-1805	1831-40	1841-50	1851-60	1861-70	1874-77
158	141	147	146	153	161

Tabell 3.4b. Årleg fødde pr. 1000 gifte kvinne i alderen 20-49 år.

1796-1805	1861-70	1874-77
246	290	298

Tabell 3.5a. Aldersspesifikk fertilitet årleg pr. 1000 gifte kvinner.

	15-19	20-24	25-29	30-34	35-39	40-44	45-49	Fødde i gj.sn.pr. kv. (25-44)
1816-35	(857)	(407)	448	380	261	194	(131)	6.4
1836-50	(444)	(529)	444	347	310	172	51	6,4
1851-65	(571)	(380)	442	356	309	167	32	6.4
1816-65	(609)	(436)	444	359	299	172	48	6.4

Tabell 3.5b. Grunnlagsdata for tab. 3.5a.

		15-19	20-24	25-29	30-34	35-39	40-44	45-49
1816-35	Barn	3	33	97	97	55	28	9
	År	3.5	81	216.5	255	211	103	68.5
1836-50	Barn	2	45	108	112	98	57	16
	År	4.5	85	243	322.5	316.5	331	312
1851-65	Barn	2	37	136	155	155	83	14
	År	3.5	97.5	308	436	502	497.5	441

store nok. Dei tala som står i parentes reknar eg som usikre. For dei yngre aldersgruppene har dette med små utval og tilfeldige utslag å gjera (jfr. tab. 3.4b). Dette gjeld og aldersgruppa 45-49 år i perioden 1816-35, men her kjem eit anna problem i tillegg: Innafor denne gruppa i denne perioden finn ein mange kvinner som gifta seg i 30-40 årsalderen. Som nemnt tidlegare har aldersoppgåvene for dei som er over 30 år ein tendens til å vera omtrentlege og ofte litt for høge. Dette gjeld særleg tidleg i perioden. Eg har som nemnt nytta dei to nominative teljingane som kontroll av aldersoppgåvene i giftarmålslistene, men dei fleste av dei som var i alderen 45-49 år før 1835, var døde i 1865. Det kan såleis vera at ein del av dei kvinnene som ein finn i denne aldersgruppa eigentleg var yngre og at dette kan vera med å forklara den høge fertiliteten i denne aldersgruppa.

Kva fortel så denne tabellen om fertiliteten. Den fortel at fertilitetsnivået var høgast i 20-årsalderen for så å minka jamt utover mot 50 år. Vidare ser vi at endringar i fertilitetsnivået over tid, har vore heilt ubetydeleg i dei 50 åra som er gått frå 1816-1865. I rubrikken heilt til venstre er rekna ut gjennomsnittleg fødselstal pr. kvinne som har ein reproduktiv periode som strekkjer seg frå 25 til 44 år. Det talet ein der kjem fram til vert kalla det samla fertilitetstalet og kan brukast til å jamføra fertilitetsnivået over tid. Ein ser då at det samla fertilitetstalet har lege heilt stabilt.

Har vi så her med eit fastlagd mønster å gjera? Var den ekteskapelege fertiliteten ein faktor som ikkje endra seg over tid i det preindustrielle samfunnet? Denne undersøkinga som berre spenner over ein 50 års periode er eit for spinkelt grunnlag å generalisera på. Det synes likevel rimeleg å tru at fertiliteten var ein relativt stabil faktor i det gamle bondesamfunnet så lenge ein ikkje nytta midlar til å driva effektiv barnebegrensing innafor ekteskapet.

Det er likevel ein faktor som synes å ha hatt ein viss innverknad på fertilitetsnivået, ein faktor som ein ikkje hadde noko kontroll over og som synes å ha fungert som ein slags naturleg regulering av fertilitetsnivået. Det eg siktar til er spebarndøden. Dersom eit barn døde kort tid etter fødselen, ville det neste barnet bli fødd etter kortare tid, enn om det første barnet hadde fått leva. Dette kan forklarast utifrå amminga sin preventive funksjon. Det er ein kjent sak at kvinner som ammar, ofte vil unngå å bli gravid i ammingsperioder⁴⁾. Dette gjeld ikkje for alle, men for dei fleste synes amminga å verka befruktningshindrande.

Reknar ein med ein ammingsperiode på ca. 2 år, ville avstanden frå ein fødsel til neste bli ca. 30 månader dersom barnet fekk leva. Døde derimot barnet tidleg i ammingsperioden, ville amminga opphøra og sjansen for å bli gravid att auka. Kvinna sin alder ville sjølsagt og verka inn på tidsintervallet mellom fødslane. Heldt så denne hypotesa i praksis? Minka avstanden mellom fødslane ved spebarndød? Dette er eit spørsmål ein kan få svar på ved ei systematisk undersøking av familiekorta. Vi skal ta for oss eit utval av kvinner som alle fødte fleire barn i sin reproduktive periode mellom 30 og 39 år. Felles for desse kvinnene er at eitt av dei barna dei fødte, døde som spebarn tidleg i ammingsperioden, medan dei alle hadde barn som overlevde sine to første leveår. Undersøkinga er konsentrert om aldersgruppa 30-39 år fordi det i denne 10 års perioden var relativt små endringar i fertilitetsnivået, og fordi ein kunne få eit ganske stort utval gifte kvinner som fødte barn innafor heile denne perioden. Utvalet er på ca. 60 kvinner, og det som er gjort er å måla avstandar mellom fødslane:

- a) Mellom to fødselar der det barnet som var fødd først, døde før fylte 3 månader.
- b) To fødselar der det barnet som var fødd først iallefall overlevde sitt 2. leveår.

I og med at det er dei same kvinnene som er teke med i begge målingane, vil ikkje den individuelle fertiliteten spela nokon rolle. Eg har dessutan vekselvis målt b) før og etter a), for at verknadene av dei små endringar i fertilitetsnivået som ein hadde. innafor denne aldersgruppa, heilt skulle eliminerast.

Resultatet av denne undersøkinga vart, at i tilfelle a) var det i gjennomsnitt 18,4 månader, medan den var 32,2 månader i tilfelle b), altså ein skilnad på 14 månader. Eventuelle abortar og dødfødde er ikkje registrert på familie-korta, men dette er ein faktor som vil slå likt ut både for a) og b). Av dette kan ein slutta at spebarndød kan påverka fertiliteten. Kor store endringar i barnedøden som skal til før det gjer seg utslag i fertiliteten, er vanskeleg å avgjera, men vi ser at innafor den perioden vi har undersøkt, synes ikkje fertilitetsnivået å ha vore påverka av eventuelle endringar i spebarndøden. Fertiliteten synes å ha vore ein stabil faktor i perioden som ikkje har valda endringar i nataliteten. Vi skal no sjå på den andre viktige faktoren som avgjer fødselshyppigheten, nemleg nuptialiteten.

2. Nuptialiteten.

a) Korrelasjon mellom nuptialitet og natalitetsutviklinga.

Innleiingsvis drøfta vi reint summarisk samanhengen mellom talet på fødde og talet på gifte. Vi såg at giftarmålsrata og fødselsrata synte ei tilnærma lik utvikling over tid og at storleiken av desse ratene retta seg til ein viss grad etter aldersfordelinga i befolkninga. Men vi såg og at dette ikkje alltid heldt stikk. Tabell 3.3 synte at i femåret 1836-40 var ein oppgang i talet på gifte i høve til femåret før, medan ein fekk nedgang i talet på fødde. Dette fenomenet kan ein forklara utifrå alderen på dei som gifta seg. Og som vi har vore inne på tidlegare, er graden av 2. gongsgifte viktig i denne samanheng. Mange 2. gongsgifte i

ein periode vil ikkje i same grad som mange giftarmål mellom gutar og jenter resultera i eit høgt barnetal, då kvinnene gjennomsnittleg var mykje eldre ved 2. gongsgifte og dermed mindre fruktbare.

I tabell 3.6 er talet på giftarmål mellom gutar og jenter skilt ut i frå det totale antal gifte, og eg har rekna ut det relative talet på gifte årleg for denne gruppa separat i 10 års periodar frå 1816-1875. Det same er gjort for fødde og alle gifte, men her har eg gått utifrå 1801. Kyrkjeboksmaterialet før 1816 manglar aldersoppgåver, og seier heller ikkje alltid klart frå om det er 1. eller 2. gongsgiftarmål ein har med å gjera. Analysen av nuptialitetstilhøva vil difor i stor grad verta konsentrert om tida etter 1816. Elles er den periodeinndelinga ein finn i tab. 3.6 nytta for at verknadane av dei ulike 5 års kull skal tre klarare fram.

Kva syner så tabell 3.6? Vi var tidlegare inne på at det kan synast som om nuptialitetsrata hadde ein svak nedgang innfor perioden. Den kom aldri oppatt på det nivå den hadde før 1825. Dette kan ein og sjå i tabell 3.6, men det gjeld berre for giftarmålsrata for alle gifte. Rata for den snevrare gruppa gifte, gutar/jenter er høgast dei siste 25 åra av perioden, då den har kome opp på eit markert høgare nivå enn tidlegare. Av dette skulle ein kunne slutta at det relative talet på 2. gongsgifte har gått kraftig ned mot slutten av perioden.

Ser ein så på korrelasjonen mellom rata for gifte i kombinasjonen gutar/jenter og fødselsrata, så er den klart positiv iallefall fram til 1850. Det store talet på giftarmål mellom gutar og jenter i tida 1816-25 førte til eit høgt fødselstal fram til ca. 1830. Få gifte i denne kategorien i tida rundt 1830 gjev ein tilsvarande nedgang i fødselsrata i 1830-åra. Utover på 1840-talet kjem dei store kulla frå tida etter 1816 i gifteferdig alder noko som resulterar i ein ny

Tabell 3.6. Gifte og fødde i periodar, totalt og årleg pr.1000.

	Alle gifte	Giftetutar/jenter	Fødde	Årleg gifte pr.1000	Giftetutar/jenter årleg pr. 1000	Årleg fødde pr. 1000
1801-15	504	-	1697	8.4	-	29.3
1815-25	380	255	1491	8.6	5.8	32.1
1821-30	355	236	1307	7.6	5.1	30.3
1826-35	369	248	1504	7.4	5.0	30.0
1831-40	391	253	1545	7.3	4.7	28.8
1836-45	441	292	1678	7.8	5.2	29.7
1841-50	478	336	1824	8.0	5.7	30.7
1846-55	499	359	1910	8.0	5.8	30.7
1851-60	515	397	1992	7.9	6.1	30.7
1856-70	548	435	2137	7.7	6.1	30.0
1866-75	605	512	2310	8.2	6.9	31.1

Tabell 3.7. Aldersfordeling i % v. giftarmål. Jenter.

	15-19	20-24	25-29	30-34	35-39	40-44	45-49
1816-20	4.3	41.0	28.8	14.4	7.9	2.2	0.8
1821-25	3.5	30.2	44.8	15.5	5.2	0.9	
1826-30	1.7	39.2	35.8	16.7	5.0	1.7	
1831-35	2.3	36.7	40.6	14.8	3.9	1.7	
1836-40	4.0	36.0	33.6	15.2	8.8	0.8	1.6
1841-45	0.5	31.7	47.3	14.4	3.0	2.0	1.2
1846-50	4.7	31.4	37.3	17.8	6.5	1.8	
1851-55	3.1	33.7	40.0	15.8	5.3	1.6	
1856-60	5.3	30.9	34.8	15.9	8.2	2.4	2.4
1861-65	5.7	28.4	34.0	21.7	7.2	2.6	0.5
1866-70	6.6	42.7	29.5	11.2	6.6	2.5	0.8
1871-75	6.3	35.8	36.2	12.9	4.8	2.6	0.7

auke i nataliteten. I siste 10-års bolken blir så dei barna som er fødd i 1840-åra vaksne. Dette gjev ein sterk oppgang i fødselsrata og rata for gifte i gruppa gutar/jenter.

Det relative talet på giftarmål mellom gutar og jenter heldt seg høgt etter 1850. Visse mindre fluktuasjonar ser ein i denne tida som dels kan forklarast utifrå alderssamansetninga i befolkninga, men rata heldt seg jamt over på eit markert høgare nivå enn tidlegare. Fødselsrata, derimot kjem ikkje opp att på det nivå den hadde i tida 1816-25. Når ein ikkje får ein oppgang i nataliteten i siste 25 års bolken, er det rimeleg å tru at dette skuldast ein oppgang i giftealderen for jenter som giftar seg med gutar. Tabell 3.7 syner den prosentvise aldersfordelinga for desse jentene. Der ser vi at nettopp i tida 1856-65 då natalitetsrata er svært låg i høve til giftarmålsrata for gifte, gutar/jenter, var den relative del av jentene, som gifta seg i alderen 20-29 år, liten i høve til tida før og etter. Det var såleis relativt få jenter som gifta seg i den mest fruktbare alderen. Ei årsak til dette kan vera at aldersklassane mellom 20 og 30 år var fåtalige i slutten av 1850-åra og først i 1860-åra, noko som skuldast dei relativt små barnekulla i slutten av 1830-åra som no var komen i gifteferdig alder. Men vi ser og at det i ein periode frå ca. 1840 og fram til 1865 var det ein vesentleg mindre del av jentene som gifta seg under 25 år enn i tida før og etter. Det ser såleis ut som det i delar av denne perioden skjedde ei viss utsetjing av giftarmåla. Periodane 1816-25 og 1866-75, som begge hadde høg natalitet og nuptialitet var prega av at mange jenter gifta seg nettopp i dei yngre aldersklassane.

For å få eit klart oversyn over samanhengen mellom natalitet og giftealder skal vi sjå på tabell 3.8. Denne tabellen syner fordelinga av dei ulike kategoriar gifte i 5-års periodar med gjennomsnittsalder i tida 1816-75. La oss først sjå på giftealderen for jenter som giftar seg med gutar.

Tabell 3.8. Fordeling av dei ulike kategoriar gifte med giftealder.

Fordeling av gifte	1816 - 20	1821 - 25	1826 - 30	1831 - 35	1836 - 40	1841 - 45	1846 - 50	1851 - 55	1856 - 60	1861 - 65	1866 - 70	1871 - 75
gutar/jenter	139	116	120	128	125	167	169	190	207	194	241	271
gutar/enkjer	26	27	29	21	28	17	34	25	24	18	15	9
enkjemenn	42	30	34	38	51	53	38	43	26	46	34	35
enkjemenn/jenter	28	23	28	32	38	42	25	29	25	34	27	28
enkjer	40	34	35	27	41	28	47	39	25	30	22	16
<u>Fordeling i %</u>												
gutar/jenter	67.2	67.1	65.6	68.5	61.3	70.5	70.1	73.6	80.5	75.2	83.1	86.0
gutar/enkjer	12.6	15.6	15.8	11.2	13.7	7.1	14.1	9.7	9.4	7.0	5.2	2.9
enkjemenn	20.3	17.3	18.6	20.3	25.0	22.4	15.8	16.7	10.1	17.8	11.7	11.1
enkjemenn/jenter	13.5	13.3	15.3	17.1	18.6	17.7	10.4	11.2	9.7	13.2	9.3	8.9
Enkjer	19.3	19.7	19.1	14.4	20.1	11.8	19.5	15.2	9.7	11.6	7.6	5.1
<u>Gjennomsn.alder v./ giftarmål</u>												
gutar m. jenter	27.3	26.9	27.8	27.6	27.6	27.8	27.5	28.0	28.4	28.4	27.6	27.6
gutar m. enkjer	29.1	29.6	29.0	29.6	28.7	31.1	30.5	28.7	30.9	30.9	29.5	29.5
enkjemenn	45.4	47.9	48.1	52.1	50.6	49.7	46.2	45.7	46.4	47.6	45.7	45.6
jenter m. gutar	26.8	27.1	27.0	26.8	27.4	27.4	27.5	27.2	28.0	27.9	26.2	26.2
jenter m. enkjemenn	33.1	33.5	35.5	36.3	35.8	33.9	35.9	34.3	35.4	35.9	34.5	33.1
enkjer	45.4	49.4	44.9	42.8	44.1	48.9	43.8	44.6	43.4	42.8	37.5	42.4

Her ser vi den utviklinga som vi skisserte ovanfor. Giftealderen er lågast først i perioden og høgast i tida 1856-65. I 1830-åra hadde ein tilsvarande små kull i gifteferdig alder til det vi såg for tida 1856-65 utan at ein her får nokon oppgang i giftealderen. Det synes såleis ikkje berre å ha vore små kull i gifteferdig alder som har valda den høge giftealderen i perioden 1856-65, men og høg nuptialitet i dei eldre aldersklassane. Vi ser og at giftealderen går opp i 1840-åra, trass i at ein då får dei store kulla frå tida etter 1815 i gifteferdig alder. Dette tyder som før nemnt på ei viss utsetjing av giftarmål.

Giftealderen for jenter i perioden sett under eitt viser ein svak auke frå tida 1816-25. Denne auken kuliminerar med ein topp i 1856-65. Deretter fell giftarmålsalderen i 1866-75. Denne 10-års bolken viser den lågaste gjennomsnitts-giftealder for jenter i heile perioden 1816-75. Ein skulle kanskje venta at den sær s låge giftealderen i kombinasjon med den høge nuptialiteten mellom gutar og jenter i denne perioden, skulle ha ført til ein endå sterkare auke i nataliteten. Når dette ikkje har skjedd kan det skuldast at ein hadde ei viss utflytting av nygifte par i denne tida, noko som var svært uvanleg tidlegare i perioden.

Så langt giftarmål mellom gutar og jenter. Vi har sett at det var ein samanheng mellom giftemålshyppigheten for denne kategori gifte, og nataliteten. Låg nuptialitet for denne gruppa, førte til låg natalitet, og høg nuptialitet i denne gruppa til høg natalitet. Dette galdt ikkje absolutt då giftealderen for jentene kunne verka inn som ein forstyrrende faktor. Ein relativt høg nuptialitet for gutar/jenter, kombinert med høg giftealder for jentene vil gje mindre utslag på nataliteten, då fertilitetsnivået, som vi har sett, viser ein sterkt fallande tendens med alderen.

Korleis var det så med 2. gongsgifte og barnproduksjon. Kva innverknad hadde denne gruppa gifte på nataliteten?

Tabell 3.8 syner at giftealderen for jenter som gifta seg med enkjemenn låg mellom 33 og 36 år. Det betyr at kvinner i denne kategorien hadde ein 10-15 år att av sin reproduktive periode då dei gifta seg, ei tid med lågt fertilitetsnivå. På grunnlag av utvalet mitt av familiekort har eg rekna ut gjennomsnittleg barnetal pr. ekteskap for dei ulike kategorier gifte. (Dei kvinnene i utvalet som avslutta sin reproduktive periode før 1875.) Ein finn då at medan gutar/jenter i gjennomsnitt fekk 5.3 barn pr. ekteskap så var talet for enkjemenn/jenter 2.3. Vi ser såleis at ei jente som gifta seg med ein ung-kar i gjennomsnitt fekk dobbelt så mange barn som ei som gifta seg med ein enkjemann. For enkjer var giftealderen endå høgare enn for jenter gift med enkjemenn, slik at fertiliteten for desse vert endå mindre. Rettnok skil ikkje tabell 3.8 mellom enkjer gift med enkjemenn og enkjer gift med gutar. Ein ville nok finna at enkjer gift med gutar i gjennomsnitt var noko yngre, eit spørsmål som vil verta tatt opp seinare i dette kapittelet. Eg har og undersøkt barnetalet pr. ekteskap for desse to kategoriar gifte på grunnlag av familiekorta. I ekteskap mellom enkjer og gutar vart det i gjennomsnitt fødd 1.6 barn medan det tilsvarande talet for kombinasjonen enkjer/enkjemenn berre var 0.05 barn pr. ekteskap. Ekteskap der ein eller begge ektemakane har vore gifte tidlegare har såleis hatt lite å seia for natalitetsutviklinga samanlikna med giftarmål mellom gutar og jenter.

b) Den relative nedgang i talet på 2. gongsgifte.

Vi har registrert at nuptialitetsrata var relativt stabil i perioden. Dei fluktuasjonar som ein hadde, kunne forklarast utifrå endringar i alderssamansetjinga i befolkninga. Men når det gjeld det innbyrdes forholdet mellom dei ulike kategoriar gifte, hadde ein store omskifte. Det relative talet på 2. gongsgifte går stadig ned utover i perioden 1816-75, denne nedgangen er særleg markert etter 1850. Elles ser

ein og visse sykliske fluktusjonar i denne utviklinga. Store kull i gifteferdig alder vil pressa det relative talet på giftarmål mellom gutar og jenter opp slik vi ser det i tida 1816-20 og 1841-45.

Korleis var det så med tilhøvet mellom 1. og 2. gongsgifte i tida før 1816. Var det relative talet på 2. gongsgifte endå større då enn seinare? Den høge nuptialiteten og relativt låge nataliteten kan tyda på dette. Registreringa av dei ulike kategoriar gifte er diverre nokså ufullstendig i delar av denne perioden. Frå ca. 1805 og utover har presten slurva svært med å føra opp tidlegare sivilstand på dei som gifta seg, slik at vi berre unntaksvis får vita om ein mann var ungtkar eller enkjemann. For perioden 1801-05 derimot er desse opplysningane nokolunde komplette og eg har difor kunna rekna ut forholdet mellom 1. og 2. gongsgifte her. Det synte seg då at i heile 50% av dei giftarmåla som vart inngått, hadde ein av eller begge ektemakane vore gift tidlegare. Fordelinga av dei ulike kategoriar gifte var såleis: gutar/jenter 50,3%, enkjemenn/jenter 25,3%, gutar/enkjer 18,9% og enkjer/enkjemenn 5,5%. Det relative talet på 2. gongsgifte var dermed høgare rett etter hundreårskiftet enn nokon gong i tida 1816-75.

Kva er så bakgrunnen for den utviklinga som er skissert ovanfor? Her kan ein tenkja seg to forklaringar:

- a) Færre attgifte blandt enkjefolk.
- b) Færre enkjefolk i dei aldersgrupper der attgifte er aktuelt.

Som vi skal sjå synes svaret å liggja i ein kombinasjon av begge desse faktorane og at nedgang i attgifteintensiteten har ført til færre enkjefolk i dei aldersklassar der attgifte var aktuelt. I kva aldersgruppe var så attgifte vanleg og skjedde det nokon endringar i attgiftemønsteret? I familiekorta mine fann eg at attgifte for enkjemenn under ca.

50 og enkjer under ca. 45 år var regelen gjennom heile perioden for dei som sat med jord eller annan eigedom. Eldre enkjefolk i denne kategorien tok ofte, men slett ikkje alltid, kår ved enkjestand. Attgifte var mindre vanleg blandt dei som ikkje hadde jord. I denne gruppa fann eg særleg mange yngre enkjefolk. Eg fann t.d. ei inderstenkje på 25 år som ikkje vart attgift, men som forsørgde seg sjølv og eit barn ved å sy og spinne for folk. Blandt dei eldre enkjer og enkjemenn synes det som om det vart færre og færre som gifta seg opp att utover i perioden. Ei systematisk undersøking av desse endringane i attgiftemønsteret på grunnlag av familiekorta fann eg ikkje tilrådeleg å gjera då utvalet var i minste laget. Ei slik undersøking kunne fortalt oss mykje om graden av attgifte og korleis denne utvikla seg.

Kva rolle spela så ein eventuell nedgang i talet på enkjefolk? Å eksakt påvisa ein slik nedgang kan vera vanskeleg, men ein har visse indikasjonar på at det har gått for seg ei slik utvikling.

Reint umiddelbart vil ein vel her tenkja på nedgangen i mortaliteten. Eit fall i mortalitetsrata vil verka inn på antallet enkjer og enkjemenn. Det er rimeleg å tru at den høge andelen 2. gongsgifte i tida 1801-05 delvis kan forkla- rast utifrå ein uvanleg høg mortalitet i eit par av desse åra (jfr. tab. 3.1). Men ser ein på perioden under eitt synes det lite truleg at det moderate fallet i mortalitets- rata som vi hadde, har ført til nokon sterk reduksjon av talet på enkjefolk i dei yngre aldersklassar. Men det er ein annan faktor som er svært viktig i denne samanheng. Det er aldersskilnaden mellom ektemakane. Sannsynet for at den eine av ektemakane ville komma tidleg i enkjestand, auka sjølv sagt når alderskilnaden var stor. Endringar her vil kunna verka inn på talet enkjer og enkjemenn. Tabell 3.8 oppgjev gjennomsnittsalder for dei ulike kategoriar gifte. Her ser vi at gjennomsnittsalderen for gifte i kategorien

gutar/jenter var temmeleg lik for begge kjønn gjennom heile perioden. Dette tyder på at alderskilnaden mellom ektemakane var liten. Det syner såleis som om 1. gongsgifte mellom ugifte hadde lite å seia for utviklinga av talet på enkjefolk, noko vi skal koma attende til. Langt viktigare i denne samanheng synes den påfallande store skilnaden i gjennomsnittsalderen til ektemakane i kombinasjonar mellom 1. og 2. gongsgifte å vera. Både gutar og jenter var langt yngre enn ektemakane sine. Her burde ein nok kanskje delt inn 2. gongsgifte etter sivilstand til ektemake, men ei finare inndeling av gruppa 2. gongsgifte vil neppe gje nokon store endringar i dette mønsteret. Konsekvensen av slike ekteskap vil oftast vera at den eldste av ektemakane vil døy lenge før den yngste slik at ein vil få mange enkjefolk i relativt ung alder. Valte desse og ein vesentleg yngre ektemake ville vi få eit giftarmålsmonster som stadig produserte mange enkjer og enkjemenn. Ei endring av dette mønsteret ville såleis få betydning for talet på enkjer og enkjemenn og dermed verka inn på utviklinga av gruppa 2. gongsgifte. Men før vi tar for oss utviklinga av aldersskilnaden ved giftarmål for gutar/enkjer og enkjemenn/jenter, skal vi prøva å analysere desse to gruppene nærare.

Tabell 3.9 syner alderskilnaden mellom gutar/enkjer og enkjemenn/jenter ved giftarmål. Tabellen byggjer på utvalet mitt av familiekort og spenner over heile perioden 1816-65. Poenget med denne tabellen er å visa ein del karakteristiske trekk ved val av ektemake innafor desse to gruppene.

I tabell 3.8 ser vi at gjennomsnittsalderen for jenter som gifta seg med enkjemenn var høgare enn for ungarar som gifta seg med enkjer. I tabell 3.9 ser ein klart kvifor. Enkjer som giftar seg med ungarar synes mest konsekvent å velja seg ein ektemake under 30 eller iallefall 35 år. Dette skjer utan omsyn til enkja sin alder, slik at ein kan få ekstremt store skille i alder mellom dei to ektemakane.

Tabell 3.9. Aldersskilnad ved giftarmål gutar/enkjer og jenter/enkjemenn.^x

Aldersgruppe	21-25	26-30	31-35	36-40	41-45	46-50	51-55	56-60	Sum enkjer	21-25	26-30	31-35	36-40	41-45	46-50	51-55	56-60	Sum enkje menn	
21-25										1	1							2	
26-30	1	2	1						4	5			1	1				7	
31-35	1	3	3						7	2	1	1	1					5	
36-40	5	7							12	2	2	2	1	2				9	
41-45	3	1	2		1				7	1	2	2	2		2			9	
46-50		1	2	2					5	1	2	2	1		2	2		10	
51-55									0	1	2	2	5	2	1		1	14	
56-60	2	3		1					6			1	1	2	2			6	
61-65	1								1				1		1			2	
66-70											2				1			3	
71-75													1					1	
Sum gutar	13	17	8	3	1				42	Sum jenter	13	12	10	14	7	9	2	1	68

^x Tab. byggjer på fam. rek. , men eg har utvida utvalet til også å omfatta 10-året 1866-75.

Tabellen syner tilfelle der enkjer på bortimot 60 år giftar seg med ungarar i 20-åra. Eit slikt mønster ser ein ikkje for enkjemenn som giftar seg med jenter. Rettnok finn ein her og tilfelle av stor alderskilnad mellom ektemakane og at mannen stort sett er eldst, men vi ser at **spreiinga** i alder er mykje større for jenter som giftar seg med enkjemenn enn for ungarar som giftar seg med enkjer. Dette er særleg tydeleg for jenter som giftar seg med enkjemenn i alderen 35 til 55 år.

Korleis skal ei så forklara det mønsteret ein ser i tabell 3.9? Kva motiv låg til grunn for val av ektemake? Kombinasjonar som 20 års gamal ungar med 60 års gamal enkje tyder ikkje nettopp på at dei reint personlege kjenslene mellom ektemakane har spela så stor rolle, men at det her først og fremst var nøkterne økonomiske vurderingar som låg til grunn. Dei fleste enkjer og enkjemenn som gifta seg opp att hadde som vi før har vore inne på, gard eller plass og var såleis utifrå ein økonomisk synstad eit godt gifte. At dei reint materielle omsyn talte mykje når ein skulle velja seg ein ektemake vitnar og dei fleste opplysningar ein har om emnet. I eit skrift frå 1723 heiter det såleis: "Naar Strilen ere naadd 17-19 aar, maa han endelig gifte seg og ikke mindst med een enke med litt penger og et gaardsbrug. I alder kan hun gjerne være hans mor." "Fra brudens side spørges ikke om brudgommen er baade kraaget og lam naar han bare har gaard" 5).

At slike vurderingar også var vanlege på 1800-talet synes å gå klart fram av tabell 3.9. Kvifor ein ung mann gifta seg men ei gamal enkje er for så vidt lett å forstå. Han fekk seg ein gard og kunne dessutan rekna med at han om ikkje alt for lenge vart enkjemann. Då kunne han finna seg ei kone i meir høveleg alder og stifta familie. Men kvifor enkjer konsekvent gifta seg med unge menn utan omsyn til sin eigen alder kan vera verre å skjønna. Kanskje omsynet til alderdommen her har spela ei rolle? Ved å ta seg ein ung ekte-

mann kunne ho rekna med å verta trygt forsørgd resten av livet. Ho såg kanskje ekteskapet som eit godt alternativ til kår?

Enkjemenn finn seg ikkje ektemake i ei spesiell aldersgruppe slik som enkjene. Dette må ein sjå i relasjon til den funksjon som skal fyllast. Enkjemenn som vert sitjande att med ein stor barneflokk synes å ha ein tendens til å velja seg ei kone på sin eigen alder og jamvel eldre. Dette kan forklarast med at han synes han har mange nok munnar å metta og difor tar seg ei kone som har passert den mest fruktbare alderen. Då risikera han ikkje å få ein endå større ungeflokk samstundes som han får seg ei vaksen og erfaren kone. Omvendt har eg funne mange døme på at enkjemenn som ikkje har barn frå 1. ekteskap ofte tar seg ei ung kone. Det ville t.d. vera typisk for ein som tidlegare hadde vore gift med ei gamal enkje⁶⁾.

Det som her er sagt kan vera med å forklara den store aldersspreiinga blant jenter som giftar seg med enkjemenn i alderen 35-55 år, nett i den alderen då det er størst sjanse for å sitja med ein stor barneflokk.

Vi skal no sjå korleis aldersskilnaden mellom ektemakane ved kominasjonane enkjemann/jente og gut/enkje utvikla seg gjennom perioden. Ei endring i dette mønsteret i retning av mindre aldersskilnad mellom ektemakane, vil kunna vera med å forklara nedgangen i den relative andelen 2. gongsgifte som vi såg i tabell 3.8.

Tabell 3.10 syner aldersskilnaden mellom ektemakane for disse to kategoriar gifte i 3 ulike 10-års bolkar. Her ser vi at både enkjer og enkjemenn viser ein aukande tendens til å finna seg ektemake som i større grad er på deira eigen alder. Dette er særleg markert for enkjer i siste 10-års bolken. Nettopp den perioden var prega av eit svært lågt tal på gif-

Tabell 3.10. Alderskilnad ved giftarmål gut/enkje, enkjemann/jente.^x

		Kvinne eldre				Mann eldre					
		+ 20	15-19	10-14	5-9	± 4	5-9	10-14	15-19	20 +	Sum
gut/ enkje	1816-25	29.6	13.0	18.5	22.2	14.8	1.9				99.8
	1846-55	29.5	9.8	19.7	19.7	21.3					100
	1866-75	4.0	8	16	40	28.0		4.0			100
enkjem./ jente	1816-25					23.1	17.3	15.4	21.1	23.1	100
	1846-55			1.8	1.8	23.2	26.8	17.9	10.6	17.9	100.1
	1866-75	2.1				29.2	22.9	27.1	4.2	14.6	100.1

^xTabellen byggjer på same materiale som tab.3.9.

tarmål mellom ungarar og enkjer (jfr. tabell 3.8). Gjennomsnittsalderen for ungarar som gifta seg med enkjer syner ingen oppgang i denne perioden. Dette saman med at aldersskilnaden mellom ektemakane har minka radikalt, gjer at vi kan slutta at det er langt færre enkjer i dei eldre aldersgruppene som giftar seg opp att i denne perioden samanlikna med tidlegare. Nedgangen var ikkje så markert for enkjemenn, men ein viss nedgang hadde ein her og. Tendensen er den same som for enkjer, berre mykje svakare. Gjer vi den same jamføringa mellom tabell 3.8 og 3.10 finn ein at det også for enkjemenn er ^{det} særleg i dei eldre aldersgruppene ein finn færre attgifte.

I og med at aldersskilnaden mellom ektemakane i kombinasjonen enkjefolk/ugifte blir mindre, vil sannsynet for at den eine av ektemakane vil koma i enkjestand i ung alder minka. Færre attgifte mellom eldre enkjefolk og ugifte vil såleis på litt lengre sikt føra til at det relative antalet enkjefolk i dei aldersklassar der attgifte er vanleg, går ned.

Kvifor vart det så færre enkjefolk som gifta seg opp att? Det er blitt hevda at kombinasjonen gamle enkjer/gutar var typiske for områder der leilendingsvesenet stod sterkt⁷⁾. Dette hadde samanheng med at ulike arvetilhøve galdt for leilendingsbruk og sjøleigarbruk. På sjøleigarbruk herska oftast åseteretten. Det innebar at dersom ei enkje gifta seg oppatt og døydde før ektemaken, måtte han gje frå seg garden til næraste livsarving, garden skulle vera i slekta. På leilendingsbruk var generasjonsskiftet meir usikkert. Her hadde brukaren vanlegvis livsfeste, dvs. at han brukte garden på livstid. Døydde han før kona, fekk ho overta mannen sin kontrakt, og gifta ho seg oppatt, kunne den nye ektemannen overta kontrakten nårho døydde og verta sitjande på bruket.

Dette synes å ha vore vanleg i Lindås i den grad eg har vore i stand til å identifisera bruka (Kyrkjebøkene brukar ofte

nemninga "gårdmenn" om både sjøleigarar og leilendingar), synes kombinasjonen eldre enkjer/ungkarar stort sett å vera knytt til leilendingsbruk. Ein ung mann som gifta seg med ei gamal enkje kom vanlegvis tidleg i enkjestand. Han gifta seg då oftast opp att og vart sitjande på bruket. Omvendt har eg funne døme frå sjøleigarbruk på at ektemann nr. 2 har måtta gje frå seg bruket når kona døydde.

I kapittel I såg vi at leilendingsvesenet var i sterk tilbakegang i Lindås. Overgangen til sjøleige var ein kontinuerlig prosess som gjekk for seg gjennom heile perioden. Dette er såleis ein faktor som kan vera med å forklara den sterke nedgangen i giftarmål mellom eldre enkjer og ungarar. Men konsekvensen er ikkje berre at graden av attgifte mellom ungarar og enkjer går ned, ein vil og kunna rekna med at ein får relativt færre yngre enkjemenn. Denne gruppa enkjemenn som hadde vore gift med tidlegare eldre gardenkjer, gifta seg dessutan neste alltid oppatt og fann som oftast unge ektemakar. Ei følgje av dei endringar i giftarmålsmonsteret som eg her har skissert må såleis verta at ein får ein reduksjon i det relativet talet på enkjefolk og det nettopp i ei gruppe enkjefolk der attgifte intensiteten var høg.

Korleis var det så med gifte i kategorien gutar/jenter og aldersskilnaden mellom ektemakane? Fekk ein her ei liknande utvikling til det ein såg i tab. 3.10? Tabell 3.11 syner aldersskilnaden mellom ektemakane i denne gruppa gifte for perioden 1816-75. Her ser vi at aldersskilnaden mellom ektemakane ved giftarmål mellom gutar/jenter var liten og at dei endringar ein hadde i dette monsteret var små. Tendensen gjekk heller ikkje i retning av mindre aldersskilnad mellom ektemakane utover i perioden, snarare tvert om. Det synes såleis som om denne gruppa gifte har hatt liten innverknad på ein nedgang i talet på enkjefolk.

Det er ei gruppe attgifte som står att å kommentera, nemleg

enkjemenn som giftar seg med enkjer. Synte denne gruppa gifte også ein nedgang i perioden? Før eg svarar på dette skal vi sjå litt på tabell 3.12. Som nemnt tidlegare kunne det vera interessant med ei større differensiering når det galdt gjennomsnittsalderen ved 2. gongsgifte. I tabell 3.12 har eg difor delt 2. gongsgifte inn etter ektemakes sivilstand. Her ser vi klart det vi har vore inne på tidlegare, at gjennomsnittsalderen for enkjer som giftar seg med gutar går markert ned etter 1850, medan gjennomsnittsalderen for enkjemenn som giftar seg med jenter heldt seg stabil. Vi ser dessutan at det er stor skilnad i gjennomsnittsalder mellom enkjefolk som giftar seg med kvarandre på den eine sida, og enkjefolk som giftar seg med tidlegare ugifte på den andre. Gifte i kombinasjonen enkjemenn/enkjer var mykje eldre. I familiekorta mine har eg funne at enkjefolk som giftar seg med kvarandre stort sett er kårfolk, som driv jord, dei står gjerne oppført i kyrkjebøkene som "husmand" og/eller "kaarmand med Jord". Det synes å ha vore vanleg særleg tidleg i perioden at når ein mann gav frå seg garden og tok kår, fekk han ofte ein plass der han dreiv litt jordbruk og hadde eit par kyr og sauer. At to kårfolk gifta seg, betydde nok at dei ved å slå kårtytingane saman, ville greia seg betre enn om dei var åleine. Arbeidsbyrden på ein slik husmannsplass må ein dessutan rekna med var såpass betydeleg at dei trong å vera to om det. Kårmann med jord systemet, synes å ha vore nokså vanleg tidleg i perioden, medan det vart sjeldnare utover på 1800-talet. Dette kan ha verka til at færre kårfolk gifta seg oppatt. På grunnlag av tabell 3.8 har eg rekna ut andelen giftarmål mellom enkjemenn og enkjer til å utgjera følgjande del av det totale antal gifte: 1816-25 : 8,2%, 1841-50 : 7,1%, 1856-65 : 4,2% og 1866-75 : 2,7%. Vi ser altså at vi har fått ein markert nedgang i talet på giftarmål mellom enkjefolk.⁸⁾

Vi har tidlegare i dette kapittelet vore inne på at det var to hovudgrunnar til at det relative talet på attgifte gjekk

Tabell 3.1.1. Alderskilnad mellom ektemakane jenter/gutar %: ^x

	Gut eldre					Jente eldre				
	+20	15-19	10-14	5-9	± 4	5-9	10-14	15-19	+20	100
1816-35			2,3	12,8	66	12,8	5,8			100
1836-50			4,2	18,8	65,6	9,4	2,1			100
1851-65	1,7		6,9	25	48,3	13,8	2,6	0,9	0,9	100
1816-65	0,7		4,7	19,5	59,1	12,1	3,4	0,3	0,3	100

^x Byggjer på utvalet mitt av familiekort.

Tabell 3.1.2. Giftealder 2. gongsgifte. ^x

	Enkje m. gut	Enkje m. enkjem.	Enkjem. m.jente	Enkjem. m. enkje
1816-35	44.0	51.9	43.8	54.8
1836-50	41.0	48.9	43.6	55.8
1851-65	36.8	53	43.6	59.3
1866-75	36.6	47.8	43.4	51.9

^x Byggjer på utvalet mitt av familiekort.

Tabell 3.1.3. Enkjefolk i % av gifte i dei ulike aldersgrupper.

	Enkjemenn					Enkjer				
	20- 29	30- 39	40- 49	50- 59	60- 69	20- 29	30- 39	40- 49	50- 59	60- 69
1801	0	0,5	2,6	4,8	9,7	0	1,0	3,6	6,5	40,8
1835	0	0,8	1,5	5,5	13,5	1,7	1,8	5,3	9,8	40,2
1855	0,8	1,6	2,7	9,5	22,8	0	2,7	5,2	21,2	46,9
1865	0,9	2,3	3,0	7,5	23,3	4,7	3,2	3,9	13,7	32,6
1875	0,6	1,9	3,9	3,7	18,1	1,4	2,3	6,5	13,9	33,1

ned. Det var færre attgifte blant enkjefolk og talet på enkjefolk i dei aldersgrupper der attgifte var aktuelt minka utover i perioden.

Som bakgrunn for denne utviklinga kan ein peika på fleire faktorar. Vi såg at aldersskilanden mellom ektemakane ved giftarmål mellom enkjefolk og tidlegare ugifte gjekk ned. Dette minska sannsynet for at den eine av ektemakane skulle koma i enkjestand i ung alder. Dette fenomenet har sin årsak i at færre eldre gifta seg oppatt. Her peika vi på overgangen til sjøleige som ein sentral faktor. Eit visst befolkningspress utover i perioden kan og ha verka inn her ved å få folk til å ta tidlegare kår. Vidare såg vi at færre kårfolk med jord hadde ført til færre attgifte mellom enkjefolk. Ein auke i talet på familiar som ikkje dreiv jord stimulerte heller ikkje attgifteintensiteten. Enkjer etter jordlause handverkarar og fiskarar, som gjerne og hadde fleire barn å forsørgja, var ikkje noko attraktivt gifte. I tillegg var mange av dei husmannsplassar som vart oppretta i slutten av perioden så små at jordbruket var av liten økonomisk betydning. Hovudinnkomene fann desse husmenne innafor andre næringar som fiske og handverk. Enkjer etter slike stod neppe heller høgt i kurs på ekteskapsmarknaden. Endeleg kan ein viss nedgang i mortaliteten ha spela ei viss rolle.

Tabell 3.13 syner delen enkjefolk i % av gifte i dei aldersgrupper der attgifte var aktuelt og for dei folketeljingar som gjev desse data. Her ser vi at delen enkjefolk under 50 år nok har auka ein del utover i perioden, men at dette ikkje er særleg markert. Vidare ser vi at i aldersgruppa 50-59 år får vi ein sterk auke i andelen enkjefolk utover mot 1855, men viser og at denne andelen går ned att mot slutten av perioden, trass i at ein stadig fekk færre enkjefolk som gifta seg opp att. Vi må såleis ha fått relativt færre enkjefolk i denne aldersgruppa mot slutten av perioden, noko ein kan sjå i samanheng med at færre gamle enkjefolk gifta seg opp att med langt yngre ektemakar.

c). Utviklinga av giftarmål mellom gutar og jenter.

I tabell 3.8 såg vi at sjølv om nuptialiteten totalt sett viste ein fallande tendens i perioden, så auka giftarmåls-
hyppigheten blant tidlegare ugifte. Dette var særleg mar-
kert etter 1850. Elles såg vi at giftealderen synte ei
stigning frå 1840-åra og at den nådde eit høgmål i 1860-
åra. Dette gjaldt særleg for jenter, men utviklinga av
giftealderen for gutar viste den same trenden, sjølv om
utslaga her var mindre. Det siste 10-året synte eit fall i
giftealder for begge kjønn, men mest markert for jenter.

I det følgjande skal vi prøva å finna ut kva som var bak-
grunnen for dei endringar ein hadde i giftealder og giftar-
målshyppighet for gutar/jenter. Men før dette vert gjort,
skal vi sjå litt på kva faktorar som påverkar val av ekte-
make og kva føresetnader som låg til grunn for at giftar-
måla kom i stand.

Bakgrunn og føresetnader for giftarmål mellom gutar og jenter.

Når to skulle gifta seg var det fleire faktorar enn dei reint
personlege kjenslene som avgjorde om giftarmål kom i stand.
Sosial og økonomisk bakgrunn kunne verka inn på val av ekte-
make. Dessutan, for å gifta seg måtte ein ha noko å leva
av, slik at ein kunne forsørgja ein familie. Dette er ting
eg skal drøfta nærare i det følgjande og då særleg leggja
vekt på dette med dei økonomiske føresetnader for giftarmål.
Kva krav sette samfunnet til dei som skulle gifta seg med
omsyn til økonomisk status? Var det sosialt akseptert å
gifta seg dersom ein verken hadde gard eller plass? Kva
normer som gjaldt her skal eg prøva og kasta lys over, men
først skal vi sjå kva rolle sosiale skilje spela når det
gjaldt giftarmål.

Sosiale skilje synes å ha spela liten rolle ved val av ekte-
make i Lindås på 1800-talet. Ein finn mange døme på giftar-

mål mellom husmannsøner og gardmannsdøtre og omvendt. Bortsett frå embetsmenn og kanskje nokre byblanda slekter, synes det å ha vore liten sosial skilnad mellom dei ulike grupper. Skriftlege opplysningar frå samtida vitnar og om dette. Frølich seier t.d. at "folkets samværliv blev i fællestiden (før 1875) ført uavkortet demokratisk, helt likt uten klasseforskjell"⁹). Då heradsstyret skulle uttale seg om ny husmannslov i 1850 får ein det same inntrykket. Husmannsvesenet vart ikkje sett på som noko særskilt problem då mange oppsitjarar ikkje sat betre i det enn storparten av husmennene¹⁰). Det var fleire ulike aspekt ved nærings og eigedomstilhøva som verka demokratiserande. Gardane var jamt over små, med utstrekt sameige (dei første gardane vart utskifta i 1860-åra). Ein stor del av brukarane eigde dessutan ikkje jorda si sjølv, men var leiglendingar. Husmennene var bygselhusmenn som reint kontraktsmessig stod i mest same forhold til bonden som leiglendingen til jordeigaren. Dei betalte gjerne ein relativt høg innfestingsum, då dei tok over plassen, medan arbeidsplikten var minimal. Husmennene eigde ofte husa sine sjølv og hadde livstidsfeste. Framvoksteren av husmannsvesenet i dette området hadde ikkje si årsak i trong til arbeidskraft i jordbruket, men må først og fremst sjåast som eit resultat av den sterke befolkningsveksten. Det var snakk om å skaffa yngre barn ein stad å slå seg ned, samstundes som ein ville unngå ei vidare garddeling.

Som vi såg i kapittel I, kom den sterke veksten i talet på husmannsplassar først ut i 1840-åra, nettopp i ein periode då ein hadde mange unge i gifteferdig alder.

Husmannsplassane varierte mykje i storleik. I folketeljningane har eg funne fleire rydningsplassar som var på storleik med eit middels bruk og jamvel større. Desse vart seinare ofte matrikulerte bruk. Dei fleste husmannsplassane derimot, var så små at dei neppe åleine kunne fø ein huslyd. Føresetnaden for at ein kunne greia seg på desse plassane var at ein kunne skaffa seg innkomer frå andre næringar. Som nemnt i kapittel I spela særleg fiske og handverk (byggningsarbeid) ein viktig rolle i denne samanheng. Dette at

næringar utanfor jordbruket spela så stor rolle i Lindås, verka og i demokratiserande lei. Kombinasjonen jordbruk/fiske og jordbruk/handverk var svært vanleg ikkje berre for husmenn, men og for oppsitjarar.

At ein her har med eit egalitært samfunn å gjera ser ein og på rekrutteringa til tenaryrket. Ikkje berre husmannsbarn, men også brukarsøner og døtre var tenarar, Ofte finn ei dei oppført i folketeljingane som tenarar hjå foreldra, men dei aller fleste hadde seg og ein tur ut og tente på andre gardar eller i andre bygder. Flyttestatistikken syner at det var ei ganske betydeleg utveksling av tenarar mellom Nordhordlandsbygdene. Ein finn jamvel at odelsguten reiser ut i teneste nokre år før han tek over farsgarden. Det å reisa ut i teneste synes nesten å ha vore eit ledd i oppsedinga, noko ein måtte gjennom før ein kunne gifta seg og setja bu.

Det var og i tenarmiljø at dei unge kom saman og det var ofte her dei fann seg ektemake. Tabell 3.8 synte at det var gjennomsnittleg svært liten aldersskilnad mellom ektemakane ved giftarmål mellom gutar og jenter. Dette kan ein sjå i samanheng med at ein fann seg ektemake nettopp blant sine medtenarar og jamaldringar. At ein mann tok seg ei kone mest på sin eigen alder, må ein^{og}sjå i samband med kvinna sin situasjon i arbeidslivet. Her vart det stilt store krav til henne, og ein mann ville difor leggja vekt på å få seg ei kone som var vaksen, erfaren og flink til å arbeida. Når mennene var på fiske, i fjellet eller kanskje i Bergen på arbeid, var det kona som måtte ta seg av gardsbruket. I det heile fekk ho overlata mykje av arbeidet på garden. Frølich seier det såleis: "For kvinnene stillet strævet seg tungest. Foruten arbeidet i hjemmet og i fjøset med dyrene, var de sent og tidleg på færde ogsaa på utearbeide, med onnearbeide indengjærdes og udengjærdes med lyng og risskjæring" 11)

Kven var det så som gifta seg? Kva økonomiske føresetnader måtte ein oppfylla for å kunne gifta seg?

Vi skal drøfta desse spørsmåla med utgangspunkt i tabell 3.14. Denne tabellen syner fødde utanfor ekteskapet i % av levande fødde i tida 1816-75. Her ser vi at andelen fødde utanfor ekteskapet heldt seg låg gjennom heile perioden. Dette kan sjølsagt tyda på høg moral, men det kan og sjåast som eit uttrykk for at det var lett å etablere seg, at graviditet var ein faktor som i seg sjølv førte til giftarmål. Med andre ord: At dei økonomiske tilhøva til dei som gifta seg hadde mindre å seia. Her kunne det vore interessant å sett kven som var foreldre til dei barna som vart fødd utanfor ekteskapet. Mødrene, som nesten uten unntak var ugifte jenter kan vi sjå bort frå og konsentrere oss om barnefedrene. Ei undersøking eg gjorde av dette syntte at tidleg i perioden, i tida 1816-25 var heile 70% av barnefedrene gifte og såleis forhindra frå å inngå ekteskap. Dette talet minka rettnok utover i perioden, og i 1866-75 fann eg at berre 30% var gifte. Men det var og andre faktorar som kunne vera til hinder for giftarmål. Undersøker ein kven dei ugifte fedrene er i denne perioden, vil ein finna at mange av barnefedrene var heimehøyrande i andre bygder eller i Bergen. Dette må ein sjå i samanheng med den større mobiliteten. Ein finn t.d. at fleire av mødrene har vore tenestejenter i Bergen og oppgjev at barnefaren er heimehøyrande der. Elles fann eg fleire tilfelle av at barnefaren var død og jamvel eit par tilfelle der han ikkje var konfirmert! Poenget er at ein finn svært sjeldan at barnefaren ikkje av ein eller annan grunn er forhindra frå å gifta seg. Dette kan tyda på at graviditet førte til ekteskap dersom dette var mogeleg, utan omsyn til partane sine økonomiske forhold.

Eit slikt syn blir styrka av tabell 3.15. Den byggjer på utvalet mitt av familiekort og syner 1. fødsel i høve til

Tabell 3.14. Fødde utanfor ekteskapet i % av fødde.

1816-20	1821-25	1826-30	1831-35	1836-40	1841-45	1846-50	1851-55	1856-60	1861-65	1866-70	1871-75
1.9	1.7	1.8	2.3	2.0	2.4	1.9	2.2	2.0	3.2	2.4	2.3

Tabell 3.15. 1. fødsel i høve til giftarmålsdato. Gifte gutar/jenter.

	Før gift.mål	Etter 0-3 mnd.	Etter 4-8 mnd.	Over 9 mnd.	Sum	Før gift.mål	Etter 0-3 mnd.	Etter 4-8 mnd.	Over 9 mnd.	Sum
1816-35	1	21	17	53	92	1.1	22.8	18.5	57.6	100
1836-50	3	26	32	46	107	2.8	24.3	29.9	43.0	100
1851-65	4	27	26	49	106	3.8	25.5	24.5	46.2	100
1816-65	8	74	75	148	305	2,6	24.3	24.6	48.5	100

Tabell 3.16. Prosentvis fordeling av giftarmål m. gutar/jenter gjennom kalenderåret.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
1816-35	3.5	0	0	2.3	1.2	29.9	40.2	2.3	5.2	5.8	8.1	1.5
1836-50	4.0	1.0	3.0	6.1	4.0	22.2	29.3	2.0	5.1	5.1	11.1	7.1
1851-65	1.6	0	4.9	16.4	4.9	25.4	22.1	2.5	4.1	3.3	9.8	4.9

Tabell 3.17. Giftarmålsdato og 1. fødsel. Gifte, gutar/jenter som fæmleis var tenarar ved 1. fødsel

	Før gif-				Etter					
	tarmål	0-3 mnd.	4-8 mnd.	Over 9 mnd.	tarmål	0-3 mnd.	4-8 mnd.	Over 9 mnd.		
1816-35	1	6	5	5	17	5.9	35.3	29.4	29.4	1 ∞ 1
1836-50	3	18	4	1	26	11.5	69.2	15.4	3.9	
1851-65	3	16	9	7	35	8.6	45.7	25.7	20	
1816-65	7	40	18	13	78	9.0	51.3	23.1	16.7	

giftarmålsdato ved giftarmål mellom gutar og jenter for tre ulike tidsromm i perioden 1816-65. Her ser ein at for perioden totalt sett var gjennomsnittleg 50% av kvinnene gravide ved giftarmålet. Skal ein så utifrå dette slutta at graviditet var den primære årsaka til at mange av desse giftarmåla vart inngått? Neppe, for eit mindre del av giftarmåla kan nok dette ha vore tilfelle, men det er særleg ein faktor som talar mot at dette var ein generell tendens, nemleg den høge giftealderen. Den skulle heller tyda på at ein hadde med vel planlagte giftarmål å gjera. Ei forklaring på at så mange av jentene var gravide ved giftarmål, kan liggja i synet på den kyrkjelege vigsel. Det kan vera at den i stor grad vart sett på som ein formalitet, som ein kunne ordna ved eit passende høve, og at det var sosialt akseptert at det ekteskapelege samlivet starta tidlegare. Frølich fortel at det var vanleg skikk i prestegjeldet at trulova par flytta saman før bryllaupet¹²⁾. Tabell 3.16 byggjer på førre tabell og syner fordelinga av giftarmål gjennom kalenderåret. Her ser ein at giftarmåla var konsentrert om spesielle tider på året. Dei fleste giftarmål vart inngått i juni/juli. Ein slik konsentrasjon av giftarmål kan forklarast med at bryllaupet ikkje måtte kollidera med andre viktige gjeremål som gjekk føre seg til faste tider, anten det no var snakk om onnene i jordbruket eller vårsildfisket. Elles serein, ein aukande tendens til å gifta seg i april. Dette kan ein sjå i samanheng med utviklinga i vårsildfisket, særleg etter 1850 var det mange som reiste på nora og søra fisket og desse kom heim att i april. Kanskje dei nettopp då med pengar i lomma, såg seg i stand til å gifta seg?

I familiekorta er registrert status ved giftarmål. Dei gjev og opplysningar om den vidare karrieren til familien. Dette kan vera interessant for å finna ut kva økonomiske grunnlag folk gifta seg på. Var graviditetsfaktoren ein primærårsak til at mange giftarmål kom i stand, skulle ein venta å finna

mange som gifta seg på eit svakt økonomisk grunnlag. Storparten av dei som gifta seg, hadde gard eller plass når første barnet var fødd. Men 25-30% av alle ekteskap mellom gutar/jenter var familiefaren framleis tenar ved 1. fødsel. Denne gruppa har eg skilt ut i tabell 3.17. Her ser ein at svært mange av dei kvinnene som var gift med tenarar var gravide før giftarmålet. I denne gruppa finn ein mest alle som fekk barn før giftarmålet. Ein skulle tru at mange av desse giftarmåla var inngått på eit nokså tilfeldig og svakt økonomisk grunnlag, då ein ikkje akkurat kan rekna det å vera tenar for noko tilfredstillande levebrød for ein familieforsørgjar. For ein del av desse tenargifte synes og dette å vera tilfelle. Følgjer ein karrieren deira ser ein at dei kanskje blir inderstar etter nokre år, for så kanskje å få seg ein husmannsplass, og ofte sender dei på fattigkassa.

Men dette gjeld berre ein mindre del av dei som giftar seg som tenarar, ca. 20%, medan storparten av denne gruppa endar som brukar på det bruket dei var tenar på. Dette kan skje etter eit par år, men ein finn og døme på at det går bortimot 10 år. I desse tenargifta kan ein nemleg identifiseraden eine av ektemakane som livsarving til det bruket dei er tenarar på. Det synes å ha vore ei nokså vanleg ordning på strilelandet, at eldste sonen gifta seg som tenar og at han og kona arbeidde som tenarar hjå foreldra i fleire år før dei tok over bruket. Dei flytte då oftast saman i april, då dei tidlegare tenarane vart utsagt, medan giftarmålet sjeldan stod før i juni/juli. Ei slik ordning kom i stand etter avtale med foreldra. Eilert Sundt har observert den same ordninga i naboprestegjeldet Manger 13.)

Ein skal såleis vera varsam med å sjå tenargifte berre som uttrykk for svakt økonomisk funderte ekteskap som er komne i stand p.g.a. at kvinna har vore gravid. Oftast var det snakk om ei fullt ut akseptert ordning, som både dei unge og

foreldra såg som ei føremon. Eilert Sundt fortel i frå Manger at det ofte var foreldra som tok initiativet til eit slikt giftarmål. At denne ordninga var temmeleg vanleg, går klart fram av tabell 3.17. Ein konsekvens av dette vert at det treng ikkje vera nokon samanheng mellom dødsdato eller kåralder til ein brukar og giftealderen til sonen. Det var ingen føresetnad at han skulle ta over bruket før han gifta seg.

Det kan synast som om det var lett å etablere seg i Lindås. Vi har sett at det var få barn som var fødd utanfor ekteskap av foreldre som var fri til å gifta seg. Dette skulle tyda på at ein eventuell trong økonomi sjeldan var nokon hindring for at giftarmål kom i stand. Auken i talet på husmannsplassar, og då særleg av plassar som var så små at dei ikkje kunne fø ein familie peikar i same lei. Det synes ikkje å ha vore nokon sterke sosiale restriksjonar mot å etablere seg som husmann, noko som tyder på at desse greidde seg bra. Ein ville vel i større grad prøvd å avgrensa talet på husmenn, dersom desse ikkje hadde noko å leva av, då dette betydde auka fattigutgifter.

På den andre sida tyder den høge giftealderen før 1865 på eit sterkt befolkningspress og at det var vanskeleg å etablere seg. Vi har og sett at graviditet før giftarmålet ikkje trong å bety at graviditetsfaktoren var primærårsak til giftarmålet. Det synes som om ein har hatt to ulike fasar, ein periode fram til 1865 med stadig aukande befolkningspress og så eit 10-år der presset letna og det vart lett å etablere seg. Høg giftarmålshyppighet treng ikkje å bety at det var lett å etablere seg då dette er ein faktor som ein må sjå i relasjon til befolkningsstrukturen til ei kvar tid. For å få ei klar forståing av giftarmålsutviklinga og korleis befolkningsveksten verka inn på denne skal vi sjå nærare på giftarmål og befolkningsstruktur, kor mange gifte ein hadde i dei ulike aldersgrupper.

Befolkningsstruktur og giftarmålsmonster for gutar/jenter.


Tabell 3.1 syner aldersfordelinga ved dei ulike folketeljingar i perioden, inndelt i 10-årsgrupper. Ei finare inndeling kunne vore nytta for dei nominative teljingane, men av grunnar som er gjort greie for tidlegare (kap. II), fann eg at ei finare inndeling enn 10-årsgrupper ikkje var tilrådeleg for teljingar før 1865. Dette betyr ikkje at ein eliminerar eventuelle feil ved ei 10-års inndeling, men som før nemnt vil slike feil ved ei grov aldersinndeling jamna seg ut og neppe få nokon større praktisk betydning.

Denne tabellen støttar opp om det som tidlegare er sagt om befolkningsutviklinga. I 1835 ser vi at den sterke befolkningsveksten etter 1815 har ført til ein markert oppgang i dei yngre aldersklassane i høve til 1801. I 1845 var dei store barnekulla 1816-25 nådd gifteferdig alder og alderstrinnet 20-29 utgjer då ein svært høg andel av befolkninga. Dette fører til mange giftarmål som igjen resulterer i eit stort antal barn i alderen 0-9 år i 1855. Dette 10-årskullet vert sterkt desimert innan det når gifteferdig alder i tida 1866-75, noko ein må sjå i samanheng med den netto-utflyttinga vi registrerte i kapittel II mot slutten av perioden. Likevel utgjer gruppa 20-29 ein høg andel av befolkninga i 1875, iallefall sett i relasjon til dei andre 10-årskull i vaksen alder. Talet på unge i 20 års alderen er særleg lågt i 1865. Dette kan forklarast utifrå dei relativt små fødselskulla i slutta av 1830-åra og først i 1840-års. I 1835 synes aldersgruppa 20-29 år å ha vore vel stor i høve til det vi tidlegare har sagt om nataliteten. Dette kan ha samanheng med det innflyttingsoverskotet vi hadde i tida 1826-35 (jfr. kap. II). Elles hadde ein mange 20-åringer i 1835 p.g.a. det store fødselskullet i 1815 (jfr. tab. 3.1). 1835-teljinga er i det heile svært vanskeleg å vurdera, då ein ikkje har 1825-teljinga å jamføra med.

Tabell 3.18. Befolkningen i Lindås i aldersgrupper 1801 - 1875.
Absolutte og relative tal.

Årstal	Menn									Kvinner								
	0-9	10-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-79	80+	0-9	10-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-79	80+
1801	429	329	267	221	212	182	118	39	9	457	336	310	256	241	177	107	69	21
1835	638	537	392	307	282	188	139	77	33	627	524	469	322	308	226	165	105	29
1845	690	577	473	361	272	242	140	76	27	662	604	539	401	298	276	165	84	32
1855	819	604	473	413	318	216	162	74	21	811	606	567	461	334	279	206	86	30
1865	882	745	491	411	381	283	155	87	23	816	758	522	499	377	303	204	136	29
1875	925	777	539	393	363	319	244	100	33	966	753	651	447	403	365	270	133	56
1801	23.8	18.2	14.8	12.2	11.8	10.1	6.5	2.2	0.5	23.2	17.0	15.7	13.0	12.2	9.0	5.4	3.5	1.1
1835	24.7	20.7	15.1	11.8	10.9	7.3	5.4	3.0	1.2	22.6	18.9	16.9	11.6	11.1	8.1	5.9	3.8	1.0
1845	24.2	20.2	16.6	12.5	9.5	8.5	4.9	2.7	0.9	21.6	19.7	17.7	13.1	9.7	9.1	5.4	2.7	1.0
1855	26.4	19.5	15.3	13.3	10.3	7.0	5.3	2.4	0.6	24.0	17.9	16.8	13.6	9.9	8.2	6.1	2.5	0.8
1865	25.5	21.5	14.2	11.9	11.0	8.2	4.5	2.5	0.7	22.4	20.8	14.3	13.7	10.4	8.3	5.6	3.7	0.8
1875	25.0	21.0	14.7	10.6	9.8	8.6	6.6	2.7	0.9	23.9	18.6	16.1	11.0	10.0	9.0	6.7	3.3	1.4

Fig. 3.I
Befolkningen i Lindås
ved teljingane
i 1801, 1845 og
1875. Relativ
storleik.



Samanliknar vi så dei to teljingane først og sist i perioden, 1801 og 1875, ser vi at det berre har skjedd små endringar i befolkningsstrukturen på desse 75 åra. Gruppa vaksne mellom 30 og 49 år syner ein viss nedgang, medan andelen barn og unge under 20 år har gått opp. Andelen eldre er omtrent den same, noko som og gjeld folk i 20-års alderen. Sykliske endringar i nataliteten kan nok vera med å forklara dei skilnader ein har i befolkningsstrukturen i 1801 og 1875, men viktigast i denne samanheng synes utflytting å vera. Vi hadde som nemnt ei betydeleg utflytting i slutten av perioden. Denne råka først og fremst den vaksne arbeidsføre del av befolkninga og då særleg dei yngre i denne gruppa. Utifrå dette ser det og ut som befolkninga i 1801 i liten grad er vorte desimert ved utflytting, då den vaksne andelen av befolkninga er så pass stor som den er.

Elles er som sagt endringane i befolkningsstrukturene små, noko som går klart fram av fig. 3.I som syner befolkningspyramiden ved tre folketeljingar, først, sist og midt i perioden.

No skal vi sjå nærare på giftarmålsmonsteret for gutar/jenter, korleis dette endra seg og kva befolkningsstrukturen til ei kvar tid betydde i denne samanheng. Vi har sett at giftarmålsrata for gutar/jenter synte ei stigning etter 1850. Samstundes med dette fekk vi ein oppgang i giftealderen som kuliminerte i 1865. Siste 10-års bolken viste giftealderen eit markert fall noko som var særleg tydeleg for kvinner. Denne utviklinga kan ein i stor grad forklara utifrå befolkningsstrukturen ved dei ulike folketeljingar. Vi ser i tabell 3.18 at i 1855 var aldersgruppa 30-39 år svært stor, det er dei store barnekulla frå 1816-25 som no er nådd opp i denne alderen. Men kan det tenkjast at desse kulla var så store at sjølv om mange gifta seg i slutten av 1840- åra og først i 1850 åra, så var det ein stor andel som framleis gjekk ugift i 30-års alderen? Med andre ord at samfunnet

ikkje har kunna skaffa levebrød for den aukande skaren av unge, slik at mange har vorte gåande ugifte? Har så mange utsett giftarmålet til dei var eldre og kanskje hadde skaffa seg eit betre økonomisk grunnlag å gifta seg på? Dette ville i så fall føra til eit sterkt giftarmålspress frå dei eldre ugifte i 1850 og 1860-åra, noko som vil slå ut ved at giftealderen stig. Dei eldste ville koma først i køen når det galdt giftarmål, dei yngre måtte venta på tur. På den måten ville ein stadig få ein stor del av ugifte i gifteferdig alder, eit sterkt press av folk som ønskte å etablere seg. Det giftarmålspresset som ein tidlegare hadde hatt i visse periodar og som hadde si årsak i store kull i gifteferdig alder, ville få eit meir konstant preg. I siste 10-årsbolken fekk ein eit sterkt omslag i utviklinga: Giftealderen gjekk ned og giftarmålshyppigheten for gutar/jenter gjekk opp. Ligg forklaringen til dette i ein kombinasjon av store ungdomskull og sterk utflytting?

Tabell 3.19 syner andelen ugifte og ikkje tidlegare gifte ved dei ulike folketeljingane. Tabellen er avgrensa til aldersklassane 20-49 år, då 1. gongsgifte berre unntaksvis fann stad utover desse aldersklassane (jfr. tab. 3.7).

Tabell 3.19 syner at ein fekk sterk auke i andelen ugifte og ikkje tidlegare gifte utover på 1800-talet, noko ein må sjå i samband med den sterke befolkningsveksten. Vi skal i første omgang konsentrere oss om andelen ugifte menn, då det var dei som vanlegvis tok initiativet til giftarmål. Det var dessutan færre menn enn kvinner i gifteferdig alder ved alle folketeljingane (tab. 3.20). Alt i 1835 ser ein at andelen ugifte under 40 år er stor i høve til 1801-teljinga. Dette er enda meir markert i 1855 og 1865. I 1865 har dette og slått ut for alderstrinnet 40-49 år. I 1875 derimot er andelen ugifte redusert kraftig og mest kome ned att på 1801-nivå. Tabell 3.18 synte at aldersgruppa 30-49 år var relativt mindre ved denne teljinga enn ved noko anna teljing i perioden og svært

Tabell 3.19. Andel ugifte og ikkje tidlegare gifte - 20 -49 år.

	Menn			Kvinner		
	20-29	30-39	40-49	20-29	30-39	40-49
1801	68.9	11.3	6.1	64.2	23.0	16.6
1835	75.3	19.9	3.2	74.9	29.5	15.3
1855	72.2	21.6	5.7	77.7	33.0	11.4
1865	79.0	22.6	10.3	74.3	36.3	14.6
1875	68.8	17.3	4.1	67.2	29.8	18.4

Tabell 3.20. Kvinner pr. 100 mann.

	1801	1835	1845	1855	1865	1875
20-29	116	120	114	120	106	121
30-39	127	105	111	112	121	114
40-49	114	109	110	105	99	111

Tabell 3.21. Ugifte og ikkje tidlegare gifte over 50 år i%.

	1801	1835	1855	1875
Menn	12.9	20.8	24.1	24.3
Kvinner	27.3	30.9	39.8	35.1

låg i høve til aldersklassane 20-29. Dette kan forklara nedgangen i giftarmålsalderen. Reduksjon i andelen ugifte må primært sjåast som ein konsekvens av utflytting. Nedgangen i giftealder og storleiken på dei tre aktuelle 10-års kulla i gifteferdig alder må ein forklara utifrå storleiken på fødselskulla. Trass i ein sannsynleg sterk reduksjon ved utflytting er aldersgruppa 20-29 år relativt sett mykje større enn dei to eldre 10 års kulla, som nok øger sterkt redusert ved utflytting. Dette må forklarast med at gruppa 20-29 år i 1875 stammar frå dei store barnekulla som var fødd i tida 1846-55, medan det eldre 10-års kullet mellom 30 og 39, har sitt opphav i dei relativt mindre fødselskull i slutten av 1830-åra og først i 1840-åra. Andelen ugifte kvinner ved dei ulike folketeljingar syner den same trenden i utviklinga, ein auke i andelen ugifte, som kuliminerar i 1865 og deretter får ein sterk nedgang fram til 1875. Elles ser vi at andelen ugifte kvinner er høgare for aldersklassar over 30 år og stort sett lågare under 30 år enn for menn. Dette forhold har si årsak i giftealder gutar/jenter. Den var nokså lik for begge kjønn, men likevel litt lågare for jenter. Som det går fram av tabellen er andelen ugifte langt høgare blant kvinner, noko som har samanheng med eit visst kvinneoverskot i dei vaksne aldersklassane (jfr. tab. 3.20, 3.21). Dette skuldast m.a. høgare mortalitet blant menn enn kvinner. Flyttemønsteret kan og verka inn her.

Tabell 3.19 svarar såleis positivt på dei spørsmåla vi stilte ovanfor. Ein høg andel ugifte i aldersgruppa 30-39 og delvis 40-49 i 1850 og 1860-åra har pressa giftealderen opp, samstundes som det har ført til eit sterkt giftarmålspress p.g.a. mange ugifte i gifteferdig alder. I tida 1865-75 har så utflytting redusert befolkningspresset og senka andelen ugifte. Eit stort antal unge i alderen 20-29 år har i denne perioden ført til høg giftarmålshyppighet og relativ låg giftealder.

Eg har tidlegare nemnt at oppgangen i nuptialiteten i slutten av 1840-åra ikkje var så sterk som ein skulle venta utifrå dei store kulla ein hadde i gifteferdig alder. Dårlege økonomiske konjunkturar i slutten av 1840-åra kan nok ha vore ei medverkande årsak til dette. Til ein viss grad kan ein seia at dei årlege svigningane i nuptialiteten speglar dei økonomiske konjunkturane, i gode år vil mange gifta seg, medan det er få som ser seg råd til å stifte bu dersom tidene er vanskelege. Ser ein så i tabell 3.1 først i kapittelet synes særleg 1847 å ha vore eit vanskeleg år, då nuptialiteten var svært låg. At 1846-47 var eit kriseår blir støtta av ei innberetning frå presten Daae i 1847. Han fortel at det var dyrtid med høge kornprisar, vårsildfisket og heimafisket slo feil, og sist men ikkje minst, potetavlinga som ein etterkvart var blitt så avhengig av i Lindås, vart totalt øydelagd p.g.a. potetråte. Dårlege økonomiske konjunkturar i slutten av 1840-åra kan såleis ha forsterka tendensen til å utsetja giftarmål og medverka til at gruppa ugifte over 30 år vart så pass stor utover på 1850-60 talet. Dei økonomiske tilhøva synes foressten å ha vore bra i 1850 og 60 åra. Lensmannsberetningane fortel om framgang i jordbruket og bra fiske. Vårsildfisket (nora-fisket) synes å ha vore av særleg stor betydning for Lindås i 1860-åra og først på 1870-talet. Den aukande byvoksteren verka stimulerande inn på næringslivet i bygda særleg i siste 10-års

bolken. Elles synes 1850-åra å ha vore gode år, i allefall dersom ein skal døma utifrå heradstyret sin vilje til å løyva pengar til sosiale og kulturelle føremål. I desse åra vart skulevesenet utbygd, arbeid med kjøp og oppføring av nye kyrkjer vart sett i gang i alle sokna. Elles fekk bygda eigen heradsagronom i 1859 og ein eineståande reform som fri lækjarhjelp til alle kom så tidleg som i 1855¹⁴⁾.

Det var i denne tida at ein som før nemnt fekk så sterk auke i talet på husmenn. Dette kan ha verka inn på den oppgangen ein hadde i giftealderen og forsterka denne. Å etablera seg som husmann kunne koste ein god del. For det første måtte ein betala ein relativ høg innfestingssum. Vidare måtte ein setja seg opp hus sjølv. Det kunne nok vera at ein mann måtte spara i mange år før han fekk råd til dette. Dette galdt ikkje alle husmenn, yngre søner som etablerte seg på farsgarden fekk ofte plassen som ein del av arven.

Den auken ein hadde i giftarmålshyppigheten i siste del av perioden, må dels sjåast på som eit uttrykk for sterkt befolkningspress og dels som eit resultat av auka sjansar til å skaffa seg innkomer utanfor jordbruket. Det var og andre faktorar som kunne stimulera giftarmålshyppigheten som bør nemnast. Den nedgangen ein hadde i talet på attgifte frigav jord slik at unge kunne etablera seg. Utflyttinga kunne og verka inn her. I siste 10-års perioden var det nemleg ei viss utflytting av gifte, etablerte folk som reiste frå ein gard eller plass, noko som gav sjansar for andre å etablera seg.

Før 1865 greier ikkje det aukande talet av levebrød å halda følgje med befolkningsveksten, og ein får eit stadig sterkare befolkningspress. I siste 10-års bolken lettar trykket gjennom ei sterk nettoutflytting og andelen gifte i dei aktuelle aldersgrupper aukar sterkt. At veksten framleis heldt seg

på eit høgt nivå, må nettopp ha samanheng med auka sjansar til å finna seg eit levebrød utanom jordbruket.

Vi har såleis sett at befolkningsveksten i perioden fører til store endringar i giftarmålsmonsteret. Aukande befolkningspress gjev lågare giftarmålsintensitet og høgare giftealder. Stadig fleire ungdomar i gifteferdig alder slår ikkje ut i høgare nuptialitet totalt sett og den nedgangen ein hadde i det relative talet på attgifte gjev ikkje høgare natalitet, då denne utviklinga skjer parallelt med at giftealderen for jenter går opp. Nuptialiteten synes å ha vore ein faktor som har verka regulerande inn på veksten. Før den store utflyttinga kom i siste 10-års perioden, har den verka som ei bremse på befolkningsveksten og hindra at denne vart endå sterkare. Nataliteten var svært stabil i perioden og den aukande naturlege tilveksten mot slutten av perioden skuldast som før nemnt nedgang i mortaliteten.

B. Mortaliteten.

a) Generell og aldersspesifikk mortalitetsutvikling 1801-75.
I kapittel II tabell 2.3, såg vi at dødsrata synte ein nedgang i perioden. Den fall nokså moderat frå 1801-15 til 1816-25, steig så svakt og heldt seg stabil fram til 1845. Frå den tid fall dødsrata jamt kvart tiår. Tabell 3.22 syner korleis mortalitetsrata utvikla seg for menn og kvinner separat i perioden. Her ser ein at dødsavgangen var markert høgare for menn enn for kvinner. Årsaken til dette ligg dels i fysiologiske skilnader og dels i den ulike arbeidssituasjonen. Mannen var meir utsett for ulykker og sjukdom gjennom arbeidet. Dette gjer seg ikkje minst gjeldande i eit samfunn der fiske er ein viktig næringsveg. Dette forhold er ei av årsakene til at ved alle folketeljingar i perioden har ein eit kvinneoverskot, trass i at det jamt over vart fødd fleire gutar enn jenter. Flytting er sjølsagt ein faktor som og er svært viktig i denne samanheng.

Dødsrata er eit svært grovt mål på mortaliteten. Den fortel kor mange som døde pr. 1000 ibuar utan å ta omsyn til aldersfordelinga i befolkninga. I og med at sannsynet for å døy er mykje større blant spebarn og gamle enn folk i sin beste alder, ligg her ein risiko for feiltolkning: Ein nedgang i dødsrata kan vera eit resultat av færre barn og gamle i befolkninga. Utifrå tabell 3.18 synes dette neppe å ha vore tilfelle i Lindås, noko som går heilt klart fram av tabell 3.23. Det må såleis slåast fast at nedgangen i mortaliteten var reell nok.

Men for heilt å eliminera verknadene av aldersfordelinga i befolkninga og dessutan konkret finna ut korleis endringane i mortaliteten arta seg, skal vi sjå på tabell 3.24. Denne tabellen syner den aldersspesifikke mortaliteten i 10-års grupper. Her er teke med tre ulike 10-års bolkar først, sist og midt i perioden. Den grove aldersdelinga er nytta av omsyn til aldersfordelinga i folketeljingane 1801 og 1835 (jfr. kap. II om aldersoppgåver). Ei finare inndeling ville dessutan føra til at ein fekk svært låga tal å arbeida med, noko som ville auka risikoen for tilfeldige utslag. Elles betyr ikkje ei 10-års inndeling av folketeljingane at desse er 100% korrekte, og særleg i dei eldre aldersklassane kan det vera feil i inndelinga.

Korleis er så utviklinga av den aldersspesifikke mortaliteten? Frå 1796-1805 til 1831-40 er det særleg ei endring som er iaugnefallande: Den sterke nedgangen i barne og ungdomsdøden. Dette er særleg markert for dei som er under 10 år. Elles er mortaliteten relativt stabil for vaksne, Det synes faktisk å vera ein viss oppgang i mortaliteten for menn i alderen 20-29 og 40-59. Frå 1831-40 til 1866-75 har barne- og ungdomsdøden gått ned. Aldersgruppa 20-29 syner ein tendens til oppgang, noko som no også gjeld kvinner, medan mortaliteten for kvinner i 30-års alderen har gått ned. I kva grad dette

Tabell 3.22. Døde pr. 1000 menn/kvinner. 15)

Periode	1801-15	1836-45	1846-55	1856-65	1866-75
Menn	22.7	21.4	19.4	18.1	16.8
Kvinner	20.0	18.8	17.6	16.3	14.3
Samla	21.3	20.0	18.5	17.2	15.5

Tabell 3.23. Prosentvise fordeling av barn, vaksne og gamle.

Kjønn	Menn			Kvinner		
	Aldersgr. 0-14	15-64	65+	0-14	15-64	65+
1801	34.9	59.4	5.8	32.2	60.5	7.3
1855	37.3	57.4	5.3	33.9	59.7	6.3
1865	37.0	58.0	5.0	32.9	60.1	7.1
1875	36.9	56.4	6.6	33.2	58.7	8.1

Tabell 3.24. Aldersspesifikk mortalitet.

Aldersgruppe	0-9	10-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-79	
Menn	1796-1805	43.6	9.4	9.3	9.9	8.5	14.8	34.8	92.3
	1831-40	29.9	5.6	11.0	9.6	13.8	17.0	40.0	84.5
	1866-75	25.6	4.5	11.3	9.6	10.2	13.3	24.2	73.0
	1796-1805	33.0	8.0	5.5	10.9	9.5	16.4	41.1	68.1
Kvinner	1831-40	27.1	3.0	4.5	10.9	9.1	19.5	29.7	89.5
	1866-75	20.3	2.7	6.1	6.7	9.5	17.1	27.0	60.2

gjer uttrykk for reelle endringar i mortalitetstilhøva i desse aldersgruppene, eller om ein har med meir eller mindre tilfeldige utslag å gjera, kan vera vanskeleg å seia noko om. Eg skal koma attende til dette i neste avsnitt. Elles synes mortaliteten for dei eldre aldersgruppene å ha gått ned.

Skal vi summera opp den aldersspesifikke mortalitetsutviklinga i perioden, kan vi konkludera med følgjande: Barne- og ungdomsdøden gjekk kraftig ned, mortaliteten blant eldre gjekk og ned mot slutten av perioden, medan mortaliteten blant dei vaksne mellom 20 og 59 heldt seg relativt stabil. Det som skjedde var altså at stadig fleire av dei fødte nådde opp i gifteferdig alder.

Vi skal no sjå nøyare på mortaliteten i aldersgruppa 0-9 år. Mortaliteten syner eit markert fall frå denne aldersgruppa og fram til neste 10-års trinnet. Årsaka til at skilnaden er så stor, ligg i at aldersgruppa 0-9 omfattar døde under eitt år. Sannsynet for å døy var svært høgt i første leveåret. Spebarndøden kan ein lettast måla ved å sjå kor mange barn som var døde før dei var fylt eitt år i høve til 1000 fødte. Dette er gjort i tabell 3.25. Med den grove periodeinndelinga som ei nytta i denne tabellen ser vi at nedgangen i barnedøden ikkje var særleg markert før etter 1850. Elles kan vi merka oss at barnedøden er mykje høgare blant gutar enn blant jenter, noko som må forklarast utifrå reint fysiologiske skilnader. Tabell 3.26 syner korleis sannsynet for å dø endrar seg gjennom første leveåret. Her ser vi at dess eldre barnet er dess større er sjansen for å leva. Elles ser ein at endringane i barnedøden over tid var særleg stor for barn under 4 månader. Når det gjeld gruppa 7-11 månader er det ei mogleg feilkjelde som bør nemnast. Dei barn som er oppført som eitt år gamle i kyrkjebøkene har eg konsekvent ført i aldersgruppa 1-9 år. Her kan det vera tale om omtrentlege oppgåver og at eit barn som t.d. er 10-11 mnd. vert oppført som 1.åring. I og med at mortaliteten er så låg i gruppa

Tabell 3.2⁵. Døde u. 1 år pr. 1000 fødde.

Periode	1801-15	1815-25	1826-35	1836-45	1846-55	1856-65	1866-75
Gutar	202	186	204	172	161	140	119
Jenter	170	166	152	165	133	129	93
Totalt	186	176	178	168,5	147	134,5	114

Tabell 3.2⁶. Døde under eitt år, pr. 1000 fødde.

Alder		u. 1 mnd.	1-3 mnd.	4-6 mnd.	7-11 mnd.	u.12
Gutar	1801-10	90.4	90.4	30.7	11.9	223.4
	1831-40	88.2	65.5	30.2	6.2	190.1
	1851-60	67.4	42.9	29.2	10.5	150.0
	1866-75	42.9	42.9	28.9	4.1	118.8
Jenter	1801-10	73.5	59.0	37.6	12.5	182.6
	1831-40	66.6	63.9	38.6	5.3	174.4
	1851-60	54.2	33.4	19.8	7.3	114.7
	1866-75	29.0	29.9	22.8	11.4	93.1

Tabell 3.2⁷. Døde pr. 1000 1 - 9 år.

Periode	1796-1805	1831-40	1866-75
Gutar	19.3	7.2	9.1
Jenter	13.1	7.2	6.8

7-11 mnd., vil ikkje ein slik feil bety altfor mykje for den totale barnedøden, men ein bør vera forsiktig med å seia noko om utviklinga av mortaliteten i gruppa 7-11 mnd. Det var forresten ikkje urimeleg mange som stod oppført å vera 1. år i dødslistene.

I tabell 3.25 er nytta ei anna periodeinndeling enn i 3.26 og vi ser at spebarndøden var mykje høgare i 1801-10 enn i 1801-15, noko som tyder på at spebarndøden gjekk kraftig ned mot slutten av perioden 1801-15. Utifrå tabell 3.24 ser ein at barnedøden var særleg stor kring hundreårskiftet. Dette synes ikkje berre å gjelde spebarn, men og barn i alderen 1-9 år (jfr. tab. 3.29).

I neste avsnitt skal vi prøva om vi kan finna noko ut om årsaken til og bakgrunnen for den utviklinga vi no har skissert.

b) Bakgrunnen for endringane i mortaliteten.

Har vi så noko kjelde som kan fortelja oss kva folk døde av på 1800-talet? Noko fullstendig oversyn over dødsårsakene finst ikkje, men litt hjelp kan ein få av kyrkjebøker og medisinalrapportar. Frå 1850 gjev medisinalrapportane opplysningar om dødsårsaker, men dette gjeld berre ein liten del av dødsfalla og oftast berre for dei som har søkt lækjarhjelp. Distriktslækjar Krohn klaga over at folk var så lite flinke til å gje opp eksakte dødsårsaker når dei melde frå om eit dødsfall. Folk flest opererte berre med to dødsårsaker, skreiv han, nemleg "Dauen og alderdomssvekkelse"¹⁶⁾. Doktoren vart ofte tilkalt dersom det var snakk om større epidemiar, og medisinalrapportane kan gje nokså fyldige opplysningar om epidemisk sjukdom.

Ei anna kjelde som kan fortelja oss noko om dødsårsaker er kyrkjebøkene. Heilt frå 1801 og utover blir det reint sporadisk opplyst om dødsfall ved ulykker. Etter 1816 fekk ein

eigen merknadsrubrikk i dødslistene, og her synes det å ha vore vanleg å føra opp dødsfall dersom dette skuldast ei ulykke. Frå 1835 står det eksplisitt i merknadsrubrikken at dødsårsaker skal førast opp dersom det er tale om ulykker eller smittsomme sjukdomar. Då folk hadde lite greie på å stilla diagnosar, er det berre dersom det er heilt spesielle epidemiar at ein får greie på årsaken til eit dødsfall. Dødsfall p.g.a. ulykker synes derimot å bli ført meir konsekvent etter 1835, men det er vanskeleg å seia noko om kor pålitelege desse opplysningane er.

Både kyrkjebøkene og medisinalrapportar kan gje mange nyttige opplysningar om mortalitetstilhøva, men noko statistisk oversyn over dødsårsakene til ei kvar tid kan dei ikkje gje.


Elles er fig. 3,II og fig. 3,III, svært nyttige i denne samanheng og ein kan utifrå desse slutta seg til ein del om bakgrunnen for den mortalitetsutviklinga vi hadde. Fig. 3,II byggjer på tabell 3.1 som vi presenterte først i dette kapitlet og syner dei årlege variasjonane i talet på fødde, døde og gifte i perioden, medan fig. 3, III syner det totale antal døde og døde under eitt år. Elles kan det vera nyttig å sjå på fordelinga av dødsfalla gjennom kalenderåret, om ein har særskilt mange døde på visse tider av året og om ein i år med høg mortalitet har sterk konsentrasjon av døde.

M. Drake har peika på at nedgang i mortaliteten først på 1800-talet var eit allment fenomen i Noreg¹⁷⁾. I denne samanheng nemner han fleire faktorar som kan ha ført til ei slik utvikling. Han peikar på koppevaksinering frå 1810, dessutan at ein fekk eit visst mildare epidemisk klima, dvs. at epidemiar tok ein mildare form enn tidlegare. Betre kosthald og større tilgang på mat som ein følgje av aukande potetproduksjon er og nemnt som ein faktor som hadde gunstig innverknad på mortalitetsutviklinga. Høg mortalitet i enkelte år før 1815 er

PERSONAR


FIG. 3 II

FØDDE, DØDE OG GIFTE ÅRLEG I LINDÅS 1801-75



PERSONAR

FIG. 3 III
DØDE TOTALT OG SPEBARNDØD



sett i samanheng med krig og uår, som har ført til direkte matvarekrise. 1808 og 1812 er nemnt som særskilte kriseår.

Når vi no skal sjå på endringane i mortalitetstilhøve i Lindås, skal vi prøva å vurdera kva rolle dei faktorane som her er nemnt har spela for utviklinga. Vi skal ta utgangspunkt i fig. 3,II. Her ser vi at talet på døde fluktuerar kraftig frå år til år. Ein del av dei toppane vi har, fell saman med eit høgt antal fødde. Då mortaliteten er særleg høg i første leveåret, er ein slik korrelasjon rimeleg. Høg natalitet synes å ha vore ein medverkande årsak til den høge mortaliteten i t.d. 1816, 1845 og 1863. Men ser ein på dei åra då talet på døde er høgast, i 1802-03 og 1837, dei einaste åra i perioden då talet på døde er høgare enn talet på fødde, då er talet på fødde lågt. Kan vi seia noko om den ekstremt høge mortaliteten desse åra utifrå figuren?

Som nemnt tidlegare speglar dei årlege variasjonane i talet på gifte til ein viss grad dei økonomiske konjunkturane. I kriseår vil talet på giftarmål vera lågt, då folk vil utsetja giftarmåla til tidene er vorte betre. Eit visst atterhald må eingjera her. Høg mortalitet blant vaksne eit år, vil frigje mange levebrød, noko som vil føra til ein oppgang i talet på giftarmål uavhengig av økonomiske konjunkturar. Ein skal difor vera varsam med å tolka den relativt høge nuptialiteten i 1803 og 1837 som eit prov på at det var gode tider desse åra. På den andre sida er det ingen grunn til å tru det motsette: Eg har ikkje funne nemnt nokon stad at dette skulle vera særskilt vanskelege år, dessutan ser ein at år som ein veit, var kriseår ikkje slår ut på mortaliteten. Utifrå talet på gifte synes t.d. 1805 å ha vore eit vanskeleg år, men mortaliteten er svært låg dette året. Vidare, i 1847, som vi veit var eit kriseår, noko som og slår sterkt ut på antalet gifte, var talet på døde lågt. Elles kan vi merka oss at kriseåra 1808 og 1812 med uår og dyrtid ikkje synes å ha slått ut på mortaliteten. Det er såleis ikkje

mogeleg å finna nokon korrelasjon mellom økonomiske kriser og mortalitet i Lindås i perioden. Det at ein i Lindås dreiv ein kombinasjon av jordbruk, fiske og fedrift, at ein hadde så mange bein å stå på, gjorde vel at ein stort sett var spart for hungersnaud.

Kva var så eigentleg årsakar til den høge mortaliteten i 1802-03 og i 1837? Det synes rimeleg å anta at det er kraftige epidemiar ein her har hatt med å gjera. Eit slikt syn blir styrka dersom ein undersøker korleis dødsfalla fordelte seg gjennom kalenderåret. Ein vil da finna at i 1802-03 var det ein sterk konsentrasjon av dødsfall frå oktober 1802 til mars 1803. Heile 50% av det samla antal dødsfall finn ein i denne perioden og særleg stor var dødsavgangen midt i perioden i des. og jan. I 1837 finn ein den same tendensen, ein sterk konsentrasjon av dødsfall i eit bestemt tidsrom. Då finn ein 50% av dødsfalla i dei 4 månadane april - juli. Ei undersøking eg gjorde over aldersfordelinga på dei døde i 1803 og 1837 synes å indikera at desse to epidemiane ikkje råka dei same aldersgrupper. I 1803 var det særleg mange dødsfall blant barn, ca. 40% av dei døde var under 10 år. I fig. 3, II ser vi at talet på døde var høgt i 1803 trass i lågt fødselstal. I 1837 derimot synes den høge mortaliteten primært å ha gått ut over dei vaksne. Då er berre 25% av dei døde under 10 år. Fig. 3, III syner då heller ikkje noko særleg høgt antal døde under eitt år. Dette kan tyda på at vi har med ulike epidemiar å gjera. Kan vi i så fall seia noko om kva slag epidemiar dette var? Her kan nok kyrkjebøkene og medisinalrapportane vera til hjelp. I medisinalrapportane finn ein at tyfus, eller rettare tyfoidfieber, går att år etter år med stadige epidemiar frå 1850 og ut perioden. I medisinalrapporten for 1858 seier distrikslækjarn at tyfoidfieber er den viktigaste epidemiske sjukdomen i distriktet og om utbreiinga av tyfoidfieber tidlegare i perioden seier han at "Prost Hveding som har færdedes i Prestegjeldet fra Barns-

ben af, berætter at så langt han kan erindre tilbake har dette stedse været tilfældet! Ein finn då og av og til i kyrkjebøkene etter 1835, at nervefeber eller tyfoid feber er oppgjeven som dødsårsak. Dette finn ein og eit par tilfelle av i 1837, noko som kan indikera at det var ein kraftig tyfus-epidemi ein hadde med å gjera dette året.

Tyfoidfeber er forårsaka av ein bakterie, som særleg sprer seg gjennom mat og drikke. Spebarn syntes å ha vore minst utsett for sjukdomen (fordi dei amma og såleis ikkje kom i kontakt med smittestoffet?), elles råka sjukdomen folk i alle aldrar. Frå medisinalrapportane får vi vita at distriktslækjaren har lagt stor vekt på det førebyggjande arbeidet: Opplysning om smittefare, reinsemd og betre hygiene i det heile. Han hevdar sjølv at dette arbeidet hadde vore fruktbart og at dei hygieniske tilhøva betra seg merkbart utover i perioden. Tufysepidemiane synes då og å ha fått mindre omfang etterkvart, distriktslækjaren nemner t.d. i 1872 at dette året hadde tyfoidfeber berre kravd eitt menneskeliv. Dette tyder på at opplysning og betre hygieniske tilhøve er faktorar som har hatt innverkand på mortalitetstilhøva. Frå 1831-40 og 1866-75 synes det å ha vore ein viss nedgang i mortaliteten for folk i 30-års alderen og oppover. Dette kan kanskje ha samanheng med at færre fall som offer for nettopp tyfoidfeber. Når dette ikkje synes å gjelda folk i 20-års alderen kan ein sjå dette som ein konsekvens av utbreiinga av tuberkulose. Denne aldersgruppa er særleg utsett for denne sjukdomen og frå 1856 då det første dødsfallet av tuberkulose er registrert i Lindås, finn ein stadig fleire som døyr av denne sjukdomen.

La oss så gå attende til epidemien i 1802-03, der det var særleg mange barn som døydde. Det er rimeleg å tru at dette er ein koppeepidemi, nettopp p.g.a. alderen på dei som døydde. Vaksne hadde oftast vorte smitta ved tidlegare epidemiar og var såleis immune mot sjukdomen. Dette var dessutan før koppe-

vaksineringa vart påboden. Og nettopp p.g.a. koppevaksineringa kan ein finna ut at det verkeleg var ein koppeepidemi i 1802-03. Allmenn vaksinering vart innført i 1810 og for å setja makt bak dette påbødet vart det kravd at ein måtte vera vaksinert eller hatt naturlege koppar for å få lov til å gå opp til konfirmasjon. Følgjeleg fekk ein eigen rubrikk i konfirmasjonslistene, der ein stadfeste om konfirmanten var vaksinert (når og av kven) eller hadde hatt naturlege koppar. Frå 1816 vert det ført egne konfirmasjonslister og då kan ein undersøkje dette. Ein finn då at vaksinasjon vart sett i gang i Lindås i 1810, men av dei som var fødd før andre halvår 1803, var det berre nokre få som vart vaksinert. Dei fleste hadde nemleg hatt naturlege koppar og for mange av dei står det eksplisitt at dei hadde hatt koppar i 1802-03. Dette forklarar altså den høge mortaliteten for barn og ungdom i perioden 1796-1805. Den har primært si årsak i koppeepidemien i 1802-03.

Det synes såleis om om koppevaksineringa har hatt svært stor betydning for nedgangen i barne- og ungdomsdøden og dermed for mortalitetsfallet i det heile. Men var koppevaksineringa effektiv.

Konfirmasjonslistene gjev og opp kva alder barn vert vaksinert i, og ein finn då at aldersspreinga var stor. Dei yngste som var vaksinert var ned mot eitt år gamle (den yngste eg har funne var $3/4$ år), medan mange vaksinerte seg året før dei var konfirmert eller jamvel same året. Eg har ikkje funne døme på at folk har fått konfirmera seg utan å vera vaksinert eller hatt naturlege koppar i perioden. Men i gruppa 0-14 år vil ein stadig ha ei stor gruppe som ikkje er effektivt verna mot ein koppeepidemi.

Og ein finn fleire koppeepidemiar etter 1802-03. I følgje konfirmasjonslistene har det vore koppeepidemiar i 1821-22,

1834 og 1845. Dette har slått ut i ein topp i talet på døde desse åra (fig. 3,II), noko som er særleg markert i 1845. Det syner seg og på barnedøden (fig. 3III). Dette er særleg markert i 1822 då ein finn eit svært høgt antal døde under eitt år, trass i lågt fødselstal. Denne epidemien synes i det heile å ha råka sterkt blant spebarn. I 1834 og 1845 finn ein og mange døde i alderen 1-14 år. Epidemien i 1845 er interessant fordi dødslistene gjev opp 30 personar som er døde av koppar dette året. 14 av desse er under 15 år, medan heile 14 er i alderen 20-44. I følgje konfirmasjonslistene skulle desse vera vaksinerte, noko som **kan** indikera at vaksinen ikkje var 100% effektiv. På den andre sida er det klart at dei koppeepidemiane ein hadde etter at vaksinen vart innført, ikkje fekk slike katastrofale følgjer som den i 1802-03. Dette tyder på at vaksinasjonen hadde ein viss verknad. Kva ei eventuell endring av sjukdomen sin karakter har å seia, er vanskeleg å avgjera. Etter 1845 fann eg ingen tilfelle av koppar i Lindås.

Forutan tyfoidfieber og koppar finn ein og andre epidemiske sjukdomar som har herja i området. I 1849, var det ein kraftig koleraepidemi som kravde heile 44 menneskeliv, og medisinalrapportane melder fleire gonger om dødsfall p.g.a. difteri. Desse sjukdomane synes likevel å ha vore meir sjeldne og ikkje hatt ein slik dominerande plass i mortalitetsbiletet som tyfoidfieber.

Elles var ikkje koppar den einaste epidemien som primært råka småbarn. Epidemiar av meslingar og skarlagensfeber kravde og mange offer blant småbarna gjennom heile perioden. Men som vi har sett, koppeepidemiane slo svært sterkt ut på barnedøden, og det at koppane vart borte, betydde ein sterk reduksjon av denne.

Epidemiar synes i det heile å ha vore ein svært viktig dødsårsak, og ekstremt høg mortalitet eit år kan stort sett for-

klarast utifrå ein eller annan epidemi. Vi har og sett at det ikkje synes å vera nokon korrelasjon mellom økonomiske kriser og epidemiar. Fig. 3,II syner at fram til 1850, er dei årlege fluktuasjonane i talet på døde svært store, men etter den tid blir utslaga mindre. Talet på døde heldt seg betryggjande langt under talet på fødde i den siste 25 års perioden. Dette kan tolkast som ein konsekvens av at epidemiar ikkje har fått slike katastrofale følgjer som tidlegare.

Koppene var borte etter 1845 og koppevaksinen synes alt før den tida å ha redusert skadeverknaden av denne epidemien kraftig. Det synes og som om ein på andre måtar har prøvd å kjempa mot spreinga av epidemiar. Betre hygiene og større opplysning om smittefare kan ha gjort at ein har greidd å avgrensa epidemiar av tyfoidfieber. I denne samanheng skal ein ikkje undervurdera ein faktor som kunnig lækjarhjelp. Frå 1850 vart Nordhordland lækjardistrikt delt og Lindås/Manger vart eige lækjardistrikt. I Lindås innførte ein som nemnt gratis lækjarhjelp frå 1855, noko som sikkert har verka til å betra helsetilhøva i bygda. Betre kosthald kan og ha spela ei viss rolle. Korleis auka potetproduksjon kan ha verka inn på mortalitetstilhøva, er vanskeleg å seia noko konkret om.

Heilt til slutt skal eg knyta eit par kommentarar til den kjønnsbestemte mortaliteten slik den syner seg i tabell 3.26. Når det gjeld den høgare mortaliteten blant gutar enn jenter i dei yngste aldersklassane, må dette skuldast fysiologiske skilnader. Jentebarn synes å ha større motstandskraft enn gutar. Dette gjeld særleg første leveåret. I dei eldste aldersklassane er det vel det same fenomen som til ein viss grad gjer seg gjeldande. Men for den vaksne befolkninga vil og arbeidssituasjonen spela ei vesentleg rolle for mortalitetstilhøva. Vi ser at i 20-års alderen er dødsavgangen

markert høgare blant menn enn kvinner. Dette kan forklarast med at menn i denne alderen var svært utsette for ulykker og då særleg drukning. I 30-års alderen gjer derimot den motsette tendensen seg gjeldande, iallefall fram til midten av perioden, mortaliteten er høgare for kvinner enn for menn. Dette må ein og kunna sjå i samanheng med arbeidssituasjonen. Dei fleste kvinner i 30-års alderen var gifte og det var nettopp i denne alderen at dei fødde flest barn. Det var også i denne alderen ein finn dei fleste som døde på barselseng. Elles hadde kvinnene svært mykje arbeid utanom hus og heim, og når så dette kom i tillegg til mange småbarn, har dette ført til ein ekstremt hard arbeidssituasjon for denne aldersgruppa. Dette kan ha verka inn på mortalitetstilhøva. Skal ein så ta nedgangen i mortaliteten for kvinner i 30-års alderen mot slutten av perioden som ein indikasjon på at kvinnene i denne aldersgruppa har fått det lettare? Ein skal som før nemnt vera varsam med å trekkja altfor vidtgående slutningar på basis av tabell 3.24.

Auken i den naturlege tilveksten utover i perioden skuldast primært ein nedgang i mortaliteten. I hovudsak var det her snakk om eit fall i barne- og ungdomsdøden. Dette førte i sin tur til eit stort antal unge i gifteferdig alder, som igjen resulterte i eit sterkt befolkningspress. Dette gjorde seg, som vi har sett, særleg gjeldande utover i 1840 og 1850-åra. Vi skal no sjå nærare på tilhøvet mellom den naturlege og reelle tilveksten, med andre ord, kva rolle flyttingar spela.

KAPITTEL IV.

Flyttingane.

I dette kapitlet skal vi ta for oss flyttingane i perioden. Viktig i denne samanheng er for det første å finna ut om det var fleire som flytta ut enn inn i prestegjeldet i dei ulike tidsrom innafor perioden. Vidare, skal vi sjå om det er mogeleg å seia noko om omfanget av flyttinga til ei kvar tid og om kven som flytta, i kva alder og for kva kjønn flytteintensiteten var størst. Dessutan, kvar kom innflyttarane frå og kvar reiste utflyttarane til? Elles skal vi prøva å vurdere betydninga av og bakgrunnen for det flyttemønsteret vi får.

Nettoflytting.

Det første spørsmålet vi stilte ovanfor, om det var fleire som flytta ut eller inn av prestegjeldet, er lett å få svar på. Her kan ein berre trekkja den naturlege tilveksten ifrå den reelle mellom dei ulike folketeljingar. Blir det talet ein kjem fram til negativt har ein hatt nettoutflytting medan eit positivt tal syner nettoinnflytting. I kap. II tab. 2.4 er den reelle og naturlege tilveksten rekna ut for dei ulike tidsrom mellom folketeljingane i perioden. Her såg ein at den naturlege tilveksten hadde vore større eller like stor som den reelle gjennom heile perioden med unntak av 10-års-bolken 1826-35. Særleg mot slutten av perioden var den naturlege tilveksten høg i høve til den reelle. Årsaken til auken i differansen mellom dei to ratene, låg primært i ein auka naturleg tilvekst, den reelle tilveksten var nokså stabil frå 1835 og ut perioden. I tab. 4.1 er flytteoverskotet rekna ut for dei ulike deler av perioden. Tabellen syner flytteoverskotet i absolutte tal og årleg pr. 100 av middelfolkemengda. Her ser ein korleis utflyttingsoverskotet stig sterkt mot slutten av perioden. Men tab. 4.1

Tabell 4.1. Flytteoverskot.

Periode	1801-15	1815-25	1826-35	1836-45	1846-55	1856-65	1866-75
Totalt	+ 25	+ 145	+ 241	+ 10	+ 210	+ 220	+ 519
Årleg pr. 100 av middelfolkm.	+ 0.4	+ 3.1	+ 48	+ 0.2	+ 3.4	+ 3.2	+ 70

Tabell 4.2. Utrekning av minimumsflytting 1826-75. Tot. og pr. 1000

	Reg. innfl.	Reg. utflytt.	Reg.netto flytting	Reell nto.flytt.	Minimumsfl.tot.		Minimumsfl. pr. 1000	
					Inn	Ut	Inn	Ut
1826-35	97	111	+ 14	+ 241	353	111	71	22
1836-45	131	178	+ 47	+ 10	188	178	33	32
1846-55	197	355	+158	+ 210	197	407	33	68
1856-65	203	348	+145	+ 220	203	423	30	62
1866-75	143	428	+285	+ 519	143	662	19	89

Tabell 4.2. Relativ størrelsesutvikling i nokre større fødselskull i Lindås 1796-1875, målt ved tiårs fødselsdagar til 50 år. Folketeljingane 1835-75.

	1796-1805	1806-15	1816-25	1826-35	1836-45	1846-55	1856-65	1866-75
Fødselsdag	0	1000	1000	1000	1000	1000	1000	1000
	10			824	798	849	762	785
	20		752	746	698	772	720	
	30		660	663	611	568	558	
	40	500	607	578	531	454		
	50	443	535	533	469			
Fødselsdag	0	1000	1000	1000	1000	1000	1000	1000
	10			859	814	860	867	848
	20		767	827	745	793	800	
	30		791	789	777	642	690	
	40	575	676	674	684	550		
	50	532	563	552	552			

fortel oss berre om differansen mellom utflytte og innflytte. Den seier ingenting om omfanget av flyttingane. For å finne ut noko om dette må ein søkje anna kjeldemateriale og her kan ein få ei viss hjelp av avgangs- og tilgangslistene i kyrkjebøkene.

Omfanget av flyttingane - minimumsflytting.

Det var i eit preskript av 1812 at prestane vart pålagt å føra eigne lister over inn og utflytte. Dette påbodet kom ikkje primært av statistiske grunnar, men for at prestane skulle ha betre kontroll med kyrkjelyden. Dersom ein flytta frå eit prestegjeld til eit anna skulle vedkomande ha med seg flytteattest frå presten i den gamle heimbygda. Det var utskrivning av flytteattest og kontroll av slike presten skulle føra i kyrkjebøkene. Det galdt å kontrollera at eit giftarmål var legalt, om folk var konfirmerte osb. Flytte-listene gjev opp namn, alder, fødestad, kvar folk flyttar frå og kvar dei flyttar til. I tilgangslistene får ein og vita kva føremål folk har med å flytta inn.

Dersom desse listene hadde vore samvitsfullt og grundig ført, kunne dei gjeve oss alle dei opplysningar ein trong om flyttingar, men det ser diverre ut som om prestane ikkje tok det så nøye med føringa av avgangs- og tilgangslistene. I Lindås vart flyttestatistikk ført frå 1819, men statistikken er svært mangelfull, noko som er særleg markert den første tida. Dette ser ein klart dersom ein jamfører den registrerte flyttinga med flytteoverskotet i dei ulike perioder (tab. 4.2). Tabell 4.2 syner at det er ei klår underregistrering av både utflytte og innflytte. Det er difor ingenting som tyder på at innflyttingsstatistikken er meir påliteleg enn utflyttingsstatistikken, eller omvendt. Sidan begge desse faktorane er usikre, kan vi ikkje rekna ut det reelle omfanget av flyttingane, men som vi ser i tab. 4.2, kan vi ved å korrigera den reg. nettoflyttinga med den

reelle, iallefall rekna ut minimumstala for flyttingane. Då flyttingar ikkje vart registrert før i 1819 er tab. 4.2 avgrensa til perioden 1826-75. Til høgre i tabellen er rekna ut minimumsflyttinga med absolutte og relative tal. I og med at ein her har med fem like lange tidsrom, fem 10-års perioder, kan ein rekna med flytte pr. 1000 i perioden.

Vi skal først sjå kva tabellen kan fortelja oss om kvaliteten av flyttematerialet og eventuelle endringar i dette. Ein ser da at i dei to første 10-års bolkane er det ikkje berre snakk om ei underregistrering av flytte generelt, men vi ser at denne underregistreringa i særleg grad galdt innflytte, flyttematerialet syner utflyttingsoverskot, medan ein har hatt ei nettoinnflytting. Her har eg ein mistanke om at det særleg var etablerte familiar med fleire barn som ikkje vart registrerte. Ein finn nemleg svært få barn registrert i flyttelistene og då særleg før 1835. Det synes som om presten har vore mest opptatt med å kontrollera ungdom, slike som kom for å ta seg teneste eller gifta seg. Kan dette ha samanheng med flyttelistene sin primære funksjon? Dette å kontrollere folk sitt forhold til kyrkja, at dei levde i pakt med kyrkja sine påbod og reglar? Etablerte familiar var kanskje mindre interessante i denne samanheng enn einlege. Det var liten grunn til å mistenkja dei for ikkje å vera konfirmerte eller gifte. Og dåpen var det neppe naudsynt å kontrollere så nøye då det synes å ha vore ei sterk norm å døypa barna svært tidleg, noko som kan ha samanheng med ovtru. Som vi skal sjå seinare i dette kapittelet er det og andre ting som indikerar ei underregistrering av innflytte familiar i tida før 1835. Ser ein så på resten av flyttematerialet i perioden 1846-75, synes dette å vera betre, det viser ei aukande nettoutflytting, ein tendens som samsvarar med den korrigererte flyttinga.

Skal vi så summera opp minimumsflyttinga i perioden 1826-75 utifrå tab. 4.2, kan vi konkludera med følgjande: Innflyt-

tinga har vore nokså sterk i perioden 1826-35, deretter har den heldt seg stabil fram til siste 10-års bolken då den har gått kraftig ned. Utflyttinga syner ein motsett tendens, og når ein ser bort frå ein midlertidig nedgang i tida 1856-65, så syner den auke gjennom heile perioden. Denne auken er særleg markert i siste 10-års bolken. Vi skal no prøva å finna ut kven desse flyttarane var, alder, kjønn og eventuelt sivil status.

Kullhistorisk analyse og minimumsflytting.

Korleis skal ein så gå fram for å finna svar på dei spørsmål vi reiste i førre avsnitt? Den store underregistreringa i flyttelistene gjer at dei ikkje utan vidare kan nyttast. Men ein kan koma eit skritt lenger, då det er mogeleg å rekna ut minimumsflyttinga separat for ulike 10-års fødselskull i perioden 1836-75. I tida 1836-75 har ein folketeljingar med 10-års mellomrom som og er delt inn i eller kan delast inn i 10-års aldersgrupper (Jfr. tab. 3.18). Det betyr at dei som ved folketeljinga i 1835 er mellom 0 og 9 år (fødselskullet 1826-35) i 1845 er mellom 10 og 19 år osv. Slik kan ein rekna seg attende til dei ulike 10-års fødselskull og følgja desse i perioden 1836-75. Utifrå kyrkjebøkene kan vi finna den naturlege avgangen ved død for kvart 10-års kull i perioden mellom folketeljingane. Då kan ein rekna ut nettoflyttinga for kvart 10-års kull, og korrigerar ein så denne med den registrerte flyttinga, kan ein rekna ut minimumsflyttinga. Elles bør ein ta eit visst atterhald ved denne framgangsmåten når det gjeld aldersfordelinga i dei numeriske folketeljingane. Dette er ein uviss faktor som vanskeleg let seg kontrollera, men som ein må godta for at dette reknestykket skal vera mogeleg. Før vi ser på minimumsflyttinga skal vi ta for oss tab. 4.3.

Tabell 4.3 syner utviklinga av åtte 10-års kull i perioden 1835-75. Ein får då dekkja aldersgruppene mellom 0 og 50 år

ved alle dei aktuelle folketeljingane. Dette er dei aldersgruppene der ein må rekna at flytteintensiteten er størst og av praktiske omsyn har eg avgrensa undersøkinga til desse åtte 10-års kulla. For at ein skal kunna jamføra utviklinga av dei ulike 10-års kull er det nytta indeks, og 1000 står for utgangsstorleiken, nemleg levande fødde i 10-året. Det er to faktorar som avgjer kor snøgt desimeringa av eit fødselskull går. Det er for det første dødsavgangen til ei kvar tid og dessutan flyttingane i kullet. Etter det vi har sett av mortalitetsutviklinga tidlegare, vil det vera rimeleg å sjå på den sterke desimeringa av 1796-1805 kullet i samband med den store barne- og spebarndød for dette 10-års kullet (Koppeepidemien 1802-03). Men ser ein på dei yngre 10-års kulla i tabellen, kan ein t.d. ikkje gje ei liknande forklaring på at 1826-35 kullet er så mykje mindre ved 50 år enn dei to føregåande 10-års kull. Vi ser at dette gjeld særleg menn og at desimeringa av 1826-35 kullet er sterk i 20 og 30-års alderen. Dette er ein tendens som vi og finn i dei yngre kulla. I og med at mortaliteten synte ein stadig fallande tendens, må bakgrunnen for denne utviklinga liggja i flyttemønsteret. Den relativt svake desimeringa av 1806-15 og 1816-25 kulla kan forklarast med ei viss nettoinnflytting eller iallefall balanse i flyttinga for desse kulla i perioden 1826-45. På same vis må ein sjå den raskare desimeringa av de yngre kulla i samband med den aukande netto utflyttinga. For å klarare sjå korleis flyttinga verka inn på kullutviklinga skal vi gå over til tab. 4.4. Denne tabellen syner minimumsflytting pr. 1000 i kullet for dei kulla som vart presentert i tab. 4.3. Framgangsmåten ved utrekninga er gjort greie for ovanfor.

Kva syner så tabell 4.4? Den syner at ein frå 1835 og utover fekk ein stadig aukande utflytting av unge. Utflyttinga var ^{sterkast} blant menn i aldersgruppa 20-29 medan utflyttingsintensiteten var større blant kvinner i alderen 30-49. Før siste 10-års perioden var det elles svært få barn som reiste ut. Dette

Tab. 4.4. Flytting pr. 1000 etter fødselskull og alder.

		Menn				Kvinner					
Ut		0-9	10-19	20-29	30-39	40-49	0-9	10-19	20-29	30-39	40-49
Fødselskull	1796-1805				28						10
	1806-15				74	30				115	103
	1816-25			104	138	58			40	102	112
	1826-35		13	207	124	59		11	140	148	126
	1836-45	1	93	164	165		4	54	165	216	
	1846-55	6	26	273			7	40	173		
	1856-65	4	80				30	47			
	1866-75	47					19				
Fødselskull	<u>Inn</u>										
	1796-1805					24					45
	1806-15				55	21				44	30
	1816-25			61	95	49			105	82	14
	1826-35		51	86	138	41		16	133	88	11
	1836-45	44	16	40	52		56	8	92	54	
	1846-55	31	6	37			34	9	77		
1856-65	8	-				5	3				
	1866-75	19					3				
Fødselskull	<u>Nettoflytting.</u>										
	1796-1805					+4					+35
	1806-15				+19	+9				+71	+73
	1816-25			+43	+43	+9			+65	+58	+98
	1826-35		+38	+124	+14	+18		+4	+7	+60	+115
	1836-45	+43	+77	+124	+113		+52	+46	+73	+162	
	1846-55	+25	+20	+246			+27	+31	+96		
1856-65	+4	+80				+25	+44				
	1866-75	+28					+16				

indikerar at det ikkje var folk med familie som stort sett flytta frå prestegjeldet. Dette høva godt med det vi kom fram til i kap. III. Her fann vi at nedgangen i barnedøden, hadde ført til at eit stadig større antal barn nådde vaksen alder. Ved folketeljinga i 1855 og særleg i 1865 såg vi at andelen ugifte i alderen 20-49 år var svært stor. Dette tolka vi som uttrykk for eit sterkt befolkningspress. Det vart vanskelegare for den stadig aukande andel unge å etablere seg og finna eit levebrød innafor prestegjeldet. Det synes difor primært å vera unge ugifte (også nygifte) som reiser ut. I kap. III såg vi og at nettopp andelen ugifte i alderen 20-49 år gjekk sterkt ned frå 1865 til 1875. At det primært var ugifte som reiste ut, går klart fram når ein ser på den alders-spesifikke utflyttinga for kvinner. På grunn av eit stort kvinneoverskot i aldersgruppene 30-49 år hadde ein ein stor andel ugifte kvinner nettopp i desse aldersgruppene mot slutten av perioden. Som nemnt ovanfor var utflyttinga særleg sterk blant kvinnar mellom 30 og 49 år frå 1846 og utover. Når det gjeld den familieutflyttinga som ein synes å ha hatt i siste 10-års bolken skal eg koma attende til den i neste avsnitt.

Ser ein så på innflyttinga til Lindås, skulle det som er sagt ovanfor om familieflytting tyda på at ein har hatt ei viss innflytting av familiar med småbarn i 1830 og 1840-åra. Vi har tidlegare vore inne på at ein synes å ha hatt ei slik innflytting tidlegare alt frå 1826 og utover. Då eg undersøkte utviklinga for dei ulike 10-års kull fann eg at det var innflyttingsoverskot for barn under 10 år ved folketeljinga i 1835, noko som understrekar dette. Mot slutten av perioden synes det å vera færre familiar som flyttar inn. Særleg markert var dette i perioden 1856-65. Dette høver godt med det som er sagt om sterkt befolkningspress i denne perioden.

Geografisk fordeling av flyttingane.

Kvar kom så innflyttarane frå, og kvar reiste utflyttarane? Tabell 4.5 syner den geografiske fordelinga av den registrerte flyttinga i % i ulike tidsrom innafor perioden. Det skulle ikkje vera nokon grunn til å tru at den registrerte flyttinga ikkje var eit nokså representativt utval for den totale flyttinga med omsyn til geografisk fordeling.

Ser ein så på den samla flyttinga i tida 1819-75, slår det ein at grannebygdene er svært viktige. Totalt sett kom over 80% av innflyttarane frå bygder som direkte grensa til Lindås og ca. 50% av dei som reiste ut, slo seg ned i grannebygdene. Andelen ut og innflytte frå grannebygdene er størst først i perioden, medan tendensen går ut på å søkja seg stadig fjernare reisemål. Likeeins synes det å vera ein tendens at innflyttinga i større grad kjem frå bygder som ligg lenger vekk frå Lindås utover i perioden. Dette kan ein seia er hovudetrenden i utviklinga av flyttemønsteret med omsyn til geografisk fordeling.

Vi skal først ta for oss innflyttinga og sjå nærare på denne. Kven var det som flytta inn i prestegjeldet og kva var årsaken til denne innflyttinga? Som nemnt gjev tilgangslistene opplysningar om føremålet med flyttinga. Dei vanlege årsakene er då "for at tjene", "for at bosette seg", "for at giftes" og "for at overtage gaard" (eller plass). Det synes å ha vore ei livleg utveksling av tenestefolk mellom Lindås og grannebygdene og det var og vanleg at ein fann seg ektemake i grannebygdene. Elles er det og snakk om ei viss tilbakeflytting. Stort sett synes det å ha vore balanse i ut og innflytting mellom Lindås og grannebygdene. Det var dei same aldersgrupper som flytta, den same kjønnsfordelinga på ut og innflytte og omtrent det same antalet utflytte som innflytte. Denne flyttinga verka såleis i liten grad inn på befolkningsstrukturen og befolkningsutviklinga. Men det

synes å ha vore eit unntak. Det var flytting av etablerte familiar med barn. Særleg i tida før 1850 synes det å ha vore ei viss innflytting av etablerte familiar frå grannebygdene, utan at ein kan registrera tilsvarande utflytting. (Jfr. det som er sagt om dette i førre avsnitt). Desse familiane som flytta inn kom for å overta gard eller plass. Dette indikerar at det iallefall før 1850 kan ha vore lettare å skaffa seg jord i Lindås enn i grannebygdene.

Elles registrerte vi ein tendens til at innflyttarane utover i perioden i stadig større grad vart rekruttert frå stader som låg fjernare frå Lindås enn tidlegare. Dette må ein sjå i samanheng med at betre kommunikasjonar og større mobilitet skapte ei større kontaktflate. Her har nok vårsildfisket betydd mykje. Det førte med seg auka kontakt med kystdistrikta i Sunn- og Midthordland og i Sogn og Sunnfjord.

Det innflyttingsoverskot som vi hadde i 1820-30-åra, synes å ha samanheng med ei viss nettoinnflytting frå grannebygder. Ein del etablerte familiar slo seg ned i Lindås i denne tida, og desse kjem omtrent alle frå bygder som grensar opp til Lindås.

Frå 1845 og utover hadde ein utflyttingsoverskot. Vi har vore inne på at dette neppe skuldast utflytting til grannebygder, og det synes å vera særleg to mål for utflytting ein må konsentrera seg om når ein skal forklara den aukande nettoutflyttinga i slutten av perioden, nemleg Bergen og Amerika.

I kap. I såg vi at folketalet i Bergen tok til å auka sterkt frå 1850 og utover. Dette fann vi hadde samanheng med framgang for handel og etterkvart også ei spirande industrialisering. Dette galdt ikkje berre Bergen, men og det næraste omlandet til byen. Tab. 4.5 syner at i perioden 1846-55 var utflyttinga sterkare til bygdene rundt Bergen (Midthordland) enn sjølve byen. Seinare vart Bergen eit stadig

Tab. 4.5. Prosentvis fordeling av registrert flytting i perioden 1819-75.

I N N	GRANNEBYGDER*	Elles i Bergen Stift.				Nord-Noreg	Andre steder i Noreg	AMERIKA	SUM
		Sogn/Sunnfjord	Midt-hordal.	Sunnh./Voss	Bergen				
1819-35	88,2	2,7	6,4	-	1,1		1,6		100
1836-45	87,5	1,7	10,0	-	0,8		-		100
1846-55	78,9	4,9	7,4	6,4	0,5		2,0		100
1856-65	81,2	5,6	7,1	4,1	1,5		6,5		100
1866-75	71,8	9,7	6,2	5,5	3,5		-		100
1819-75	81,9	5,0	7,3	3,4	1,4		1,0		100
U T									
1819-35	78,9		4,8		16,3				100
1836-45	58,4	5,2	10,4	5,2	11,7	3,9	1,3	3,9	100
1846-55	54,1	4,2	17,6	4,8	14,3	2,7	2,4	-	100
1856-65	49,6	4,3	13,8	2,6	19,1	4,8	2,6	3,4	100
1866-75	32,2	6,6	5,5	1,8	24,4	4,7	1,8	23,9	100
1819-75	51,2	4,3	10,7	2,8	18,1	3,5	1,8	7,6	100

* Strilelandet: Hosanger, Manger, Hamre.
Sogn: Eivindvik, Lavik.

viktigare reisemål. I flyttelistene vil ein finna at det særleg var unge ugifte folk som drog til Bergen og berre unntaksvis familiar med barn. Mot slutten av perioden finn ein og at ein del nygifte par reiser til byen. Utflyttinga til Bergen må ein først og fremst sjå i samanheng med det sterke befolkningspresset ein fekk utover 1850 og 1860-åra. Det synes helst å vera dei mange unge som ikkje greidde å etablere seg innafor prestegjeldet som drog ut for å finna seg eit levebrød. Det same motivet har nok spela ei viss rolle når det galdt utvandringa til Amerika, men her har det nok og vore andre årsaker som har verka inn. Eit typisk trekk med utvandringa til Amerika er nemleg at det er mange etablerte familiar som reiser ut. Det var her snakk om bønder som ikkje akkurat hørde til dei fattigaste, som selde gard og grunn og drog til Amerika med heile familien. Her har nok vona om eit betre liv i større velstand vore eit dominerande motiv for utvandringa. Livet i Amerika vart sett på som eit forlokkande alternativ til slitet heime. Det kosta å dra til Amerika, iallefall dersom ein hadde stor familie, og dette kan vera med å forklara kvifor det stort sett var sjøleigande bønder som drog med heile huslyden. Ein må dessutan hugsa på at utvandringa til Amerika frå Lindås hadde vore minimal for tiåret 1866-75, slik at Lindås-ingane hadde ingen sambygdingar og skyldfolk som kunne hjelpe dei til rette når dei kom over. Før 1863 var det faktisk berre ein familie som hadde reist til Amerika frå bygda. Det var ein plassmann frå Stordalen inst i Sandnes sokn som drog til Amerika med heile huslyden i 1844. Plassen Stordal låg tett opp til grensa til Sogn og det er mykje som tyder på at denne plassmannen var sogning. Utvandringa til Amerika frå Indre og Midtre Sogn var tildels betydeleg i 1840-åra og det kan difor vera kontakten med heimstaden som gjorde at denne plassmannen reiste til Amerika på eit så tidleg tidspunkt.

Elles kan vi merka oss ved utflyttinga at det også går ein mindre flyttestraum til Nord-Noreg. Dei som drar dit kan

stort sett identifiserast som yngre fiskarar frå dei ytre distrikta i prestegjeldet.

Oppsummering:

Utviklinga før 1825 er det ut frå materialet vanskeleg å seia noko om. Her synes ein å ha hatt eit tildels moderat utflyttingsoverskot. I perioden 1826-45 gjer den motsette tendensen seg gjeldande og ein får eit innflyttingsoverskot. Dette synes primært å ha si årsak i ei viss innflytting av etablerte familiar med barn som har greidd å skaffa seg ein gard eller plass i Lindås. Dette kan tyda på at det var lettare å skaffa seg jord i Lindås enn i nabobygdene. Perioden 1816-75 var prega av nettoutflytting. Dette var særleg markert i 1846-55 og 1866-75, to tiår då ein hadde svært store ungdomskull. Dette skapte eit befolkningspress som gjorde at mange måtte søkja ut for å finna seg eit levebrød. På den andre sida vart denne utflyttinga muliggjort ved aukande sjansar til å finna seg arbeid utanfor prestegjeldet. Byvoksteren er her viktig, likeeins vart Amerika eit reisemål for mange. Det at mange etablerte familiar reiste til Amerika syner at dette også var eit svært attraktivt reisemål. Så synes ikkje å ha vore tilfelle med Bergen. Det er ingen som sel ein gard eller går frå ein brukbar plass for å reisa dit, noko som forsåvidt er forståeleg. Den levemåten ein kunne sikra seg som arbeidar i Bergen, var neppe noko betre enn den ein kunne få som husmann i Lindås. Det ein fattig stril hadde å sjå fram til når han flytta til Bergen, var vel først og fremst hardt slit, dårleg lønn og usikker alderdom. Lindås låg ikkje langt frå Bergen, så pendling kunne vera eit brukbart alternativ. I kap. I såg vi då og at det var mange i Lindås som arbeidde i Bergen, særleg galdt dette bygningsmenn.

Ein kan i det heile merka seg at utflyttinga frå Lindås ikkje var så sterk i slutten av perioden. Det er ikkje

snakk om nokon stagnasjon eller tilbakegang i folketalet, den reelle veksten heldt seg nokså stabil frå 1835 og ut perioden. Vi har sett at garddelinga heldt fram etter 1850 og at talet på husmannsplassar auka sterkt i slutten av perioden (Kap. I). Det var stadig mange unge som gifta seg og slo seg ned i bygda, giftarmålsrata for giftarmål mellom jenter og gutar synte ein markert oppgang mot slutten av perioden. Likevel var auken i talet på unge i gifteferdig alder så sterk at ikkje alle makta å finna seg eit levebrød innafor prestegjeldet og difor reiste ut. På mange måtar kan ein seia at utflyttinga tok over den funksjon som spebarndøden hadde hatt tidlegare: Den hindra at ein fekk for mange unge i gifteferdig alder.

Den jamne stabile veksten vi hadde i Lindås og som var typisk for strilelandet i perioden (Jfr. kap. I), hadde primært si årsak i at utflyttinga var svært moderat i dette området. Denne utviklinga stod i skarp kontrast til bef. utviklinga i mange andre Vestlandsbygder som var prega av stagnasjon og direkte tilbakegang i folketalet mot slutten av perioden.

KONKLUSJON:

Perioden 1801-75 var i Lindås prega av ein sterk befolkningsvekst i høve til tida før. Den årlege veksten var på 0,9% medan den i tida 1660-1801 berre var på 0,2%. Veksten heldt seg på 0,8% i tida 1875-90, men etter den tid fekk ein nærast stagnasjon i folketalet (Vekstrata 1890-1910 var på 0,2%).

Sterk befolkningsvekst var eit allment fenomen på 1800-talet og veksten i Lindås var nøyaktig den same som landsgjennomsnittet i perioden 1801-75. Dette betyr ikkje at ein hadde ei einsarta befolkningsutvikling over heile landet. Dei lokale variasjonane var store og ein hadde eit markert skilje i utviklinga mellom by og land. I grove trekk kan ein seia at landsbygda hadde sterk vekst før 1850, medan byvoksteren først tok seg opp etter 1850. Veksten i byane må ein sjå i samanheng med utflytting frå landsbygda, ei utflytting som i mange landdistrikt resulterte i stagnasjon og tilbakegang i folketalet.

Ein slik vekstfase og utflyttingsfase hadde ein i Lindås og, men utflyttinga kom seint og først i perioden 1866-75 vart utflytting ein faktor som hadde nokon vesentleg innverknad på befolkningsutviklinga. Omfanget av flyttinga var heller ikkje i denne perioden særleg stort.

Næringsgrunnlaget endra seg lite i Lindås. Jordbruk og fiske var i 1875 som i 1801 dei viktigaste næringane. Rettnok fekk ein i slutten av perioden ein ekspansjon i fisket og den sterke veksten i Bergen synes og å ha verka stimulerande inn på sysselsetjinga i bygda. Dette er faktorar som kan vera med å forklara kvifor utflyttinga ikkje fekk større omfang.

Korleis slo så den sterke befolkningsauken ut på dei ulike demografiske faktorar?

Veksten synes ikkje å ha skapt krise og vanskelege tider. Dette slår i allefall ikkje ut i høgare mortalitet. Tvertom går mortaliteten stadig ned, noko som er særleg markert etter 1850. Nedgang i mortaliteten var den faktiske bakgrunn for den sterke befolkningsauken i perioden. Det var særleg spebarn- og barnedøden som gjekk ned, og dette førte til at stadig fleire nådde opp i vaksen alder.

Nataliteten syntte små endringar i perioden og den underliggjande faktoren, fertiliteten, var heilt stabil. Dette var heilt i tråd med den generelle utviklinga i Noreg, då fertilitetsnivået endra seg lite før i 1890-åra.

Den demografiske faktoren som reagerte på den sterke befolkningsveksten, var nuptialiteten. Giftarmålsrata heldt seg stabil, men den stadig aukande skaren av unge i gifteferdig alder førte til eit befolkningspress som slo ut ved at ein fram til 1865 fekk ein aukande andel ugifte og ikkje tidlegare gifte i dei aldersgrupper giftarmål var aktuelt. Sjølv om ein i denne perioden fekk sterk relativ nedgang i andelen 2. gongsgifte og ein tilsvarande relativ auke i giftarmål mellom gutar og jenter, slo ikkje dette ut i høgare fødselsrater, då ein paralelt med denne utviklinga hadde ein markert oppgang i giftealderen for både gutar og jenter. Oppgang i giftealder må ein sjå som det andre utslaget befolkningspresset gav på nuptialiteten. Bakgrunnen for nedgangen i andelen 2. gongsgifte er ikkje så eintydig, men befolkningspresset har og vore ei medverkande årsak til denne utviklinga.

Men den gradvis aukande utflyttinga i den siste 10-års bolken har tilsynelatande fått trykket til å letna. Andelen ugifte og ikkje tidlegare gifte kom mest ned att på same nivå som i 1801, og giftealderen fall både for gutar og jenter.

Perioden synes såleis å kunna delast i to fasar: Ein periode fram til 1865 med stadig aukande befolkningspress, der nuptialiteten var den faktor som svara med ein bremsande innverknad på veksten. I siste 10-års bolken letna så trykket ved ei relativt sterk utflytting. Utflyttinga tok no over den regulerande funksjon som nuptialiteten hadde hatt tidlegare, og med heilt annleis vesentlege følgjer for folkeauken. Først kring hundreårskiftet byrja det fall i fertiliteten som skulle overta rollen etter utflyttinga igjen.

NOTAR.

Kap.I:

- 1) Tala for perioden før 1801 er henta frå E.Thomassen:Bef.utv. i Lindås 1660årene-1801. Folketeljningane 1801,1815, 1825, 1835, 1845, 1855, 1865 og 1875 har eg talt opp sjølv etter grunnlagsmaterialet.For teljingsresultata 1890,1900 og 1910 sjå note 2.
- 2) Tala som er nytta i denne tabellen er teke frå A. Helland: Norges land og folk. b.XII,1 s.700-708. Her finn ein eit greitt oversyn over folketeljingsresultata fram til 1910 for dei ulike geografiske einingar innanfor SBA. Helland gjev oppgåver heilt ned på soknenivå, noko som gjer det lettare å justera for grenseendringar , då det var sjeldan at eit sokn vart delt mellom to prestegjeld.A. Helland byggjer på NOS. Eg har teke omsyn til alle grenseendringar i perioden. Det som her er sagt om tab.1.2 gjeld og for tab. 1.3 og tab. 1.4. Taloppgåvene for NBA er teke frå A. Helland:Norges land..b .XIII,1.
- 3) Dei opplysningane som er gjevne ovanfor om den økonomiske tilhøva i Norhordaland er henta frå A.Helland:Norges land..b.XII s. 637/638.
- 4) Tala i denne tabellen har eg dels talt opp sjølv (til og med 1875), og dels teke frå A.Helland. Jfr. note 1 og 2.
- 5) J.Myking:Varebyte , jordbruksproduksjon og folketal 1660-1900. Utkast 1976. s.55.
- 6) Same stad s.29/30.
- 7) Ra. Rapport til regjeringskommisjonen av 1809.
- 8) Ra. Indredept. Pakkesak 1847, pk.13.
- 9) J.Myking: Varebyte- jordbruksproduksjon og folketal ...s.3.
- 10) I realiteten var nok skilnaden mindre. Tala for 1809 er berekna utifrå eit forventa forbruk, medan forbruket i 1866-70 er basert på oppgåver over den reelle import og produksjon.
- 11) Lenmannsberetninga 1851-55.
- 12) J.Myking: Varebyte- folketal og jordbruksproduksjon...Vedlegg 10.
- 13) K. Sjurseth: Hordaland fylke 1837-1937. s. 186.
- 14) Med. innberet. Ytre Norh. Legedistr. 1855-60.SBA.
- 15) K.Sjurseth: Kommunalsoga for Lindås 1837-1937 s. 21/22.
- 16) Utt. til amtet vedr. vaarsildfisket 27-6-43 fra formannskapet i Lindås.
- 17) K.Sjurseth: Fiskerisoge for Hordaland s.171.

- 18) Th. Thistel Rafto: Bergen og omland 1846-70-et omskifte. s.88.
- 19) Denne tabellen baserer seg på oppgåvene i folketeljningane 1801 og 1875. Skifte etter leigendingar som vi har undersøkt på Lindåsprosjektet, tyder på at det var svært sjeldan at leigendingar eigde jord i tillegg til det dei leigde.
- 20) Tab. 1.7 og 1.8 er basert på oppgåver i folketeljningane 1801 og 1875.
- 21) Denne tabellen er utarbeidd av J.Myking.

Kap. II:

- 1) Th. Frøhlich: Fjon eller Masfjorden. s.120.
- 2) Eilert Sundt: Om dødeligheten i Norge. s.22.
- 3) E. Thomassen: Bef. utv. i Lindås 1660 årene-1801. s.64-65.

Kap. III:

- 1) Som vi seinare skal sjå var berre mellom 2 og 3% av alle fødde, fødd utanfor ekteskap.
- 2) E.Sundt: Om giftermål i Norge. Kap.4.
- 3) E.Sundt: Om giftermål i Norge. Kap.8.
- 4) Jfr. M. Drake: Population and Society. s. 70, note 3.
- 5) Skrift frå 1723 av ukjend forfattar. Sitert etter Th. Frølich: Fjon eller Masfjorden. s.53.
- 6) Det eg her har sagt byggjer på inntrykk eg har fått under arbeidet med familierekonstitusjonen.
- 7) M. Drake: Population and Society in Norway. s. 136.
- 8) På basis av det materialet eg har nytta , finn eg det altfor spekulativt å seia noko sikkert om kva faktorar som har vore bakgrunn for nedgangen i talet på kårmenne med jord. Men eg skal kort peika på eit par moment som kan ha verka inn på denne utviklinga.
 - a) Befolkningsveksten førte til ein sterkare utnytting av jordbruksressursane og dermed ein større etterspurnad etter jord. Dette kan ha gjort at ein såg det som lite tenleg å overlata jord til gamle og lite produktive menneske.
 - b) Systemet synes ikkje å ha vore til fordel for dei gamle. Dei måtte greia seg på eiga hand og lita på eiga arbeidsevne. Mange greidde ikkje å forsørgja seg sjølve og i 1801-teljinga t.d., fann eg mange døme på at kårmenne med jord var oppført som

"betler" eller "betler for een Deel".Nedgangen i talet på kårmenn med jord kan såleis sjåast på som eit uttrykk for betring i levekåra til dei gamle og jamvel som ei almenn betring i levekåra. Dei gamle trong ikkje lenge r greia seg sjølve, familien hadde råd til å fø dei. Det kan og vera at dei gamle sjølv har tvinga i gjennom endringar-at den aukande etterspurnaden etter jord, har styrka deira forhandlingsposisjon når dei skulle gje frå seg bruket.

9) Th. Frøhlich: Fjon eller Masfjorden. s.194.

10) K.Sjurseth: Kommunalsoga for Lindås s.37.

11) Th. Frøhlich: Fjon eller Masfjorden. s.173.

12) Th. Frøhlich: Fjon eller Masfjorden.s.186.

13) E. Sundt: Om Sædelighetstilstanden i Norge, b.III, s246.

14) Desse opplysningane er henta frå K.Sjurseth:Kommunalsoga for Lindås.

15) Kjønnsfordelinga manglar for 1825-teljinga. Jfr. kap.II,s.34.

16) Med. rapp. Ytre Norh. Leged. 1855-60.

17) M.Drake: Population and Society in Norway s.94.

KJELDER OG LITTERATUR.

Utrykte:

Riksarkivet: Folketeljinga 1835, 1855, og 1865.

Indredept. Pakkesak 1847, pk. 13.

Med. Rapp. Ytre Norh. 1850-75.

Statsarkivet: Folketeljingane 1845 og 1875.

Kyrkjebøker for Lindås 1801-75.

SBA, Amtmannsberetningar.

" , Lenmannsberetningar, frå lensmannen i Lindås.

Hist. Institutt: Folketeljinga 1801.

Trykte:

Drake, M. 1968 : Population and Society in Norway
1735-1865.

Dyrvik, S. 1975 : Norges befolkning.

Frøhlich, Th. 1922: Fjon eller Masfjorden.

Helland, A. 1921 : Norges land og folk. SBA.b.XII, 1, 2.

Herstad, J. 1976 : Folkemengdens bevegelse i Bergens
Stift 1735-1820.

Holmsen, A. 1966 : Gard-bygd- rike.

Kraft, J. 1830 : Det vestenfjeldske Norge.

Myking, J. 1976 : Varebyte-jordbruksproduksjon og folke-
tal i Lindås 1660-1910. Utkast.

Nordland, L. 1973 : Bygdebok for Masfjorden.

Rafto, Th. 1950 : Bergen og omland- et omskifte.

Skappel, S. 1922 : Om husmannsvesenet i Norge.

Sjurseth, K. 1961 : Fiskerisoga for Hordaland.

-----"----- 1937 : Hordaland fylke 1837-1937.

-----"----- 1943 : Lindås herad. Kommunalsoga 1837-1937.

Solheim, A. 1973 : Bygdebok for Austrheim.

Sundt, E. 1855 : Om giftermål i Norge.

----"----- 1855 : Om dødeligheten i Norge.

----"----- 1857-66 : Om Sadelighetstilstanden i Norge .1-3.

Thomassen, E. 1974 : Bef. utv. i Lindås 1660-årene-1801.

TABELLAR.

Kap. I:

1.1	Bef. auke i Lindås 1660-1910. Absolutte tal og årleg auke	2
1.2	Bef. utv. på 1800-talet. Lindås jamført med Bergen og dei to Bergenhusamta	7
1.3	Bef. utv. på 1800-talet. Indre og ytre bygder .	10
1.4	Bef. utv. i eit utval av Nordhordlandsbygder jamført med Lindås 1801-1900	10
1.5	Bef. utv. i Lindås 1801-1900. Dei ulike sokn. Abs. tal og indeks	15
1.6	Husdyrtal-utsæd-nettoavling pr. innbyggjar 1701/23-1910	17
1.7	Auke i brukstal og husmannsplassar 1801-75	25
1.8	Eigedomstilhøve og brukstal 1801 og 1875	25
1.9	Husmenn med jord. Totalt og i % av bruk	25

Kap. II:

2.1	Folketal i Lindås 1801-75	30
2.2.	Fødde og døde i 5-års grupper 1801-75	30
2.3	Fødde og døde pr. 1000 årleg 1801-75	30
2.4	Reell og naturleg tilvekst 1801-75	30

Kap. III:

3.1	Fødde-døde-gifte, årleg. Abs. tal 1901-75	45
3.2	Natalitet og nuptialitetsutvikling 1801-75. Alm. rater	49
3.3.	Fødde og gifte i 5-års periodar 1801-75. Abs. tal og indeks	49
3.4	Årleg fødde pr. 1000 kvinne i alderen 20-49	54
3.4b	Årleg fødde pr. 1000 gifte kvinne i alderen 20-49	54
3.5a	Aldersspesifikk fertilitet årleg pr. 1000 gifte kv.	54
3.5b	Grunnlagsdata for tabell 3.5a	54
3.6	Gifte og fødde i periodar. Abs. tal og årleg pr. 1000	59
3.7	Aldersfordeling i % ved giftarmål. Jenter	59
3.8	Fordeling av dei ulike kategoriar gifte m/giftea.	61
3.9	Aldersskilnad v/giftarmål gutar/enkjer og jenter/enkjemenn	67

3.10	Aldersskilnad v/gifte gut/enkje og enkjemann/jente	70
3.11	Aldersskilnad v/gifte gutar/jenter. %	74
3.12	Giftealder 2. gongsgifte	74
3.13	Enkjefolk i % av gifte i dei ulike aldersgrupper .	74
3.14	Fødde utanfor ekteskapet i % av fødde	80
3.15	1. fødsel i høve til giftarmålsdato. Gifte gutar/ jenter	80
3.16	Prosentvis fordeling av giftarmål m/jenter/gutar gjennom kalenderåret	81
3.17	Giftarmålsdato og førstefødsel. Gifte, gutar/ jenter som framleis var tenarar ved 1. fødsel ...	81
3.18	Befolkningsstruktur. Abs. og rel. tal	86
3.19	Andel ugifte og ikkje tidlegare gifte. 20-49 år	90
3.20	Kvinner pr. 100 mann	90
3.21	Ugifte og ikkje tidlegare gifte over 50 år i % ..	90
3.22	Døde pr. 1000 menn/kvinner	96
3.23	Prosentvis fordeling av barn, vaksne og gamle ...	96
3.24	Aldersspesifikk mortalitet	96
3.25	Døde under eitt år pr. 1000 fødde	98
3.26	Døde under eitt år pr. 1000 fødde	98
3.27	Døde pr. 1000 1-9 år	98

Kap. IV:

4.1	Flytteoverskot	111
4.2	Utrekning av minimumsflytting 1826-75. Totalt og pr. 1000	111
4.3	Kullutviklinga for 8 sentrale 10-årskull 1835-75 .	112
4.4	Flytting pr. 1000 i kullet. 1836-75	117
4.5	Prosentvis fordeling av flytting i perioden 1819-75	121

FIGURAR.

Kap. I:

1.1	Bef. utv. i Lindås 1660-1910	3
1.2	Bef. utv. 1801-1910. Lindås og Vestlandet .	6
1.3	Bef. utv. 1801-1900. Lindås og eit utval Vestlandsbygder. Indeks	8
1.4	Bef. utv. 1801-1900. Lindås og eit utval Nordhordlandsbygder. Indeks	9

Kap. II:

2.1	Bef. utv. i Lindås 1801-75. Abs. tal	29
2.2	Fødde og døde i femår 1801-75	31
2.3	1801-teljinga i 5-års grupper	40

Kap. III:

3.1	1801-1845-1875-teljingane	87
3.2	Fødde, døde og gifte årleg 1801-75	101
3.3	Døde totalt og spebarndød	102